



***Universitetet i Bergen***  
*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium*

NOLISP350  
Mastergradsoppgåve i nordisk  
Vår 2018

**"Den endeløse strømmen"**

*Ein kritisk analyse av metaforar i ein politisk diskurs om innvandring*

Anne Bredahl



## **Forord**

Først og fremst, tusen takk til Torodd Kinn for fantastisk rettleiing på oppgåva. Du har vore ei uvurderleg støtte gjennom heile prosessen! Takk for alle forventningane du har hatt til meg, for tilliten du har vist meg, og for solide tilbakemeldingar (på både språk og innhald).

Takk til alle medlemane i ”Toppforsk”-prosjektet SCANPUB – ”The Immigration Issue in Scandinavian Public Spheres 1970–2015”. Tenk at eg har fått vore ein del av eit så viktig forskingsprosjekt, saman med så dyktige menneske! Takk for gode tilbakemeldingar, og for at de inspirerer meg kvar dag.

Takk til Helga Mannsåker for tips, tilbakemeldingar og gode innspel. Det er ikkje utan grunn du blir kalla ”metaforekspert”!

Takk til Maren Østrem Nesse, for at kontoret ditt alltid er ope når eg har stått fast, og for korrekturlesing på oppgåva. Du er utruleg god å ha!

Takk til Aslaug Kongshavn, for at du tok deg tid til å lese korrektur på oppgåva, og for inspirasjon til å utfordre meg sjølv til å skrive oppgåva på nynorsk.

Takk til alle medstudentar på lesesal 402 og på lektorutdanninga, for alle kake- og tacofredagar, quizar og (u)faglege samtalar. Livet (både på og utanfor lesesalen) hadde vore keisamt utan dykk. Katrine, Christina, Rebecca og Eirin fortener òg ein takk, for å ha tatt med ein del av Haugalandet til Bergen, og sistnemnde for hjelp med engelsk samandrag.

Takk til familien min – mamma, pappa, Lene og Elise, for at de har så stor tru på meg, og for at eg alltid har fått lov til å kome heim når eg har trunge å kople av litt.

Til sist, takk til Thomas, for alt du er og alt du gjer. Eg er heldig som har deg!

Alle feil og manglar i oppgåva er eg sjølv ansvarleg for.

Anne Bredahl

Bergen, 15. mai 2018

## **Figurar og tabellar**

### **Figurar**

*Figur 1: Omgrepsmetaforar*

*Figur 2: Omgrepsmetonymiar*

### **Tabellar**

*Tabell 1: Tilordningar for INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE*

*Tabell 2: Ontologiske metaforar*

*Tabell 3: Tal på metaforiske og metonymiske uttrykk i analysesematerialet*

*Tabell 4: Tilordningar for INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR*

*Tabell 5: Tilordningar for INNVANDRING SOM SJANSESPEL*

*Tabell 6: Tilordningar for INNVANDRING SOM TRUSSEL*

*Tabell 7: Tilordningar for INNVANDRARAR SOM OBJEKT*

*Tabell 8: Tilordningar for INNVANDRARAR SOM GODS*

*Tabell 9: Tilordningar for SAMFUNNSFUNKSJONAR SOM BYGNINGAR*

*Tabell 10: Tilordningar for POLITIKK SOM KONKURRANSE*

*Tabell 11: Tilordningar for POLITIKK SOM KRIG/KONFLIKT*

*Tabell 12: Tilordningar for POLITIKK SOM DIKTATUR*

*Tabell 13: Tilordningar for KJENSLER SOM KREFTER*

*Tabell 14: Tilordningar for FORANDRING SOM RØRSLE*

*Tabell 15: Tilordningar for NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR*

*Tabell 16: Tilordningar for NOREG/EUROPA SOM PERSON*

*Tabell 17: Tilordningar for NOREG/EUROPA SOM MASKIN*

# Innhald

<b>Forord.....</b>	<b>iii</b>
<b>Figurar og tabellar .....</b>	<b>iv</b>
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>1</b>
<b>1.1 Introduksjon av tema.....</b>	<b>1</b>
1.1.1 Innvandring.....	1
1.1.2 Diskurs.....	3
<b>1.2 Noreg og innvandring .....</b>	<b>4</b>
1.2.1 Historisk blikk på innvandring til Noreg .....	4
1.2.2 Avklaring av ulike termar .....	5
<b>1.3 Vanlege argument for og imot innvandring .....</b>	<b>6</b>
<b>1.4 Kort om det teoretiske grunnlaget .....</b>	<b>9</b>
<b>1.5 Problemstilling og forskingsspørsmål .....</b>	<b>11</b>
<b>2 Teori.....</b>	<b>13</b>
<b>2.1 Kognitiv språkvitskap.....</b>	<b>13</b>
2.1.1 Målsettingane innanfor kognitiv språkvitskap.....	13
2.1.2 Det kroppsbaserte sinnet.....	14
<b>2.2 Kognitiv semantikk .....</b>	<b>15</b>
<b>2.3 Kognitiv metaforteori .....</b>	<b>16</b>
2.3.1 Tradisjonelt syn versus kognitiv metaforteori sitt syn på metaforar .....	16
2.3.2 Kva er ein (omgreps)metafor? .....	17
2.3.3 Forskjellige typar metaforar .....	18
2.3.4 Kva er ein (omgreps)metonymi? .....	20
<b>2.4 Metaforar i diskurs .....</b>	<b>21</b>
2.4.1 Forskjellar mellom KMT og ei diskursorientert tilnærming til metaforar .....	22
2.4.2 Mønster til metaforar i diskurs .....	23
2.4.3 Funksjonane til metaforar i diskurs .....	24
<b>2.5 Metaforar i politiske diskursar .....</b>	<b>25</b>
2.5.1 Vanlege mål- og kjeldedomene i politiske diskursar.....	26
2.5.2 Viktige trekk ved (analysen av) metaforar i diskurs.....	28
<b>2.6 Tidlegare forsking om metaforar i politiske diskursar om innvandring.....</b>	<b>30</b>
<b>3 Materiale og metode.....</b>	<b>32</b>

<b>3.1 Materiale .....</b>	<b>32</b>
3.1.1 Utveljing .....	32
3.1.2 Dei ulike tekstane .....	33
<b>3.2 Metode.....</b>	<b>36</b>
3.2.1 Kritiske tilnærmingar til metaforar .....	36
3.2.2 Kritisk metaforanalyse.....	36
<b>4 Metafor- og metonymiidentifisering og -tolking.....</b>	<b>42</b>
<b>4.1 Metafor- og metonymiidentifisering.....</b>	<b>42</b>
<b>4.2 Metafortolking.....</b>	<b>44</b>
<b>4.3 Metonymitolking .....</b>	<b>46</b>
<b>4.4 Oppsummering.....</b>	<b>47</b>
<b>5 Metafor- og metonymiforklaring .....</b>	<b>48</b>
<b>5.1 Innvandring .....</b>	<b>49</b>
5.1.1 Omgrepmetaforar med INNVANDRING som måldomene .....	49
5.1.1.1 INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR .....	49
5.1.1.2 INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE.....	53
5.1.1.3 INNVANDRING SOM SJANSESPER.....	58
5.1.1.4 INNVANDRING SOM TRUSSEL .....	59
5.1.2 Omgrepmetaforar med INNVANDRARAR som måldomene .....	61
5.1.2.1 INNVANDRARAR SOM OBJEKT .....	61
5.1.2.2 INNVANDRARAR SOM GODS .....	62
5.1.3 Moglege konsekvensar av innvandring .....	65
5.1.3.1 SAMFUNNSFUNKSJONAR SOM BYGNINGAR .....	65
<b>5.2 Innvandringspolitikk .....</b>	<b>68</b>
5.2.1 POLITIKK SOM KONKURRANSE .....	69
5.2.2 POLITIKK SOM KRIG/KONFLIKT .....	72
5.2.3 POLITIKK SOM DIKTATUR .....	74
5.2.4 KJENSLER SOM KREFTER .....	76
5.2.5 FORANDRING SOM RØRSLE .....	78
<b>5.3 Noreg og Europa .....</b>	<b>80</b>
5.3.1 NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR .....	81
5.3.2 NOREG/EUROPA SOM PERSON .....	85
5.3.3 NOREG/EUROPA SOM MASKIN .....	89
<b>5.4 Andre interessante metaforiske uttrykk .....</b>	<b>92</b>
<b>5.5 Metonymiforklaring.....</b>	<b>96</b>
5.5.1 NOREG FOR REGJERING .....	96
5.5.2 LAND FOR INNBYGGARAR .....	98

5.5.3 RELIGION FOR RELIGIØSE MENNESKE .....	98
<b>5.6 Oppsummering av analysen.....</b>	<b>99</b>
<b>6 Diskusjon og avslutning .....</b>	<b>100</b>
<b>6.1 Viktige trekk ved metaforbruken .....</b>	<b>100</b>
<b>6.2 Forskjellar frå tidlegare forsking .....</b>	<b>102</b>
<b>6.3 I kva grad er metaforbruken medvitен?.....</b>	<b>103</b>
<b>6.4 Kva rolle speler metaforane? .....</b>	<b>104</b>
6.4.1 Kva forståing av innvandring og innvandrarar kjem til syne? .....	104
6.4.2 Kva forståing av innvandringspolitikk kjem til syne? .....	106
6.4.3 Kva forståing av Noreg og Europa kjem til syne? .....	107
6.4.4 Korleis blir metaforane brukt til å kommunisere vanlege argument? .....	108
<b>6.5 Korleis blir metaforar brukt til å skape eller skade legitimitet? .....</b>	<b>109</b>
<b>6.6 Konklusjon.....</b>	<b>110</b>
<b>Litteratur.....</b>	<b>112</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>117</b>
<b>Samandrag .....</b>	<b>132</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>133</b>
<b>Profesjonsrelevans.....</b>	<b>134</b>

# **1 Innleiing**

## **1.1 Introduksjon av tema**

I ”Metaforenes makt” skriv Merethe Flatseth:

Metaforen befinner seg ofte i en mellomposisjon mellom det døde og det levende: Den kan være etablert som en så velkjent del av språket at en ikke ser den som gjenstand for fortolkning. Samtidig kan den være livskraftig i den forstand at den styrer vårt blikk på verden rundt oss. Metaforen kan være virksom både som medskapende og iverksettende for kulturelle endringer, eller den kan ha en meningskonserverende funksjon. Men vi kommer ikke utenom den. Både den som vil endre samfunnsforhold og den som vil bevare dem, må tale i metaforer. (Flatseth, 2003, s. 105).

Det er kanskje akkurat dette som gjer metaforar så spennande! Metaforar er ikkje berre stilistiske verktøy ein bruker i storlått lyrikk, men òg ein så stor del av livet vårt at vi ikkje alltid tenker over at dei er der. Dei har òg kraft til å forme forståinga vår av ulike fenomen i verda rundt oss, og derfor kan metaforar spele ei stor rolle, blant anna i politiske tekstar. Ifølgje Jonathan Charteris-Black (2005, s. 17) er dei eit sentralt verktøy i arbeidet med å overtide potensielle veljarar, og blir ofte brukt til å setje eigen politikk i eit godt lys og andre sin politikk i eit dårlig lys.

Bruken av metaforar i det politiske spelet kan òg skape interesse for å analysere korleis ulike politiske aktørar faktisk bruker dei. Kva metaforar bruker dei, og kva roller spelar metaforane? Dei politiske aktørane som eg analyserer tekstane til i denne oppgåva, bruker ord som *strøm* og *press* for å skildre innvandring, og i tekstane blir innvandraran oppfatta som ulike typar gods. I tillegg kan ein lese om samfunnsfunksjonar som *bryter sammen*, og eit Europa som *begår selvmord*. Kva forståing av innvandring til Noreg og Europa blir skapt gjennom denne språkbruken, og kva konsekvensar kan det få? Dette er spørsmål eg ønsker å setje i søkelyset og forsøke å svare på i oppgåva mi.

### **1.1.1 Innvandring**

Det finst eit hav av politiske saker som er viktige for ulike politiske parti og aktørar i Noreg, og eg har valt ut ei av dei – innvandring. Innvandringssaka er interessant å studere av fleire årsaker. For det første er innvandring og innvandringspolitikk saker som engasjerer mange her til lands. Tal frå SSB viser blant anna at 28 prosent av veljarane ved stortingsvalet i 2017 sa at innvandring var den viktigaste saka da dei stemte (Bergh og Karlsen, 2017). I tillegg

finst det mange og motstridande meininger om, og framstillingar av, innvandring til ulike land. Blant anna skriv Charteris-Black:

There is the possibility of immigrants undercutting the wages of those who are employed, the cost to the social welfare system and an association with human smuggling. The idea of embracing the victims of political repression or economic devastation is counterbalanced by fears of terrorist attack, Islamic fundamentalism and fraudulent asylum seeking. (Charteris-Black, 2006, s. 565)

Framstillingane av innvandrarár som byrder, offer og moglege terroristar som blir skissert i sitatet ovanfor, gjeld ikkje Noreg spesifikt, men det er likevel likskapstrekk mellom dei og framstillingane ein kan finne i analysematerialet i denne oppgåva.

Til sist har vi òg eit friskt, og til dels hardt, debattklima om innvandring blant våre politiske aktørar. Nokon av dei som ønsker ein restriktiv innvandringspolitikk karakteriserer meiningsmotstandarane sine som eit ”godhetstyranni” (Sandvik, 2015), og norske politikarar ”sleiker imamer oppetter ryggen”, ifølgje Sylvi Listhaug frå Framstegspartiet (Furuly og Randen, 2017). På den andre sida skriv Eivind Trædal, frå Miljøpartiet Dei Grøne, følgjande om Hans Rustad og Helge Lurås i ein kronikk: ”[...] troll kledd i dress og med nøytrale og tillitsvekkende yrkestitler” (Trædal, 2018).<sup>1</sup>

Desse trekka ved den norske innvandringsdebatten gjer at eg ser det som veldig interessant, og ikkje minst viktig, å analysere språkbruken til ulike politiske aktørar i Noreg. Eg bestemte meg tidleg for å analysere tekstar skrivne *av* politiske aktørar og ikkje *om* dei, for å ha høve til å seie noko konkret om kva språk og kva metaforar dei politiske aktørane bruker. I tillegg ønskte eg å gjere grundige analysar av tekstane, derfor var ei kvalitativ tilnærming med eit relativt lite tal tekstar naturleg å velje. Dette gjer det vanskeleg å generalisere resultata, til dømes til alle politiske aktørar i Noreg eller til den norske befolkninga generelt, men prosjektet mitt er ikkje å kunne gi eit overordna bilet av heile den norske innvandringsdebatten. Eg ønsker heller å seie noko om kva rolle metaforar *kan* spele i ein politisk diskurs om innvandring, og det kan ein gjere med både eit stort og eit lite utval. Ein kan lese meir om tekstutvalet og utveljingsprosessen i kapittel 3.

I utgangspunktet ønskte eg hovudsakeleg å berre analysere tekstar som tar til orde for ein restriktiv innvandringspolitikk, mykje på grunn av ei oppfatning av at språkbruken er hardare på den restriktive sida, og dermed meir interessant å analysere. På leit etter potensielt analysemateriale oppdaga eg likevel at det finst mykje interessant å ta tak i i tekstar skrivne av politiske aktørar som tar til orde for ein meir liberal innvandringspolitikk. I tillegg blei eg

---

<sup>1</sup> Rustad og Lurås er redaktørar i dei alternative media *Document.no* og *Resett*.

inspirert av Charteris-Black, som i ein analyse av britiske partiprogram fann at konservative og liberale parti bruker mange av dei same metaforane, men vinklar dei annleis (Charteris-Black, 2004, s. 68–69). Ein komparativ analyse gjer det mogleg å seie noko om likskapar og forskjellar mellom dei politiske fløyene i innvandringssaka, og kan i tillegg gi meg høve til å vise fram resultat som gjeld for både endar av det politiske spekteret når det gjeld innvandring. Ei anna årsak til at eg valde å gjere ein komparativ analyse er at han kan hjelpe å halde meg i balanse og ikkje bli for subjektiv – det er ikkje berre tekstar skrivne av restriktive politiske aktørar som blir utsette for ein kritisk analyse, det gjeld òg tekstar skrivne av dei liberale.

### 1.1.2 Diskurs

Som nemnt ønsker eg å analysere metaforar skriven i ein *politisk diskurs om innvandring*. Elena Semino (2008, s. 1) forklarer *diskurs* som autentiske tilfelle av skrift eller tale, som blir produsert og tolka i bestemte omstende og for bestemte formål. I tillegg forstår ho *diskursar* (som eit teljeleg substantiv) som bestemte måtar å snakke/skrive om forskjellige fenomen på (Semino, 2008, s. 29). Dette er for så vidt greie definisjonar av termen, men ein kan likevel hevde at dei er relativt vide, og dessutan gjeld dei alle typar diskurs, ikkje berre politiske diskursar. Eg finn det derfor naudsynt å avklare kva *politisk diskurs* vil tyde i denne oppgåva, sidan han blir brukt på mange forskjellige måtar innanfor forskjellige disiplinar (Hagelund, 2003, s. 18).

I boka *The Importance of Being Decent* (2003) analyserer Anniken Hagelund korleis innvandring blir handsama i politiske diskursar, og i innleiinga til boka har ho med eit avsnitt der ho avklarar kva termen tyder for henne. Eg meiner avklaringa hennar er god, og vel derfor å bruke ei liknande avklaring i oppgåva mi.

Ein analyse av ein (politisk) diskurs impliserer ei interesse for språket i seg sjølv, og ikkje berre som ein representasjon av noko meir ”ekte”:

Our access to reality will always be through language, a language is not merely mirroring reality, but is actively constructing it thorough the ways in which reality is (re-)presented in language. (Hagelund, 2003, s. 19)

Dette tyder ikkje at det ikkje finst ei fysisk røynd, men heller at røynda rundt oss får meinings for oss gjennom språket vårt. Det tyder òg at måten ein snakkar og skriv om ulike fenomen i verda på, både speglar og kan påverke korleis ein forstår desse fenomena. Dermed vil måten ulike politiske aktørar skriv om innvandring innanfor ein politisk diskurs vere meir enn ”berre

snakk”, det vil òg vere indikasjonar på korleis dei forstår innvandring.<sup>2</sup> Dei som les tekstane til ulike politiske aktørar, kan bli påverka av denne forståinga, og den politiske diskursen kan på denne måten bidra til å skape legitimitet for bestemte politiske handlingar, til dømes å ta imot fleire eller færre menneske på flukt i Noreg, ved å framstille dei som fornuftige og naudsynte (Hagelund, 2003, s. 21).

Med utgangspunkt i Semino og Hagelund sine avklaringar vil *politisk diskurs* i denne oppgåva tyde autentisk språkbruk som er skriven av ulike politiske aktørar og som har til formål å overtyde leseren om eitt bestemt syn på innvandring til Noreg og Europa. I tillegg viser termen til vanlege måtar å snakke/skrive om innvandring på. Det er viktig å analysere denne språkbruken, fordi han er med på å påverke korleis ein forstår fenomena som dei politiske aktørane skriv om, og fordi han kan bidra til å skape legitimitet for politikk som dei politiske aktørane er tilhengarar av.

## 1.2 Noreg og innvandring

### 1.2.1 Historisk blick på innvandring til Noreg

Eit viktig år i moderne norsk innvandringspolitisk historie er 1975, da ein mellombels innvandringsstopp blei vedtatt (Hagelund, 2003, s. 23).<sup>3</sup> Sidan slutten av 1960-talet hadde eit relativt høgt tal menneske frå andre land kome til Noreg for å finne seg arbeid. Det fanst ikkje nokon vesentlege restriksjonar på kven som fekk kome og ikkje – dei fleste som fann seg eit arbeid fekk òg arbeidsløyve. Innvandringa hadde ført til ulike sosiale og kulturelle problem, og i tillegg gjorde restriksjonar på innvandring i andre europeiske land det naudsynt å utvikle politiske liner som kunne kontrollere innvandringa til Noreg. Før dette året var innvandring eit marginalt tema for dei fleste norske partia, og ein kan seie at Noreg faktisk ikkje hadde nokon særleg innvandringspolitikk før 1975 (Hagelund, 2003, s. 29).

Sidan 1975 har den norske innvandringspolitikken vore sentrert rundt to hovudpunkt: ’restriktiv og kontrollert innvandring’ og ’integrering’ – ein må ha lovar som seier noko om kven som kan få kome til Noreg og ikkje, og dei som kjem må tilpasse seg det norske samfunnet (Hagelund, 2003, s. 11). Det finst sjølv sagt partipolitiske forskjellar når det gjeld

---

<sup>2</sup> Dette aspektet ved diskurs-termen er samanfallande med korleis den kognitive metaforteorian forstår metaforar. Metaforar er meir enn berre biletleg språkbruk (sjå blant anna kapittel 1.4).

<sup>3</sup> Termen *innvandringsstopp* er problematisk, sidan det framleis kom innvandrarar til Noreg rett etter 1975, til dømes familiemedlemmar av lovlege innvandrarar. Myndighetene i Noreg reformulerte etter kvart og kalla det ei *innvandringsregulering* (Hagelund, 1999, s. 23).

korleis desse hovudpunktata bør implementerast i praksis, noko eg kjem til å vise, men ein kan likevel hevde at desse to punkta er noko dei fleste politiske aktørane kan samlast rundt.

På siste halvdel av 1900-talet førte fleire konfliktar og krigar i europeiske, afrikanske, asiatiske og søramerikanske land til at mange menneske blei sendt på flukt frå heimlandet sitt, og dette gjorde at talet på flyktningar og asylsøkarar som søkte opphold i Noreg, enkelte år var høgare enn andre. Døme er Vietnamkrigen på 70-talet, borgarkrigen på Sri Lanka på 80-talet og Bosnia-krigen på 90-talet (Hagelund, 2003, s. 24–25).

Analysematerialet i oppgåva er av nyare dato. Tekstane som blir analysert, er skrivne mellom september 2015 og februar 2016, da vi igjen fekk oppleve at det var mange menneske som søkte opphold etter å ha flykta frå heimlanda sine. Hovudårsaka var borgarkrigen i Syria og framveksten av den militante islamistgruppa Den islamske staten (IS) (Wedén, 2015). Berre i oktober 2015 blei det registrert 221 374 menneske som flykta frå forskjellige land i Afrika til Europa (UNHCR, 2017).

Flyktningsituasjonen i Midtausten og Europa sette òg sine spor i Noreg. Frå seinsommaren 2015 auka talet asylsøkarar kraftig, og innan årsskiftet var det totale talet 31 145 menneske, det høgaste talet sidan 1990-talet (Garvik, 2017). Berre i september 2015 kom det om lag 4900 nye asylsøkarar til Noreg. Dei første asylsøkarane kom til Noreg via grensestasjonen ved Svinesund. Utover hausten, særleg i oktober og november, kom derimot mange asylsøkarar til Storskog i Finnmark frå Russland (Garvik, 2017). Den nye flyktning- og asylsituasjonen var overveldande for mottaksapparatet i landet og sette fart på innvandringsdebatten i Noreg. Både politiske aktørar, andre offentlege personar og fleire organisasjonar ytra seg om korleis situasjonen burde handterast, og det var stor usemje om kva Noreg burde gjere for menneska på flukt, noko vi òg vil sjå i tekstane som blir analysert i oppgåva.

### **1.2.2 Avklaring av ulike termar**

For å få ei mest mogleg ryddig framstilling av innhaldet i dei ulike tekstane, finn eg det naudsynt å avklare kva ulike termar knytt til innvandring vil tyde i oppgåva mi. Eg vel å bruke dei same definisjonane som FN-sambandet og Flyktninghjelpen for å avklare forskjellane mellom ein asylsøkar, ein flyktning, ein migrant og ein innvandrar. Alle desse termene blir bruk i dei ulike tekstane som blir analysert i oppgåva.

*Asyl* blir av Flyktninghjelpen definert som ein ukrenkeleg fristad, og i Noreg kan asyl givast til menneske som blir definert som flyktningar (Flyktninghjelpen, 2017). Ein person

som kjem til Noreg for å søke asyl, blir kalla *asylsøkar* medan søkeren blir handsama. Om ein får innvilga søkeren, blir ein ofte kalla *innvandrar*, som eg skriv om nedanfor.

Ein *flyktning* blir definert på bakgrunn av FN sin flyktningkonvensjon og kan forklarast som eit menneske som har flytta frå heimlandet sitt og ”med rette frykter for førfølgelse på grunn av rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller tilhørighet til en bestemt sosial gruppe” (FN-sambandet, 2017). Det er likevel viktig å påpeike at termen òg blir brukt om menneske som har fått vern i eit anna land enn heimlandet av andre årsaker enn dei som blir nemnt i Flyktningkonvensjonen.

I fleire av tekstane i analysematerialet blir det problematisert om menneska som søker asyl i Noreg bør rekna som flyktningar, og dersom forfattaren av teksten meiner det ikkje er snakk om flyktningar, blir dei fleire stader kalla *migrantar*. Ein migrant kan definerast som eit menneske som deltar i *migrasjon*, og migrasjon blir av Flyktninghjelpen definert som ”forflytting[en] av enkeltmennesker eller grupper” (Flyktninghjelpen, 2017). I likskap med ein flyktning reiser òg ein migrant frå heimlandet sitt, men er likevel ikkje på flukt.

Til sist blir termen *innvandrar* brukt om eit menneske som bur i Noreg, men som er født i eit anna land (Flyktninghjelpen, 2017). Termen blir òg ofte brukt om menneske som er født i Noreg, men som har innvandrarforeldre, sjølv om dei strengt tatt ikkje har *vandra inn* i Noreg.

Eg kjem til å skilje mellom dei ulike termene der eg meiner det er naudsynt, til dømes når eg skriv konkret om innhaldet i tekstane. I analysen kjem eg likevel til å bruke INNVANDRARAR og INNVANDRING som måldomene, og desse domena omfattar både asylsøkarar, flyktningar, migrantar og innvandrarar, sjølv om det ikkje er sikkert at alle dei menneska som blir omtala i tekstane, faktisk busette seg i Noreg.<sup>4</sup>

### 1.3 Vanlege argument for og imot innvandring

I analysematerialet i oppgåva kan ein finne mange argument både for å la fleire menneske kome til Noreg, og for å gjere det vanskelegare for menneske å kome hit. Mange av dei same argumenta kan ein òg finne i *Stanford Encyclopedia of Philosophy*, der filosofen Christopher Heath Wellman har laga ei oversikt over dei vanlegaste argumenta for og imot opne grenser i ein nasjon. Ei oversikt over argumenta etter Wellman (2015) kan ein sjå i dei to neste avsnitta.

---

<sup>4</sup> Sjå kapittel 1.4 og 2.3.2 for forklaring av termen *måldomene*.

### *Argument for opne grenser*

Det finst fire hovudargument for å la menneske frå andre land kome inn i ein nasjon, og det første av dei handlar om kosmopolitisk egalitarisme. Det finst store forskjellar mellom land i verda, og kva land ein blir født i, kan få store konsekvensar for kva liv ein får. Alle menneske fortener å bli tatt moralsk omsyn til, derfor bør dei som vil det ha høve til å kome til eit land der moglegheitene er fleire og betre enn i heimlandet.

Det andre argumentet handlar om libertarianisme, at alle menneske har rett til fri ferdsel. Om ein lukkar ei grense, tar ein frå alle menneske utanfor den aktuelle nasjonen retten til å bevege seg der dei ønsker. Dette argumentet involverer òg ein innbyggjar sin rett til å invitere menneske frå andre land til sin nasjon.

Neste argument handlar om eit menneske sin demokratiske rett til å ta del i avgjerder som omhandlar ho/han sjølv. Om ein nasjon ønsker å gjere det vanskelegare eller umogleg for menneske å kome til nasjonen, bør alle dei som desse lovane får konsekvensar for, altså både dei som allereie bur i landet *og* dei som ønsker å gjere det, få vere med på å avgjere om lovane skal bli vedtatt eller ikkje.

Det siste argumentet for opne grenser er eit utilitaristisk argument som handlar om at det vil føre til økonomisk ineffektivitet å lukke grensene, fordi det kan føre til at ein nasjon kan gå glipp av viktige ressurspersonar. I tillegg inkluderer argumentet ein tanke om at alle menneske har rett til å utvikle talenta sine på ein best mogleg måte, og dette kan til dømes vere vanskelegare i eit U-land enn i eit I-land.

### *Argument for lukka grenser*

På same måte som det finst vanlege argument for opne grenser, finst det òg argument for lukka grenser. Det første argumentet handlar om å beskytte kulturen i ein nasjon. Innvandring kan gjere at menneske frå fleire ulike kulturar kjem til ein nasjon, og dette kan vere ein trussel for kulturen som allereie finst i nasjonen. Eksklusjon av menneske med ein annan kulturell bakgrunn er dermed naudsynt for å verne om kulturen til ein nasjon.

I tillegg kan innvandring vere ei økonomisk byrde for ein nasjon. Ein litt radikal versjon av argumentet inneber at den nasjonale økonomien i eit land berre har rom for eit visst tal arbeidarar (dei som allereie bur i landet). Ein litt meir nyansert versjon inneber at menneske frå i alle fall nokon kulturar bør bli ekskludert frå nasjonen, fordi dei på grunn av kulturelle forskjellar ikkje vil vere økonomisk fruktbare for nasjonen som tar imot dei. I Noreg har vi til dømes hatt ein diskusjon om i kva grad kvinner og menn frå Somalia blir

sysselsett i Noreg, og somaliarar har ofte blitt sett på som ei utfordring for det norske samfunnet på grunn av låg grad av sysselsetting (Slettholm, 2016).

Eit relatert argument handlar om å verne om velferdsstaten. Om land som til dømes dei skandinaviske hadde hatt opne grenser til resten av verda, ville ei moglegheit vere at så mange menneske ville ha kome til landa at det ville gått ut over velferdsgoda som innbyggjarane har tilgang til. I tillegg er velferdsstatar avhengige av at alle innbyggjarane ofrar litt av sitt til fordel for fellesskapet, og dette er dei villige til fordi dei kan identifisere seg med kvarandre (blant anna på grunn av felles kultur). Om kjensla av fellesskap forsvinn, er det ikkje sikkert at alle vil vere like villige til å bidra til fellesskapet.

Tryggleiksaspektet er òg til stades i argumenta for lukka grenser. Særleg etter 11. september 2001 kan ein finne eit forsterka fokus på at det er naudsynt å kontrollere innvandringa til eit land for å verne det mot terroristar og annan kriminalitet.

Det neste argumentet handlar om ein nasjon sin rett til politisk sjølvbestemming. Argumentet inneheld fleire komponentar. Den første av desse seier at alle legitime statar har rett til politisk sjølvbestemming. Den neste seier at ein essensiell del av sjølvbestemminga er foreningsfridom, og den siste seier at foreningsfridom òg gir ein rett til å la vere å forene seg med andre. Ein kan altså seie at ein nasjon, i kraft av politisk sjølvbestemming, sjølv kan velje om han vil assosiere seg med andre eller ikkje, og dermed bestemme om menneske frå andre kulturar skal få vere ein del av nasjonen eller ikkje.

Eit anna argument, òg relatert til politisk sjølvbestemming, har å gjere med demokratiske aspekt. For at eit demokrati skal fungere ordentleg må dei som styrer i ein nasjon vere av same ”folk” som dei som blir styrt, dei må vere ein del av det same ”sjølvet”. Om medlemane i eit demokrati heile tida var i forandring, ville ikkje sjølvbestemming funne stad, fordi det ville oppstått ein dissonans mellom det ”sjølvet” som stemte på leiarar, og det ”sjølvet” som er bunde av valresultatet.

Det neste argumentet set realisme over moralisme og handlar om at ein må vere realistisk i tilnærminga til andre statar og menneska som bur der. I kraft av dette argumentet bør tilnærminga til både nasjonale og internasjonale saker først og fremst tene nasjonale interesser. Om ein følgjer ei slik line, har ein inga plikt til å la menneske frå andre land få kome inn i den nasjonen ein sjølv er ein del av.

Det siste argumentet for lukka grenser finn vi òg ein versjon av i argumenta for opne grenser, men her handlar det om indirekte kosmopolitisme. Alle menneske har like stor verdi, men ein har likevel rett til å ekskludere menneske frå andre land frå ein nasjon. Dette kan ein gjere fordi det gjer at ein heller kan bruke ressursar på å etablere internasjonale institusjonar

som kan vere i stand til å gi andre menneske eit betre liv. I staden for å la menneske frå andre land få kome inn i landet, skal ein forsøke å hjelpe dei der dei er.

Det finst ein del fellestrekk mellom argumenta for og imot innvandring, til dømes blir både kosmopolitisme, demokrati og økonomi veklagt på både sider. Forskjellen mellom dei er at argumenta er vinkla på forskjellige måtar, mykje på bakgrunn av høvesvis internasjonale og nasjonale interesser. Eg synest òg det er interessant at argumenta for opne grenser legg vekt på likskapar mellom menneske, medan argumenta for lukka grenser heller legg vekt på forskjellane mellom ulike menneske.

#### 1.4 Kort om det teoretiske grunnlaget

Prosjektet i oppgåva er å analysere og forklare metaforane som finst i ulike tekstar skrivne av forskjellige politiske aktørar. For å gjere dette bruker eg den kognitive metaforteorien, som George Lakoff og Mark Johnson sette startskotet for i 1980 med utgivinga av *Metaphors We Live By*.<sup>5</sup> Eit sentralt kjenneteikn på metaforar innanfor teorien er at metaforane er like mykje eit kognitivt som eit språkleg fenomen – vi bruker metaforar når vi snakkar fordi vi bruker metaforar når vi tenker. Metaforar er ikkje berre ”til pynt”, dei er òg naudsynte i forståinga av ulike erfaringar og fenomen. Dei språklege døma på ein metafor blir ofte kalla *metaforiske uttrykk*, medan dei kognitive storleikane blir kalla *omgrepsmetaforar* (Kövecses, 2010, s. 4). For å illustrere kva ein metafor er, og for å vise skiljet mellom metaforiske uttrykk og omgrepsmetaforar, kan eg vise til ei setning frå analysematerialet i oppgåva:

Derfor er det nåværende mottak av *strømmen av flyktninger* fra nød og fattigdom indirekte også negativt for dem som forsøker seg med opphold i Tyskland [...] og andre land på sikt. (Hagen, 2015, s. 29, mine kursiveringar)

I denne setninga har eg markert det ein kan kalle eit metaforisk uttrykk – *strømmen (av flyktninger)*. *Strøm* kan tyde ’rasktflytende vann’ (*Bokmålsordboka*, under *strøm*), men i setninga ovanfor er det menneske og ikkje vatn som strøymer. Ein hentar kunnskap ein har om vatn, og projiserer det over på menneske, i dette tilfellet flyktningar. Det metaforiske uttrykket frå teksten til Hagen kan tene som ei språkleg realisering av omgrepsmetaforen INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE.<sup>6</sup> I omgrepsmetaforen har ein to omgrepsdomene, som kan forklarast som kognitive ”lager” av kunnskap om eit omgrep. Det omgrepsdomenet ein bruker for å forstå eit anna, i dette tilfellet VATN I RØRSLE, blir kalla kjeldedomene, medan

<sup>5</sup> I oppgåva refererer eg til andreutgåva av boka frå 2003.

<sup>6</sup> Ein bruker ofte kapitel for å vise at ein refererer til kognitive storleikar og ikkje leksikalske ord.

det ein ønsker å forstå betre, i dette tilfellet INNVANDRING, blir kalla måldomene. Typisk er kjeldedomena meir konkrete og basert på kjente kroppslege erfaringar, medan måldomena er meir abstrakte og relatert til fenomen vi ikkje har like mange kroppslege erfaringar med (Semino, 2008, s. 6).

Med utgangspunkt i den kognitive metaforteorien har fleire forskrarar, til dømes Elena Semino (2008) og Jonathan Charteris-Black (2004, 2005, 2014), fatta interesse for å studere og analysere metaforbruk i ulike diskursar. Ofte har ein ei kritisk tilnærming til metaforbruken i den aktuelle diskursen, blant anna skriv Charteris-Black: ”This is why the *critical* part of metaphor analysis is identifying the propositions that underlie the cognitive basis of metaphors [...]” (2004, s. 11, Charteris-Black si kursivering). Han anerkjenner at metaforar er både eit kognitivt og eit språkleg fenomen, men legg òg vekt på at metaforar i ulike diskursar kan ha fleire funksjonar enn berre å skape betre forståing av abstrakte måldomene. Dei ulike funksjonane metaforar kan ha i ein diskurs, blir presentert og forklart i kapittel 2.4.3.

Det finst òg fleire forskrarar som meir spesifikt har analysert metaforbruk i diskursar om innvandring, og dette er undersøkingar eg kan samanlikne funna mine med. Eg vil gå nærare inn på aktuelle studiar og resultata deira i kapittel 2.6. Eg har latt meg inspirere av ei slik kritisk tilnærming til metaforar i diskursar om innvandring og valt å analysere metaforbruken i materialet ved hjelp av Charteris-Black sin kritiske metaforanalyse, som eg forklarer i kapittel 3.2.2. Eg ønsker å ikkje berre kome fram til *kva for* metaforar som finst i materialet, men òg å seie noko om kva forståing av innvandring, innvandrarar, innvandringspolitikk, Noreg og Europa metaforane er med på å forme. Det er likevel viktig å ha i bakhovudet at når ein analyserer språkbruk kritisk, er det alltid ein fare å bli *for* kritisk til språket til personar ein ikkje er einig med. Derfor er det viktig å sette eit skilje mellom teksten ein analyserer og forfattaren som har skrive han, blant anna fordi konvensjonelle metaforar ofte kan vere så innprenta i språk og tanke at dei ikkje lenger blir oppfatta som metaforar, og det kan dermed vere vanskeleg å utfordre dei (Goatly, 2007, s. 28–29). Denne utfordringa påpeiker òg Norunn Askeland, i tillegg til at ho legg vekt på kva potensiale ein kritisk eller diskursorientert metaforanalyse kan ha:

Når dette er sagt, er det viktig å presisere at all metaforbruk ikkje treng å vere bevisst eller strategisk, verken hos politikarar eller andre. Vi både arvar, lærer og skaper metaforar, ofte utan at vi er klar over det. [...] Diskursorientert metaforteori og metaforanalyse kan vere ein inngang til å få større oversikt over metaforane i språket, slik at vi kan drøfte kva dei tyder, og kva verknad dei kan få i eit politisk og pragmatisk perspektiv. (Askeland, 2010, s. 104)

Ein kritisk metaforanalyse er av verdi, fordi han kan vise kva metaforar som finst i språket (her: i ein politisk diskurs om innvandring) og kva forståing av ulike fenomen dei er med på å forme. Ein må likevel hugse på at forfattarane som bruker dei, ikkje nødvendigvis er klar over at dei bidrar til denne forståinga. Mitt prosjekt er å kritisk analysere metaforar, ikkje å fordømme personane som bruker dei.

## 1.5 Problemstilling og forskingsspørsmål

I oppgåva ønsker eg å gi svar på følgjande problemstilling: **Korleis blir metaforar brukt, i ein politisk diskurs om innvandring, for å skape legitimitet for anten ein restriktiv eller ein liberal innvandringspolitikk i Noreg?** For å svare på problemstillinga har eg utforma seks ulike forskingsspørsmål. Dei fire første er relatert til kvarandre ved at alle handlar om *kva for* metaforiske uttrykk og omgrepssmetaforar som finst i materialet:

- (1) Kva for metaforiske uttrykk og omgrepssmetaforar om **innvandring** kan ein finne i analysematerialet?
- (2) Kva for metaforiske uttrykk og omgrepssmetaforar om **innvandrarár** kan ein finne i analysematerialet?
- (3) Kva for metaforiske uttrykk og omgrepssmetaforar om **innvandringspolitikk** kan ein finne i analysematerialet?
- (4) Kva for metaforiske uttrykk og omgrepssmetaforar om **Noreg** og **Europa** kan ein finne i analysematerialet?

Eg kjem altså til å konsentrere meg om metaforiske uttrykk som handlar om innvandring, innvandrarár, innvandringspolitikk, Noreg og Europa i analysen, og eg vil vidare analysere kva for omgrepssmetaforar dei aktuelle metaforiske uttrykka kan tene som språklege realiseringar av. På grunn av denne avgrensinga vil enkelte metaforiske uttrykk i tekstane falle utanfor analysen. Dette skriv eg meir om i kapittel 3.2.2. Forskingsspørsmål (1)–(4) blir handsama i kapittel 4 og 5 i oppgåva.

Dei to siste forskingsspørsmåla handlar i mindre grad om kva for metaforar som finst i materialet, og meir om *kva rolle* metaforane speler:

- (5) Kva forståing av innvandring, innvandrarár, innvandringspolitikk, Noreg og Europa bidrar dei metaforiske uttrykka og omgrepssmetaforane til å forme?

(6) Korleis blir metaforar brukta til å kommunisera typiske argument for og imot opne grenser?

I tilknyting til forskingsspørsmål (5) vil eg forsøke å gi svar på kva forståing av ulike fenomen dei ulike metaforiske uttrykka og omgrepssmetaforane i materialet er med på å forme. Spørsmålet blir handsama i samband med forskingsspørsmål (1)–(4), men òg i ein eigen del av kapittel 6. Forskingsspørsmål (6) handlar om korleis dei metaforiske uttrykka og omgrepssmetaforane blir brukta til å kommunisera dei vanlege argumenta for og imot opne grenser, (sjå kapittel 1.3). Forskingsspørsmål (6) blir òg handsama i drøftingskapittelet i oppgåva.

Oppgåva er delt inn i seks kapittel, inkludert innleiing med introduksjon av tema og teoretisk grunnlag, i tillegg til presentasjon av problemstilling og forskingsspørsmål. I kapittel 2 blir relevant teori gjennomgått, og i tillegg vil fleire viktige termar i oppgåva bli forklart. Kapittelet blir avslutta med ein kort gjennomgang av tidlegare studiar av metaforar i diskursar om innvandring. Kapittel 3 inneheld ein gjennomgang av analysesematerialet i oppgåva og forklaring av metoden eg bruker for å analysere materialet. Analysemetoden eg har valt å bruke, kritisk metaforanalyse, er delt inn i tre delar, og i kapittel 4 kan ein lese om gjennomføringa og resultata av dei to første delane – metafor- og metonymiidentifisering og -tolking. Kapittel 5 inneheld den tredje delen av analysen, der eg forklarer metaforbruken i analysesematerialet. Oppgåva blir avslutta med eit diskusjons- og avslutningskapittel, der eg diskuterer metaforbruken i analysesematerialet, gir eit oppsummerande svar på forskingsspørsmåla og problemstillinga, og avsluttar med ein kort konklusjon.

## **2 Teori**

I dette kapittelet blir teorigrunnlaget og sentrale termar for oppgåva presentert. Kapittelet er delt inn i tre delar der første del handlar om kognitiv språkvitskap. Kognitiv metaforteori, som blir presentert i andre del av kapittelet, er ein del av den kognitive tilnærminga til språket, derfor er det naturleg å starte med å kort gjennomgå nokon viktige aspekt ved den kognitive språkvitskapsen. I tredje del av kapittelet vil teori omkring ei kritisk tilnærming til metaforbruk, eller diskursbasert metaforanalyse, bli presentert. I denne siste delen vil ein òg kunne lese om tidlegare studiar av metaforbruk om innvandring og innvandrarar.

### **2.1 Kognitiv språkvitskap**

Kognitiv språkvitskap (heretter KS) er ei tilnærming til språket som på fleire område er tydeleg inspirert av den kognitive psykologien (Mannsåker, 2017, s. 46). Utviklinga av KS starta på 1970-talet, som ein motreaksjon på formale tilnærmingar til studiar av språket (Evans og Green, 2006, s. 3). KS er ikkje éin bestemt teori, men kan heller sjåast som ei tilnærming som har ført til utviklinga av fleire utfyllande, overlappande og av og til konkurrerande teoriar. Likevel finst det eit felles sett av prinsipp, meininger og perspektiv som dei alle retter seg etter, og som eg vil gjere greie for i dei neste avsnitta.

Målet til KS er å forklare språket sin systematikk, struktur og funksjon, og korleis desse funksjonane blir realisert i språksystemet (Evans og Green, 2006, s. 5). I KS blir språket sett på som eit vindauge inn til sinnet, og språkbruk blir handsama som ein kognitiv prosess på lik linje med tenking og problemløysing (Mannsåker, 2017, s. 47). Språk og tanke er uskiljelege, og språket kan seiast å reflektere tankemønster, og kan gi oss innsikt i korleis tankar og idear er strukturerte og organiserte. Her ser ein tydeleg at KS skil seg frå formale tilnærmingar til språket, der språket blir sett på som ein eigen ”modul” som er skilt frå andre delar av det kognitive systemet (Evans og Green, 2006, s. 41).

#### **2.1.1 Målsettingane innanfor kognitiv språkvitskap**

KS har to målsettingar (*commitments*) som er felles for alle delar av tilnærminga. Den første av desse blir kalla generaliseringsmålsettinga, og handlar om at ein ønsker å finne prinsipp som er gyldige for alle delane av språket (Evans og Green, 2006, s. 28). Alle aspekt ved språket (både grammatiske og semantiske) deler felles struktureringsprinsipp – målet for lingvistane er å finne desse. Den andre målsettinga blir kalla den kognitive målsettinga, og

seier at dei prinsippa som lingvistane antar for språket òg skal reflektere det ein veit om menneskeleg kognisjon frå andre kognitive disiplinar, særleg psykologi, nevrovitenskap og kunstig intelligens (Evans og Green, 2006, s. 40–41).

### 2.1.2 Det kroppsbaserte sinnet

Den kartesiske dualismen mellom kropp og sinn som er gjeldande innanfor fleire formale tilnærmingar til språket, blir innanfor KS lagt vekk til fordel for det som blir kalla det kroppsbaserte sinnet eller kroppsleggjering (Evans og Green, 2006, s. 44).<sup>7</sup> KS kan kallast ei empirisk tilnærming, der sinn og kropp heng uløyseleg saman, og der sinnet, og heller ikkje språket, kan studerast isolert frå kroppen (Mannsåker, 2010, s. 8).

Dette inneber òg at kroppen vår avgrensar kva vi kan erfare (Evans og Green, 2006, s. 45). Menneskekroppen er ulik andre artar sin kropp, og det påverkar kva for ting vi kan erfare. Til dømes finst det dyr som har vêrhår som dei bruker til å lokalisere mat og navigere i mørket, og det gjer at dei kan erfare som menneske ikkje kan. I tillegg er den biologiske morfologien vår (dei ulike kroppsdelane våre) og det fysiske miljøet vi lever og erfarer ting i, med på å determinere forskjellige aspekt av våre erfaringar (Evans og Green, 2006, s. 45).<sup>8</sup>

Ifølgje Evans og Green (2006, s. 64–65) finst det to hovudtypar av menneskelege erfaringar. Den første typen er *sensoriske* erfaringar, som kjem frå sensorisk persepsjon (altså sansane våre) av den ytre verda vi lever i. Denne typen inkluderer erfaringar ein kan relatere til blant anna ROM, RØRSLE og TEMPERATUR. Den andre typen blir kalla *introspektive* eller *subjektive* erfaringar, altså erfaringar vi gjer oss inne i sinnet og som vi kan relatere til kjensler, medvit og erfaringar om tida. Innanfor KS hevdar ein at det er desse ulike erfaringane som dannar grunnlaget for, og som pregar språket vårt (Mannsåker, 2010, s. 8). Gjennom ulike kroppslege erfaringar dannar vi omgrep (*concepts*) i sinnet, og det er ved hjelp av desse omgrepene vi skapar eit språk.<sup>9</sup> Evans og Green forklarer dette slik:

The fact that our experience is embodied [...] has consequences for cognition. In other words, the concepts we have access to and the nature of the 'reality' we think and talk about are a function of our embodiment: we can only talk about what we can perceive and conceive, and the things that we can perceive and conceive derive from embodied experience. (Evans og Green, 2006, s. 46)

<sup>7</sup> Evans og Green (2006) bruker termene *the embodied mind* og *embodiment*.

<sup>8</sup> Dette fenomenet blir hos Evans og Green (2006) kalla *variable embodiment*.

<sup>9</sup> Eit omgrep kan definerast som ein "mental representasjon av eit konkret eller abstrakt fenomen i omverda" (Språkrådet, 2017).

Dette blir kalla *kroppsforankring* (Språkrådet, 2017), og eit døme ein kan bruke for å illustrere korleis våre erfaringar manifesterer seg på det kognitive nivået, er biletskjema (*image schemas*). Biletskjema er abstrakte og skjematiske storleikar som blir skapt av kroppslege erfaringar og som kan gi opphav til meir spesifikke omgrep (Evans og Green, 2006, s. 180). Eit døme er behaldarskjemaet, som blir skapt gjennom våre kroppslege erfaringar med ulike behaldarar, til dømes hermetikkboksar og rom, men òg mindre intuitive behaldarar som klede eller ei omfamning. Som ein ser gir behaldarskjemaet opphav til meir spesifikke omgrep, og i tillegg forstår vi adverb som *ute* og *inne* ved hjelp av behaldarskjemaet.<sup>10</sup>

Ovanfor viser eg berre døme på konkrete behaldarar, men biletskjema kan òg brukast til å omgrevsleggjere abstrakte erfaringar som ulike behaldarar gjennom det som av Evans og Green (2006, s. 46) blir kalla konseptuell projeksjon (*conceptual projection*). Om ein seier at ”ho var inne i ein god periode” eller ”han stod utanfor fellesskapet” (eigne døme), forstår ein abstrakte tilstandar som ulike behaldarar. Det at ein strukturerer omgrep som stammar frå introspektive erfaringar, ved hjelp av omgrep som kjem frå sensoriske erfaringar, er ein viktig eigenskap ved menneskeleg omgrevsdanning (Evans og Green, 2006, s. 65). Dette viser òg at våre kroppslege erfaringar ikkje berre er grunnlag for konkrete omgrep, men òg abstrakte. Andre døme på slik projeksjon er metaforar og metonymiar (sjå kapittel 2.3.2 og 2.3.4).

## 2.2 Kognitiv semantikk

KS har to hovuddisiplinar, kognitiv semantikk og kognitiv(e tilnærmingar til) grammatikk.<sup>11</sup> Ein set likevel ikkje eit skarpt skilje mellom dei, fordi grammatikken på lik linje med semantikken, blir sett på som eit meiningsberande system i seg sjølv, og deler derfor sentrale eigenskapar med semantikken (Evans og Green, 2006, s. 48). Dei kognitive lingvistane legg vekt på meiningsberandheit i arbeidet med alle delane av språket (jf. generaliseringsmålsettinga, kapittel 2.1.1), derfor kan ikkje grammatikken vere totalt åtskilt frå semantikken. Dette tyder òg at den kognitive tilnærminga til grammatikken er utvikla ved hjelp av den kognitiv semantikken.

På lik linje med KS som heilskap kan ein heller ikkje snakke om den kognitive semantikken som éin bestemt teori, men heller ei tilnærming til semantikken som deler nokon felles prinsipp. Desse prinsippa kan sjåast som resultat av dei to målsettingane innanfor KS,

<sup>10</sup> Det er ikkje sjølve omgrepa vi ser døme på ovanfor, men heller språklege realiseringar av dei forskjellige omgrepa. Desse blir av Evans og Green (2006, s. 180) kalla lekskikalske omgrep (*lexical concepts*).

<sup>11</sup> Det kan vere problematisk å bruke termen *kognitiv grammatikk*, sidan det finst ein konkret teori med same namn.

og i tillegg kan ein sjå at tesen om det kroppsbaserte sinnet òg er viktig innanfor den kognitive semantikken. Ei oversikt over prinsippa (etter Evans og Green, 2006, s. 157–163 og Mannsåker, 2017, s. 48) kan ein sjå nedanfor:

1. Omgrepssstruktur har grunnlag i erfaring med verda – *Vi dannar omgrep gjennom fysiske erfaringar med verda. Både konkrete og abstrakte omgrep blir danna ved hjelp av våre erfaringar med omverda (gjennom konseptuell projeksjon ved abstrakte omgrep).*
2. Semantisk struktur er ein refleksjon av omgrepssstruktur – *Språket refererer ikkje direkte til entitetar i verda, men til entitetar i verda via omgrep i sinnet til språkbrukaren. Semantisk struktur (den konvensjonelle tydinga til ord og større språklege uttrykk, til dømes frasar) reflekterer den kunnskapen vi har om eit omgrep i sinnet vårt.*
3. Meiningsrepresentasjon er ensyklopedisk – *Ord har ikkje éi bestemt og tydeleg tyding, men kan heller sjåast som ein nøkkel til store kunnskapslagre om eit omgrep. Vi kan ikkje forstå kva eit ord tyder om vi ikkje tar i bruk dette kunnskapslageret. Det kan til dømes vere vanskeleg å snakke om eit kamera utan å nemne bilet/film, linse og blits.*
4. Meiningskonstruksjon er omgrepsslegging (konseptualisering) – *Eit ord si tyding blir konstruert på omgrepsnivået. Å skape meinings er ein aktiv prosess med fleire kognitive operasjoner og henting av relevant bakgrunnskunnskap.*

Den kognitive metaforteori, som er teorien eg bruker i oppgåva, finst innanfor den kognitive semantikken (Evans og Green, 2006, s. 286).

## 2.3 Kognitiv metaforteori

### 2.3.1 Tradisjonelt syn versus kognitiv metaforteori sitt syn på metaforar

Ifølgje Kövecses (2010, s. ix–x) har metaforar i tradisjonell forståing hatt fem kjenneteikn. Først og fremst er metaforar berre eit språkleg fenomen, og dei blir brukt for å oppnå ein retorisk eller kunstnarisk effekt. I tillegg er metaforane basert på likskap mellom dei to tinga som blir samanlikna, og bruken av dei er tilsikta og medviten. Til sist har metaforar tradisjonelt blitt sett på som noko vi kan klare oss utan i språket. Dei blir brukt for å oppnå ein spesiell effekt, og er dermed ikkje uunngåelege i språket.

I 1980 blei det skrive ei bok som utfordra dette synet på metaforar. *Metaphors We Live By* blei skiven av George Lakoff og Mark Johnson og kan seiast å vere starten for teorien som blant anna blir kalla kognitiv metaforteori (*Cognitive Metaphor Theory*, heretter KMT) (Kövecses, 2010, s. x). I motsetning til det tradisjonelle synet blir metaforar innanfor KMT sett på som eit fenomen i omgrepssystemet vårt, og ikkje berre i språket. Dei blir ikkje berre brukt for å oppnå ein bestemt effekt, men òg til å forstå bestemte omgrep. I kontrast til det tradisjonelle synet meiner Lakoff og Johnson òg at metaforar ofte *ikkje* er basert på likskap, og at metaforar finst i kvardagsspråket til alle menneske – metaforar er faktisk gjennomgripande i all språkbruk (Lakoff og Johnson, 2003, s. 3). Til sist hevdar ein innanfor KMT at metaforar er ein uunngåeleg del av menneskeleg språk og tanke.

### 2.3.2 Kva er ein (omgreps)metafor?

Ovanfor blei det avklart kva som skil KMT frå korleis ein tradisjonelt har oppfatta metaforar, og i tillegg kva for kjenneteikn metaforar har innanfor KMT. Men korleis skal ein definere kva ein metafor er?

Innanfor KMT blir metafor definert som å forstå eit omgrepsdomene ved hjelp av eit anna omgrepsdomene (Kövecses, 2010, s. 4). Her blir det lagt vekt på forståing, og ikkje nødvendigvis det språklege aspektet. I tillegg blir metafor definert som ein prosess, ein *forstår* eit omgrepsdomene ved hjelp av eit anna, noko som fell innunder det fjerde prinsippet innanfor den kognitive semantikken (sjå kapittel 2.2). Eit (omgreps)domene blir av Langacker (1987, 1990, sitert i Sáenz, 2000, s. 507) definert som ”a coherent area of conceptualization of any kind (a single concept, a knowledge system, a perceptual experience) which functions as a cognitive context for the characterization of a semantic unit.”. Eit domene er altså eit samanhengande kognitivt område av omgrepsleggjeringar av (til dømes) eit omgrep.<sup>12</sup>

Det omgrepsdomenet ein bruker for å forstå eit anna betre blir kalla kjelldedomene, og det omgrepsdomenet ein ønsker å forstå betre blir kalla måldomene (Kövecses, 2010, s. 4). Kjelldedomene kan typisk relaterast til konkrete, kjente, fysiske og klart avgrensa erfaringar, medan måldomene ofte kan relaterast til meir abstrakte, komplekse, ukjente og uklart avgrensa erfaringar (Semino, 2008, s. 6). Når ein tar i bruk metaforar, får vi dermed hjelp av kjente og konkrete omgrepsdomene for å forstå meir ukjente og abstrakte omgrepsdomene.

Når ein tar i bruk eit kjelldedomene for å forstå eit måldomene, får vi det som kan kallast ein omgrepsmetafor, ”ei tilordning (*mapping*) mellom korresponderande aspekt ved

---

<sup>12</sup> Den engelske termen *concept* blir ofte omsett til omgrep på nynorsk.

måldomenet og aspekt ved kjeldedomenet” (Mannsåker, 2017, s. 53, Mannsåker si kursivering). Tilordning vil seie at kunnskap om bestemte aspekt ved kjelde- og måldomenet blir projisert over på motsvarande aspekt ved måldomenet. Omgrepsmetaforar blir ofte sett opp som MÅLDOMENE ER KJELDEDOMENE eller MÅLDOMENE SOM KJELDEDOMENE. Det finst ulike preferansar for kva for ei form ein føretrekker, men av same årsak som Nesse (2017, s. 17) vel eg å bruke MÅLDOMENE SOM KJELDEDOMENE: ”Det er gjort fordi jeg ønsker å uttrykke en simulering om at MÅLDOMENET *kan forstås som* KILDEDOMENET, og ikke uttrykke en påstand om at det *er slik*” (Nesse sine kursiveringar).<sup>13</sup>

Hos Charteris-Black (2004, s. 21–22) kan ein finne ein meir detaljert definisjon av termen omgrepsmetafor, men eg finn definisjonen ovanfor tilstrekkeleg for denne oppgåva.

### 2.3.3 Forskjellige typar metaforar

Ifølgje KMT finst det fleire typar omgrepsmetaforar, og ein av måtane å skilje mellom dei på er å sjå på kva for ein kognitiv funksjon dei ulike metaforane har (Kövecses, 2010, s. 37). Ein skil ofte mellom tre ulike typar omgrepsmetaforar – strukturelle, ontologiske og orienteringsmetaforar. Det kan likevel vere viktig å påpeike at dei ulike metafortypane ofte kan opptre samstundes i eit metaforisk uttrykk, noko analysen òg vil vise.

Dei strukturelle metaforane har til oppgåve å gi ein ny struktur til måldomenet. Dei er kjenneteikna av tilordningar mellom korresponderande aspekt ved kjelde- og måldomenet, og at ein relativt rik kunnskapsstruktur blir overført frå kjeldedomenet til måldomenet (Kövecses, 2010, s. 37). Eit døme på ein strukturell omgrepsmetafor kan vere INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE, og dei ulike tilordningane kan da sjå slik ut:

*Tabell 1: Tilordningar for INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE*

Kjelde: VATN I RØRSLE	Mål: INNVANDRING
Land som vatn slår mot/strøymer inn i	→ Nasjon/verdsdel/samfunnsfunksjon
Vatn i rørsle	→ (Stor) gruppe innvandrarar i rørsle
Sluser	→ Nasjonale grenser
Intensitet på rørla	→ Intensitet på innvandringa
Øydeleggingar skapt av vatn i rørsle	→ Konsekvensar av innvandring

Ein kan sjå at ulike aspekt ved vatn i rørsle korresponderer med ulike aspekt ved innvandring, og at relativt mykje informasjon frå kjeldedomenet blir overført til måldomenet.

---

<sup>13</sup> Unntak frå dette gjeld når eg viser til andre teoretikarar som bruker forma MÅLDOMENE ER KJELDEDOMENE.

Dei ontologiske metaforane har ikkje til funksjon å gi struktur til abstrakte omgrepsdomene, men å gi dei ein ny *ontologisk* (eksistensiell) status (Kövecses, 2010, s. 38). Når ein tar i bruk ein ontologisk metafor forstår ein abstrakte erfaringar som eit objekt, ein substans eller ein behaldar (Lakoff og Johnson, 2003, s. 25 og 29). Slik blir dei abstrakte erfaringane meir handterlege – da kan ein referere til dei, kategorisere dei, gruppere dei og kvantifisere dei. Ifølgje Lakoff og Johnson (2003, s. 25) er det våre erfaringar med ulike objekt (spesielt våre eigne kroppar) som legg grunnlaget for ontologiske metaforar. Eit døme på ein ontologisk metafor kan vere NOREG SOM BEHALDAR, der ein nasjon blir forstått som ein konkret behaldar med ei innside, ei utsida og ei grense som skil mellom innsida og utsida. Denne omgrepsmetaforen gir opphav til metaforiske uttrykk som ”Nå tar Norge *inn* over 2000 asylsökere i uken” (Sandberg, 2015, s. 38). Ein annan viktig og vanleg type ontologisk metafor er personifikasjon, der dei fysiske objekta blir vidare spesifisert som personar med menneskelege eigenskapar (Lakoff og Johnson, 2003, s. 33).

Sjølv om hovudfunksjonen til ontologiske metaforar er å gi ein ny ontologisk status til abstrakte omgrepsdomene, finst det eit visst mønster for kva for nokon domene som ofte blir forstått som eit objekt, ein substans eller ein behaldar (Kövecses, 2010, s. 39):

*Tabell 2: Ontologiske metaforar*

<i>Kjelldomene</i>	<i>Måldomene</i>
FYSISKE OBJEKT	→ IKKJE-FYSISKE ELLER ABSTRAKTE OBJEKT → HENDINGAR
SUBSTANSAR	→ AKTIVITETAR
BEHALDARAR	→ UAVGRENSA FYSISKE OBJEKT → FYSISKE OG IKKJE-FYSISKE OVERFLATER → TILSTANDAR

Til dømes forstår vi ofte kjensler som fysiske objekt. Da har vi høve til å referere til dei, kvantifisere dei, og til å identifisere aspekt ved erfaringar rundt dei (Kövecses, 2010, s. 39). Eit døme på eit metaforisk uttrykk kan vere ”eg har medynk med deg” (eige døme). Her blir ei kjensle forstått som eit objekt som eit individ kan eige og dele med eit anna individ.

Den siste gruppa av omgrepsmetaforar, orienteringsmetaforar, gir ikkje struktur eller ein ny ontologisk status til abstrakte omgrep, men har til oppgåve å organisere eit heilt system av omgrep med omsyn til kvarandre (Lakoff og Johnson, 2003, s. 14). Dei fleste av desse metaforane skapar samanheng mellom romlege orienteringar, til dømes opp–ned, inn–ut og sentrum–periferi. Desse metaforiske orienteringane er ikkje tilfeldige, men har grunnlag i våre fysiske og kulturelle erfaringar. Om vi bruker opp–ned som døme, er vanlege

orienteringsmetaforar MEIR ER OPP og MINDRE ER NED (Kövecses, 2010, s. 40). Døme på eit metaforisk uttrykk kan vere "[d]en høye innvandringen" (Storhaug, 2015, s. 14). Her blir ei kvantitativ auking forstått som ei auking i høgde, sjølv om vi ikkje har for vane å stable innvandrurar i høgda. Desse metaforane stammar frå erfaringar der ei auking av kvantitet òg fører til ei auka høgde, til dømes om vi fyller vatn i eit glas og vatnet stig.

### 2.3.4 Kva er ein (omgreps)metonymi?

Innanfor KMT har metaforen lenge fått store delar av merksemda, medan eit anna fenomen, metonymien, har stått i skuggen (Mannsåker, 2017, s. 105). Sjølv om metonymien på same måte som metaforen er ein kognitiv prosess, skil dei likevel lag på enkelte område. Der metaforen kan seiast å vere basert på likskap, er metonymien basert på nærliek mellom eit mål og ei kjelde (Kövecses, 2010, s. 175).<sup>14</sup> I tillegg er dei to fenomena ulike ved at ein metafor spenner over to ulike omgrepsdomene, medan metonymien berre omfattar eitt. Til sist er dei ulike ved at dei til dels har to ulike funksjonar. Hovudfunksjonen til omgrepsmetaforen er å forstå eit domene ved hjelp av eit anna, medan hovudfunksjonen til omgrepsmetonymien er å gi kognitiv tilgang til eit målomgrep gjennom eit (typisk) meir konkret og tilgjengeleg kjeldeomgrep innanfor same domene, altså vie merksemd til ein bestemt del av eit domene gjennom eit kjeldeomgrep. Sjølv om forståingsaspektet kjem litt i bakgrunnen til fordel for merksemd når ein snakkar om metonymiar, er det likevel ikkje heilt borte:

But metonymy is not merely a referential device. It also serves the function of providing understanding. For example, in the case of the metonymy THE PART FOR THE WHOLE there are many parts that can stand for the whole. Which part we pick out determines which aspect of the whole we are focusing on. (Lakoff og Johnson, 2003, s. 36)

Om vi til dømes har kroppen som ein heilskap og delar av kroppen som del, er det forskjellige assosiasjonar knytt til forskjellige delar av kroppen (til dømes assosierer vi hender med handling, hjartet med kjærleik osv.) (Lakoff og Johnson, 2003, s. 36). Dermed vil den delen av kroppen vi bruker for å referere til heilskapen påverke korleis vi forstår uttrykket.

Med desse forskjellane som grunnlag kan metonymi definerast som ein kognitiv prosess der eit omgrep, kjeldeomgrepet, gir mental tilgang til eit anna omgrep, målomgrepet, innanfor det same omgrepsdomenet eller den same idealiserte kognitive modellen (Kövecses,

---

<sup>14</sup> Likskapen mellom dei to entitetane i metaforen er ikkje alltid objektiv, allereie eksisterande likskap, men til dømes det som blir kalla erfaringskorrelasjonar. Sjå til dømes Kövecses (2010, s. 79–86 ) for forklaring av korleis metaforane kan vere basert på likskap innanfor KMT.

2010, s. 173).<sup>15</sup> I ein omgrepsmetonymi bruker vi altså eit kjeldeomgrep for å gi tilgang til eit målomgrep, og forma kan vi sette opp slik: KJELDEOMGREP FOR MÅLOMGREP.

Eit omgrepsdomene kan sjåast som ein heilskap sett saman av ulike delar, og desse delane konstituerer heilskapen. Det finst tre hovudtypar omgrepsmetonymiar: HEILSKAP FOR DEL, DEL FOR HEILSKAP og DEL FOR DEL (Kövecses, 2010, s. 178). Desse omgrepsmetonymiane er veldig generelle og kan fungere som grunnlag for meir spesifikke omgrepsmetonymiar. I tillegg opererer ein med eit likt skilje som med metaforane, med omgrepsmetonymiane som kognitive storleikar, og metonymiske språklege uttrykk som språklege manifestasjonar av omgrepsmetonymiane.<sup>16</sup> Til dømes kan HEILSKAP FOR DEL vere grunnlag for den meir spesifikke omgrepsmetonymien NOREG FOR REGJERING, og ein språkleg manifestasjon kan vere ”I det minste må *Norge* ikke være først ute med slike innstramninger” (Lysbakken, 2015, s. 6, mi kursivering).

I denne oppgåva kjem hovedfokuset til å ligge på omgrepsmetaforar, men i materialet som blir analysert i oppgåva, finst det nokon metonymiske uttrykk som speler ei viktig diskursiv rolle. I si doktoravhandling om kritiske metonymi- og metaforanalysar av fagtermar knytte til diagnosen schizofreni skriv Helga Mannsåker:

Det er mitt syn at ein ikkje fullgodt kan forstå, identifisera eller analysera metafor utan å kjenna til metonymi, og at metonymianalyse kan vera like interessant og relevant som metaforanalyse når ein ønskjer å undersøka språkbruk med eit kritisk perspektiv. (2017, s. 89).

Ifølgje Mannsåker vil det altså vere naudsynt å ta omsyn til både metafor og metonymi når ein skal analysere språk med kritiske briller. Derfor har eg valt å analysere eit utval metonymiske uttrykk i materialet for å vise fram korleis dei òg bidrar til å skape eller skade legitimitet.

## 2.4 Metaforar i diskurs

Sidan utgivinga av *Metaphors We Live By* har det ifølgje Andreas Musolff (2016, s. 2–3) kome to bølgjer av forsking og publikasjonar omkring metaforar og annan ikkje-bokstaveleg språkbruk. I den første bølgja var forskinga sentrert rundt tileigninga, bruken av og innverknaden til metafor i alle typar sosiale kontekstar. Innanfor dette feltet av anvendt metaforforskning kom ei anna bølgje med forsking som omhandla bruken av metaforar i offentleg politisk diskurs, noko som har resultert i mangfaldige artiklar og bokkapittel dei

<sup>15</sup> Hos Kövecses blir kjeldeomgrepet kalla vehikkkel (*vehicle*), men eg vel å kalle det kjeldeomgrepet sidan det er mest samanfallande med omgrepsmetaforar (sjå Språkrådet, 2017, under *kilde*). Av same grunn vel eg å bruke domene i staden for idealisert kognitiv modell (*idealized cognitive model* eller *ICM*).

<sup>16</sup> Heretter berre metonymiske uttrykk.

siste tjuefem åra. Døme på forsking innanfor denne tilnærminga til metaforar kan vere Charteris-Black (2004, 2005, 2014), Goatly (2007), Semino (2008) og Musolff (2016).

Ei diskursorientert tilnærming til metaforar har ofte KMT som teoretisk grunnlag, men med inspirasjon frå andre (kritiske) tilnærmingar til språket, til dømes pragmatikk og kritisk diskursanalyse (Musolff, 2016, s. 3). Pragmatiske tilnærmingar inneber blant anna å trekke konteksten med i analysen, medan den kritiske diskursanalysen er opptatt av å studere forholdet mellom språk, ideologi og maktforhold (Mannsåker, 2017, s. 88 og Musolff, 2016, s. 3). Det finst dermed nokon område der KMT og ei diskursorientert tilnærming til metaforar skil lag, og desse forskjellane skriv eg om i neste avsnitt.

#### **2.4.1 Forskjellar mellom KMT og ei diskursorientert tilnærming til metaforar**

Hovudforskjellen mellom KMT og ei diskursorientert tilnærming til metaforar kan ein finne ved sjå på termen *diskurs*, som eg avklarte tydinga til i kapittel 1.1.2. I mykje av arbeidet innanfor KMT konstruerer ein ofte metaforiske uttrykk for å vise fram ein bestemt omgrepssmetafor. Uttrykka kan absolutt vere kvardagslege i språket, men dei er likevel ikkje alltid døme på autentisk språkbruk. Når ein arbeider diskursorientert, tar ein derimot utgangspunkt i autentisk tekst eller tale og forsøker å identifisere dei metaforiske uttrykka som finst i dei.

Det fører oss over på ein annan forskjell. Sidan teoretikarar innanfor KMT legg stor vekt på at metaforar er eit kognitivt fenomen, ligg ofte hovudvekta på omgrepssmetaforane, medan dei metaforiske uttrykka har til hovudfunksjon å illustrere dei (Semino, 2008, s. 10). Dette gjer at dei metaforiske uttrykka kjem litt i bakgrunnen til fordel for omgrepssmetaforane. Sidan ein i ei diskursorientert tilnærming til metaforar tar utgangspunkt i autentisk språkbruk, og dermed metaforiske uttrykk, er det desse som kjem først, før ein forsøker å kategorisere dei som uttrykk for forskjellige omgrepssmetaforar (Charteris-Black, 2004, s. 37–38).

Til sist kan det vere viktig å nemne at for teoretikarar innanfor KMT er hovudfunksjonen til metaforar å hjelpe oss å forstå abstrakte og uklart avgrensa måldomene ved hjelp av meir konkrete og avgrensa kjeldedomene (Semino, 2008, s. 30). Denne funksjonen er òg viktig når ein arbeider diskursorientert, men ein legg i tillegg vekt på fleire og meir spesifikke funksjonar (sjå kapittel 2.4.3). Dette tyder ikkje at andre funksjonar enn forståing ikkje blir anerkjent innanfor KMT, til dømes skriv Lakoff og Johnson:

Metaphors may create realities for us, especially social realities. A metaphor may thus be a guide for future action. Such actions will, of course, fit the metaphor. This will, in turn,

reinforce the power of the metaphor to make experience coherent. (Lakoff og Johnson, 2003, s. 156)

Ved å seie at metaforar kan vere ein guide for framtidige handlingar, vil eg hevde Lakoff og Johnson anerkjenner at metaforar har fleire funksjonar enn å skape forståing. Desse funksjonane får likevel ikkje like stor merksemd hos Lakoff og Johnson som hos til dømes Semino eller Charteris-Black, som vier stor plass til dei andre diskursive funksjonane metaforar kan ha.

I oppgåva mi tar eg utgangspunkt i autentisk språkbruk, og identifiserer omgrepsmetaforar og -metonymiar med utgangspunkt i uttrykk i materialet. I tillegg inneber oppgåva ein kritisk metaforanalyse der eg er opptatt av å finne ut kva rolle metaforane speler i dei ulike tekstane, ikkje berre identifisere dei. Derfor kjem eg til å bruke innsikter frå både KMT og ei diskursorientert tilnærming til metaforar for å svare på problemstillinga i oppgåva.

#### 2.4.2 Mønster til metaforar i diskurs

I *Metaphor in Discourse* skriv Semino (2008) om forskjellige metaformønster som går igjen i ulike diskursar. I analysematerialet i oppgåva finst det døme på tre av mønstera – repetisjon (*repetition*), klyngedanning (*clustering*) og signalisering (*signalling*). Desse tre blir nærmere forklart nedanfor.<sup>17</sup>

Repetisjon handlar om at eitt metaforisk uttrykk blir gjentatt fleire gongar i ein tekst (Semino, 2008, s. 22–23). Det metaforiske uttrykket som blir repetert er ofte nært relatert til temaet og argumenta i teksten, og gjentakinga bidrar til den interne strukturen i teksten. Det finst tre klare døme på repetisjon i materialet, og i dei blir det metaforiske uttrykket først brukt i overskrifta, deretter fleire gongar i ulike delar av teksten.<sup>18</sup>

Metaforisk klyngedanning involverer at fleire metaforiske uttrykk innanfor ulike omgrepsmetaforar finst i nærleiken av kvarandre, til dømes i same setning eller avsnitt (Semino, 2008, s. 24–25).<sup>19</sup> Slike metaforklynger kan ha fleire funksjonar, blant anna kan dei bli brukt til å få fram særleg viktige argument i ein politisk tekst. I tillegg er ofte omfanget av metaforar ujamt fordelt i ein tekst, ein kan til dømes finne metaforklynger i byrjinga av ein tekst, for å introdusere temaet i teksten.

<sup>17</sup> Sjå elles Semino (2008, s. 22–30) for forklaring av resten av fenomena.

<sup>18</sup> Tekstane til Cecilie Myrseth, Audun Lysbakken og Jan Egeland (sjå vedlegg).

<sup>19</sup> I avsnittet om klyngedanning viser Semino til Koller (2003), Cameron og Low (2004), Cameron og Stelma (2004) og Corts og Pollio (1999).

Det tredje mønsteret som kan vise seg blant metaforar i ulike diskursar er metaforsignalisering. Dette fenomenet handlar om å ”signalisere” nærværet av eit metaforisk uttrykk, ofte for å trekke merksemda til lesaren eller tilhøyraren mot det bestemte uttrykket, eller for å rettleie lesaren eller tilhøyraren i tolkinga av uttrykket. Det finst fleire verktøy ein kan bruke for å signalisere det metaforiske uttrykket, og i mitt materiale blir det brukt det som Goatly (2011, s. 201) kallar ortografiske verktøy (*orthographic devices*), altså å bruke bestemte ortografiske teikn i teksten, til dømes hermeteikn.

#### **2.4.3 Funksjonane til metaforar i diskurs**

Utover å skape forståing for eit måldomene, har metaforar tre hovudfunksjonar når dei opptrer i diskursar, ifølgje Semino (2008, s. 31–32). Først og fremst bidrar metaforane til éin bestemt representasjon av (bestemte aspekt av) ”røynda”.<sup>20</sup> Vi bruker metaforar blant anna for å overtyde, resonnere, evaluere, forklare, teoretisere og til å gi nye omgrevsleggjeringar av verda. Dette kan relaterast til det som blir kalla *frame*, eller ramme på norsk, som kan forklarast som kunnskapsstruktur som tener som bakgrunn i tolkinga av ulike språklege eininger (Cienki, 2007, s. 183). Kva ord ein bruker for å skrive eller snakke om noko inneber òg at ein vel éi bestemt ramme som ordet blir forstått ved hjelp av. Overført til metaforar vil kjeldedomenet ein vel for å forstå eit måldomene føre ei bestemt ramme over på måldomenet, som er med på å påverke korleis måldomenet blir forstått. Blant anna skal vi sjå at metaforar kan bidra til å forme bestemte representasjoner av innvandring til Noreg og Europa.

I tillegg kan metaforar bli brukt til å etablere og forhandle mellommenneskelege forhold, til dømes når dei blir brukt for å uttrykke haldningar og kjensler, for å underhalde eller involvere, for å styrke intimitet eller for å formidle humor (Semino, 2008, s. 32). Vi skal blant anna sjå at det å ta imot og hjelpe menneska som kjem til Noreg blir framstilt som ein *dugnad*. Ein kan hevde at dette metaforiske uttrykket kan bidra til å etablere eit forhold og styrke intimitet mellom lesar og forfattar, ved å appellere til eit fenomen som har stor verdi i delar av det norske samfunnet (sjå kapittel 5.4).

Til sist kan metaforar bidra til å skape intern struktur og intertekstuelle relasjoner i ein tekst, til dømes gjennom å gi oppsummeringar av ein tekst, og gjennom å dra lesaren si merksemd mot bestemte delar av teksten (Semino, 2008, s. 32). Til dømes kan metaforiske

---

<sup>20</sup> Sidan vi, ifølgje den kognitive semantikken, ikkje opplever røynda direkte, men via omgrep i sinnet (jf. det andre prinsippet i kapittel 2.2), vil det ikkje vere mogleg å representere røynda objektivt, derfor skriv eg termen i hermeteikn.

uttrykk i tittelen til ein tekst fungere som ein overordna metafor som ein repeterer fleire gongar i teksten og som set temaet for teksten som heilskap (sjå kapittel 2.4.2).

Desse tre funksjonane gjeld metaforar i ulike diskursar, òg dei politiske. Men sidan tekstane i materialet er ein del av ein politisk diskurs, vil eg no gå meir spesifikt inn på kva funksjonar metaforar kan ha i politiske diskursar.

## 2.5 Metaforar i politiske diskursar

Semino (2008, s. 85) definerer politikk som ”processes that involve the acquisition, maintenance, negotiation, exercise and loss of power in local, national and international contexts”, og skriv vidare at ein av hovudmåtane ein kan få, oppretthalde og undergrave (andre si) makt på, er ved å overtyde andre om sine synspunkt. I alle tekstane i materialet mitt finst det eit ønske om å overtyde lesaren om eit bestemt syn på innvandring, og Paul Chilton (2004, s. 45–47) skriv om tre strategiske språklege funksjonar ein kan bruke i arbeidet for å overtyde i politiske diskursar. Dei tre funksjonane gjeld språket generelt, og ikkje berre metaforar, men både Chilton, Semino og Charteris-Black legg vekt på at også (omgreps)metaforar kan tene desse funksjonane i ein politisk diskurs (Chilton, 2004, s. 51–52, Semino, 2008, s. 86–87 og Charteris-Black, 2004, s. 17).

Den første av funksjonane blir kalla påtvinging (*coercion*), og klare døme er talehandlingar støtta av sanksjonar, til dømes lovar (Chilton, 2004, s. 45). Andre, og kanskje mindre intuitive måtar politikarar kan handle påtvingande på gjennom språket kan vere ved å velje temaet for ein samtale, posisjonere seg sjølv og andre i bestemte relasjoner og gjennom å gjere antakingar omkring ”røynda” som lesaren må godta, i alle fall mellombels, for å prosessere teksten.

Den andre funksjonen er legitimering og delegitimering, og denne funksjonen skriv òg Jonathan Charteris-Black om:

Political leaders become persuasive when their metaphors interact with other linguistic features to legitimise policies. Leaders use metaphors that will represent their own policies in a positive light and or will [sic] disparage those of opponents. (2005, s. 17)

Ein bruker altså denne funksjonen for å overtyde, ved å setje sin eigen politikk i eit godt lys, og eventuelt andre sin i eit dårleg lys. Meir spesifikt kan legitimering manifestere seg i språket gjennom positiv sjølvpresentasjon, å skryte av seg sjølv, unnskyilde seg sjølv, forklare seg sjølv, rettferdigjere seg sjølv, og gjennom å identifisere seg sjølv som ei kjelde til autoritet og fornuft (Chilton, 2004, s. 47). ”Sjølvet” kan i denne samanhengen både vere eit

individ og ei gruppe som eit individ ønsker å identifisere seg med. Delegitimering kan manifestere seg gjennom negativ andre-presentasjon, gjennom å marginalisere, ekskludere, angripe den moralske karakteren til eit individ eller ei gruppe, angripe den kommunikative samarbeidsevna til ein annan og gjennom å angripe rasjonaliteten til ein annan.

Til sist kan språket bli brukt for å (re)presentere ei sak på ein bestemt måte (Chilton, 2004, s. 46). Måten ei sak blir presentert på, kan ha mykje å seie for korleis ho blir oppfatta, og politikarar har høve til å presentere ei sak på ein måte som er fordelaktig for deira syn, og dermed òg til å representere andre sine syn på den same saka.<sup>21</sup>

I problemstillinga mi er det særleg legitimering og delegitimering som står i fokus, men Chilton legg vekt på at dei tre funksjonane ovanfor ofte opptrer saman i praksis, og derfor er det viktig å ha kjennskap til alle tre.

### **2.5.1 Vanlege mål- og kjeldedomene i politiske diskursar**

I tillegg til at politikarar tar i bruk metaforar av pragmatiske årsaker, kan òg erfaringar som finst innanfor POLITIKK-domenet ofte vere abstrakte og komplekse, og dermed kan metaforar vere med på å gjere domenet meir tilgjengeleg og forståeleg (Semino, 2008, s. 91). Det finst fleire element og aspekt innanfor politikken som ofte blir forstått ved hjelp av metaforar, blant anna

- notidige situasjoner, og særleg problem som må løysast
- årsaker til og løysingar på problem
- planar og politiske liner
- framtidige situasjoner, inkludert positive og negative framtidsscenario (alt etter kva for ein politikk som blir følgd)
- forskjellige typar deltagarar og entitetar innanfor det politiske domenet (inkludert private borgarar, politiske parti, organisasjonar, institusjonar og statar)
- ”inn-gruppa” (ein sjølv, eige parti, myndigheter, sosial gruppe, nasjon eller etnisitet) og ”ut-gruppa” (andre individ, parti, sosiale grupper, nasjonar eller etnisitetar)<sup>22</sup>
- politikk og politiske handlingar i seg sjølve

---

<sup>21</sup> Sjå til dømes kapittel 2.5.2 og 3.2.2 om framheving og skjuling, der val av kjeldedomene kan ha mykje å seie for korleis eit måldomene blir representert.

<sup>22</sup> Semino bruker den engelske termen *race*, men eg vel i staden å bruke termen *etnisitet*.

Semino (2008, s. 92) har vidare funne fem kjeldeomnene som er tydeleg dominante i tidlegare studiar av metaforbruk i vestleg og særleg angloamerikansk politikk, og desse er REISE, BEHALDAR, SPORT, KRIG og PERSON.

REISE-domenet er utleidd frå biletskjemaet STI og inneheld element som eit startpunkt, eit mål, ein sti som knyter saman starten og målet, og ei retning for rørsla frå start til mål (Semino, 2008, s. 92). Domenet inneheld i tillegg kunnskap om dei reisande, om framkomstmiddel, om eventuelle hindringar osv. Reisemetaforar gir politikarar høve til å omgrepssleggjere politiske liner, planar, nasjonal historie og idear som reiser mot eit mål, altså framgang (Chilton, 2004, s. 204). Eit døme på eit metaforisk uttrykk som bruker reisedomenet kan vere ”sjå kor *langt vi har kome* i denne saka” (eige døme). Her blir rørsle framover brukt for å uttrykke eit stykke arbeid som har blitt utført.

I likskap med reisemetaforar er òg behaldarmetaforar utleidd frå eit biletskjema, BEHALDAR-skjemaet (Semino, 2008, s. 95). Skjemaet har, som nemnt, tre hovudelement: ei innside, ei utsida og ei grense som skil mellom innsida og utsida. Metaforar der ulike måldomene blir forstått som behaldarar, blir ofte brukt for å omgrepssleggjere storleikar som grupper, institusjonar og særleg nasjonalstatar som noko meir konkret. Om ein skriv ”Majoriteten som nå tar seg *inn i* Europa, gjør det illegalt” (Sandberg, 2015, s. 38, mi kursivering), forstår ein Europa som ein behaldar som ein kan ta seg *inn i*.

Metaforar med SPORT som kjeldeomnene er basert på kjente erfaringar (for dei aller fleste), har deltakarar som er lette å identifisere og eit klart avgrensa mål (å vinne), og kan dermed bli brukt til å gjere komplekse område av politikken meir tilgjengelege (Semino, 2008, s. 99). Dei kan òg bli brukt til å appellere til personar som ikkje er interesserte i politikk, til å skape felles nasjonal identitet (til dømes ved bruk av landslag), og til å skape entusiasme og emosjonell involvering. Om ein seier at ”vi nordmenn må *spele på same lag*” (eige døme), kan nordmenn oppfattast som eit fellesskap som arbeider mot same mål.

Metaforar der KRIG blir brukt som kjeldeomnene finn vi ofte når det er snakk om konfliktar mellom individ, grupper, parti, eller mellom dei som sit i posisjon og dei som sit i opposisjon (Semino, 2008, s. 100). I tillegg blir krigsmetaforar ofte brukt om særleg alvorlege problem og dei strategiane som blir brukt for å løyse dei (til dømes ”*krigen mot terror*”). Denne typen metaforar kan ofte overdramatisere usemja mellom forskjellige deltakarar i politikken, og kan i tillegg ha uheldige metaforiske følgjeslutningar ved at både personar, parti og problem blir forstått som fiendar som må kjempast mot.<sup>23</sup>

---

<sup>23</sup> Sjå kapittel 2.5.2 for forklaring av termen *metaforiske følgjeslutningar*.

Det siste kjeldeomenet er PERSON, der ikkje-menneskelege entitetar blir tillagt menneskelege eigenskapar (Kövecses, 2010, s. 39). Personifikasjonar kan brukast til å presentere komplekse og abstrakte prosessar ved hjelp av meir kjente og menneskelege erfaringar, og meir spesifikt kan desse metaforane bli brukt til å forstå nasjonalstatar som personar (Semino, 2008, s. 101–103). Når nasjonalstatar blir forstått som personar, blir det enklare å forstå ei stor gruppe handlingar og prosessar som involverer mange personar. På den andre sida kan det ofte vere litt vagt kven det faktisk er snakk om når ein forstår statar på denne måten. Om ein seier at ”Norge må bli *pådriver* for europeisk og nordisk samarbeid om fordeling av flyktningansvaret, i stedet for nasjonal *alenegang*” (Lysbakken, 2015, s. 6, mine kursiveringar), er det ikkje heilt klart kven *Norge* refererer til – er det alle innbyggjarane i Noreg, er det regjeringa, eller ein enda mindre entitet? Dømet ovanfor viser at interaksjon mellom metafor og metonymi kan førekome i personifikasjonar.<sup>24</sup>

Dette er ikkje ei fullstendig liste over alle mål- og kjeldeomenene som blir brukt i politiske diskursar, men heller ei oversikt over dei mest typiske basert på tidlegare studiar. Fire av dei fem kjeldeomena ovanfor er til stades i analysematerialet i oppgåva, og eg vil derfor kome tilbake til dei i kapittel 5.

### 2.5.2 Viktige trekk ved (analysen av) metaforar i diskurs

I denne oppgåva kjem eg til å analysere metaforar og metonymiar ved hjelp av Charteris-Black sin kritiske metaforanalyse, og ifølgje Charteris-Black (2004, s. 13) kan ein kritisk analyse av metaforar gi oss innsikt i oppfatningane, haldningane og kjenslene til medlemane i den diskursive konteksten dei opptrer i. Ein kan ha ulike intensjonar når ein bruker metaforar i språket, blant anna kan ein ønske å skjule noko og framheve noko anna, og den kritiske metaforanalysen har som mål å avdekke dei skjulte (og kanskje òg umedvitne) intensjonane til ulike språkbrukarar (Charteris-Black, 2004, s. 34). Nedanfor skriv eg om to aspekt ved metaforar som kan vere viktige i ein kritisk analyse av metaforar – framheving (og skjuling) og metaforiske følgjeslutningar.

#### *Framheving og skjuling*

Framheving og skjulling (*highlighting* og *hiding*) er termar henta frå KMT, og handlar om at enkelte aspekt ved eit måldomene blir framheva, medan andre blir skjult (Evans og Green, 2006, s. 303–304). Abstrakte måldomene kan vere så store og komplekse at det er så godt

---

<sup>24</sup> Dette skriv eg meir om i kapittel 5.3.2.

som umogleg å framstille dei fullstendig ved hjelp av eitt kjeldeomene. Framheving og skjuling treng derfor ikkje nødvendigvis å ha ein diskursiv funksjon. Likevel kan desse fenomena vere nyttige om ein forsøker å overtyde nokon, fordi ein får høve til å framheve dei aspekta ved eit domene som det er tenleg for ein å få fram:

The very systematicity that allows us to comprehend one aspect of a concept in terms of another (e.g., comprehending an aspect of arguing in terms of battle) will necessarily hide other aspects of the concept. In allowing us to focus on one aspect of a concept (e.g., the battling aspects of arguing), a metaphorical concept can keep us from focusing on other aspects of the concept that are inconsistent with that metaphor. (Lakoff og Johnson, 2003, s. 10)

Framheving kan altså føre til at enkelte aspekt ved eit måldomene, som ikkje er delar av kjeldeomenet i omgrepsmetaforen, blir skjult i det metaforsiske uttrykket. Til dømes skal vi sjå at metaforsiske uttrykk som ”strømmen av asylanter” (Sandberg, 2015, s. 38), som er ei språkleg realisering av INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE, kan skjule at det faktisk er ulike og unike menneske som kjem til Noreg og Europa, og ikkje ein straum av vatn.

Innvandring er eit stort og komplekst fenomen med mange forskjellige aspekt, så det kan vere ei stor utfordring å få fram alle aspekta ved omgrepsdomenet når ein bruker metaforar for å forstå det. Likevel kan ein på dømet ovanfor sjå at *kva* ein framhevar, og *korleis* ein gjer det, kan ha mykje å seie for korleis ein lyttar eller lesar forstår eit fenomen, og dermed kan dei bidra til å skape legitimitet for den innvandringspolitikken ein er forkjempar for.

### *Metaforsiske følgjeslutningar*

Kjeldeomena vi bruker for å forstå ulike måldomene, er som oftast domene vi har mange erfaringar med og mykje kunnskap om. Eg har allereie skrive om korleis kunnskap om eit kjeldeomene blir projisert over på eit måldomene ved hjelp av tilordningar (kapittel 2.3.3), men det finst mykje meir kunnskap om eit kjeldeomene enn det som kjem til syne i desse konvensjonelle tilordningane. Denne ytterlegare kunnskapen blir kalla metaforsiske følgjeslutningar (*metaphorical entailments*, Kövecses, 2010, s. 22). Metaforsiske følgjeslutningar er eit trekk ved alle omgrepsmetaforar, spørsmålet er berre i kor stor grad ein vel å utnytte dei. Kövecses (2010, s. 22) bruker omgrepsmetaforen EIN DISKUSJON ER EI REISE som døme for å illustrere dette. Kunnskap om at ein på ei reise langs ein sti kan gå seg vekk frå stien og hamne på feil veg, er ikkje ein del av dei korresponderande tilordningane mellom kjelde- og måldomene. Likevel kan ein bruke denne kunnskapen når ein forstår ein

diskusjon som ei reise, til dømes når ein seier ”no må vi *kome tilbake* til saka” (eige døme). På denne måten bruker vi kunnskap vi har om reiser for å forstå diskusjonar betre.

Dei metaforiske følgjeslutningane er med på å påverke korleis vi oppfattar måldomenet, fordi alle assosiasjonar vi har til kjeldedomenet har potensial til å bli brukt for å forstå måldomenet. Til dømes skriv Mannsåker (2017, s. 7) at termen *utbrendheit* er ueheldig å bruke om menneske, fordi når noko er utbrend er det ikkje lenger mogleg å få det tilbake i opphavleg stand. Denne omgrepssleggjeringa av tilstanden kan dermed gi oss eit inntrykk av at menneske som har slite seg ut, ikkje har sjanse til å få det betre.

## 2.6 Tidlegare forsking om metaforar i politiske diskursar om innvandring

Det er allereie forska ein del på metaforbruk i ulike politiske diskursar. Studiane har ulike tilnærmingar og ulikt analysesemateriale. Nokon tar utgangspunkt i presseartiklar skrivne av journalistar, andre i talar, politiske fråsegner, pressekonferansar eller politiske debattar skrivne av politikarar eller andre politisk aktive personar (Charteris-Black, 2005, s. 15–16).

Det finst òg studiar som meir spesifikt analyserer korleis metaforar om innvandring blir brukt i politiske diskursar. Til dømes har Otto Santa Ana (1997, 1999) analysert eit stort korpus av amerikanske presseartiklar som omhandla *Proposition 187*.<sup>25</sup> Hovudmetaforane i korpuset var INNVANDRING ER FARLEG FARVATN, NASJON SOM HUS (som ein må beskytte frå innvandrarar) og INNVANDRARAR ER DYR.

Eit anna bidrag til denne forskinga kjem frå Elisabeth El Refaie (2001) som har analysert metaforar om innvandring i eit korpus av tekstar frå sju forskjellige aviser i Austerrike. Ho fann tre metafortema som var dominerande: eitt tema om vatn, eitt om kriminalitet og eitt om krig.<sup>26</sup>

I tillegg har Gerald V. O’Brien (2003) analysert korleis innvandring og innvandrarar blei forstått metaforisk i USA på 1920-talet. Mellom 1880 og 1920 steig talet på innvandrarar til USA, nokon år var talet over ein million per år (O’Brien, 2003, s. 34). Som eit svar på dette blei det innført fleire restriksjonar for å minke innvandringa. O’Brien har analysert tekstar skrivne i offentlege forum av personar som var for restriksjonane og fann omgrepssmetaforane INNVANDRAR SOM SJUK ORGANISME, INNVANDRAR SOM (RÅ)MATERIALE, INNVANDRAR

<sup>25</sup> Proposition 187 var ei folkerøysting i California i 1994 om eit framlegg som ville ta frå udokumenterte innvandrarar tilgang til fleire offentlege tenester (Santa Ana, 1999, s. 192).

<sup>26</sup> I staden for å skilje mellom omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk, bruker El Refaie termane tema (*theme*) for å uttrykke underliggende tema for forskjellige kjennemerke (*tokens*), altså språklege uttrykk.

SOM OBJEKT, INNVANDRAR SOM INN TRENGAR og INNVANDRAR SOM DYR ELLER UNDER-MENNESKELEG ENTITET i materialet (O'Brien, 2003).

Charteris-Black (2006) har skrive om metaforbruk om innvandrarar i den britiske valkampen i 2005. Han analyserte tekstar og talar av politikarar og politiske parti, i tillegg til presseartiklar frå forskjellige nettsider og aviser, og fann at omgrepssmetaforane INNVANDRING ER EIN (NATUR)KATASTROFE og STORBIMITANNIA ER EIN BEHALDAR var dei mest dominerande omgrepssmetaforane. I den siste omgrepssmetaforen blei innvandrarar forstått som eit press på behaldaren.

Det finst òg metaforstudiar om innvandring som har analysert nyheitsreportasjar fra TV, blant anna J. David Cisneros (2008), som samanlikna dekninga av ei sak om giftig avfall i USA med dekninga av innvandrarar på to kanalar frå september til desember 2005. Han fann fleire likskapstrekk mellom korleis dei to sakene blei framstilt, og argumenterer derfor for omgrepssmetaforen INNVANDRAR SOM FORUREINING.

Til sist har Andreas Musolff (2016) i boka *Political Metaphor Analysis. Discourse and Scenarios* skrive eit kapittel kalla ”Parasites, scrounging and the question of deliberate metaphor”. Her analyserer han tekstar frå aviser, nettforum og bloggar for å finne evidens for omgrepssmetaforen INNVANDRARAR SOM PARASITTAR.

## **3 Materiale og metode**

Dette kapittelet er todelt. Første del inneholder informasjon om utveljingsprosessen og om materialet som blir analysert i oppgåva – om forfattarane, om innhaldet i tekstane og kor dei er henta frå. Andre del av kapittelet inneholder ei forklaring av det metodiske grunnlaget i oppgåva. Som allereie nemnt bruker eg Jonathan Charteris-Black sin kritiske metaforanalyse for å analysere materialet i oppgåva.

### **3.1 Materiale**

#### **3.1.1 Utveljing**

Tekstane som blir analysert i oppgåva er, som nemnt, skrivne innanfor ein *politisk diskurs* om innvandring. Det kan vere vanskeleg å avgrense klart kva og kven som er ein del av det politiske feltet, men eg vel å støtte meg til Seminos nokså vide avgrensing, som blant anna inkluderer ”a wide variety of individuals (e.g. private citizens, political journalists, party members, Heads of State)” (2008, s 85). Alle tekstane er skrivne av personar som kan passe innanfor denne avgrensinga, og derfor er det mogleg å sjå tekstane deira som delar av ein politisk diskurs.

Denne oppgåva har som mål å seie noko om korleis omgrepssmetaforar blir brukt for å skape legitimitet for ein bestemt innvandringspolitikk, og eventuelt for å skade legitimiteten til ein annleis innvandringspolitikk. Oppgåva har ikkje som mål å vere representativ for korleis heile Noregs befolkning snakkar og skriv om innvandring, ho er heller ein kvalitativ analyse av eit lite utval tekstar skrivne av ulike politiske aktørar. Ein kan likevel argumentere for at tekstane kan seie noko overordna om korleis vi snakka og skreiv om innvandring i Noreg i 2015, fordi tekstane er offentlege (alle som ville kunne lese dei) og skrivne av offentlege personar. Desse faktorane kan gjere at folk som las tekstane til ein eller fleire av forfattarane, kan ha blitt påverka av språkbruken i dei.

I oppgåva mi har eg valt tekstar skrivne mellom september 2015 og februar 2016. I denne perioden blei innvandring hyppig diskutert og debattert i media, og alle tekstane kan sjåast som reaksjonar på flyktningsituasjonen Noreg og Europa opplevde hausten 2015 (sjå kapittel 1.2.1). I utveljingsprosessen var det fleire faktorar eg såg etter i tekstane. Det var viktig at alle tekstane handla om anten flyktningsituasjonen i 2015 som heilskap, eller om ei eller fleire av hendingane som skjedde i løpet av dei aktuelle månadane. I tillegg var det viktig at innhaldet i tekstane argumenterte for eit bestemt syn på innvandring til Europa og særleg Noreg, og at forfattaren forsøkte å overtyde lesaren om sitt synspunkt. Til sist var det

vikting at tekstane, i tillegg til å forsøke å skape legitimitet for eige syn på innvandringspolitikken i Noreg, òg tok avstand frå eller direkte kritiserte andre syn på det same området.

Tekstane er skrivne av offentlege personar, anten på lokalt eller nasjonalt politisk nivå, og dei er henta frå kjente og offentlege aviser. For å finne dei ulike tekstane brukte eg ATEKST, som inneheld dei redaksjonelle arkiva til dei største mediebedriftene i Noreg (Universitetet i Bergen, 2013). Eit unntak frå dette er teksten til Sylvi Listhaug, som er henta frå nettstaden til Norsk Riksringkasting. I ATEKST brukte eg ”feltsøk”-funksjonen, der ein kan søke på ein bestemt forfattar, og brukte søkeorda *flyktning*, *asyl* og *innvandring* for å finne tekstar om det aktuelle temaet.

Forut for utveljinga hadde eg ein viss idé om kven som kunne vere aktuelle politiske aktørar, til dømes i kraft av stillinga si, eller fordi dei tidlegare har ytra seg om innvandring i media. Derfor brukte eg i nokon tilfelle moglegheita til å söke på tekstar skrivne av ein bestemt forfattar. Eit døme kan vere Hege Storhaug som er informasjonsansvarleg i *Human Rights Service*, ein organisasjon som arbeider med ”innhenting av dokumentasjon, informasjon og analyse for å sette søkerlys på ulike sider av innvandrings- og integreringsfeltet” (Human Rights Service, 2017). Gjennom stillinga si i denne organisasjonen, kan det vere naturleg at ho ytrar seg i media om innvandring til Noreg.

### **3.1.2 Dei ulike tekstane**

Eg har valt ut ti tekstar, og i alle desse kan ein lese om forfattaren sine synspunkt på flyktningsituasjonen og korleis ho/han meiner han kan bli løyst. Alle tekstane kan ein finne i vedlegget til oppgåva. I alle tekstane som har med eit bilet har eg utelatt biletteksten frå analysen. I fem av tekstane blir det tatt til orde for ein restriktiv innvandringspolitikk i Noreg, medan det i dei andre fem blir argumentert for ein meir liberal innvandringspolitikk. Det er viktig å påpeike at det først og fremst er på bakgrunn av innhaldet i tekstane at eg sorterer tekstane som restriktive og liberale, ikkje på bakgrunn av forfattaren som har skrive teksten.

#### *Tekstar som argumenterer for ein restriktiv innvandringspolitikk*

Den 3. september 2015 skriv Carl I. Hagen, tidlegare formann i Framstegspartiet og no gruppeleiar for Oslo Fremskrittsparti si bystyregruppe, teksten ”Flytt asylmottak til Asia og Afrika” under seksjonen MENINGER i *Klassekampen*. *Klassekampen* er ei avis som i dag er formelt uavhengig, men som i byrjinga blei gitt ut av det kommunistiske partiet AKP (m-l)

(Pettersen, 2016). Teksten er 680 ord lang, og i den blir det skrive i negative ordelag om asylsituasjonen i Europa og argumentert for at vi heller skal hjelpe dei potensielle asylsøkarane i heimlanda, i staden for å la dei få kome til Europa og Noreg (Hagen, 2015, s. 29). Argumentet om at ein kan hjelpe fleire menneske i nærområda enn i Noreg, går igjen i fleire av tekstane som hører til den restriktive delen av materialet.

Den neste teksten som forsøker å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk i Noreg, er debattinnlegget ”Hodeløs innvandringsnaivitet”, skriven av Per-Willy Amundsen den 11. september 2015 i *Nordlys*, det største mediehuset i Nord-Noreg. Amundsen er, på lik linje med Hagen, aktiv i Framstegspartiet og frå 2017 stortingsrepresentant for partiet og medlem av Utanriks- og forsvarskomiteen i Noreg (Framstegspartiet, 2018). Teksten er på 814 ord, og i den uttrykker Amundsen uro for kva busetting av 8000 syriske flyktingar vil koste den norske staten, og i tillegg forsøker han å undergrave legitimeten til den politiske venstresida og delar av pressa i Noreg (Amundsen, 2015, s. 6). Amundsen viser òg til saka om Alan (3), som mista livet på reisa over Middelhavet og fekk stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt (Henriksen, Berglund og Johannessen, 2015), og meiner enkelte i den norske pressa ikkje fortel heile historia om familien til denne guten.

Den tredje teksten som stiller seg kritisk til den auka tilkomsten av flyktingar og asylsøkarar, er debattinnlegget ”Moralisme overstyrer realiteter”, skriven av Hege Storhaug 18. september 2015 i *Aftenposten*. *Aftenposten* er Noregs største avis og kan skildrast som uavhengig konservativ (altså ikkje knytt til noko bestemt politisk parti) (Pettersen, 2016). I teksten, som er på 696 ord, kritiserer Storhaug blant anna medie-Noreg for å presentere det ho meiner er eit falskt bilet av flyktningsituasjonen i Europa (Storhaug, 2015, s. 14). Storhaug er ikkje partipolitisk aktiv, men likevel eit kjent andlet i den norske offentlegheita, og har fleire gongar har uttalt seg negativt om innvandring og særleg islam, som ho sjølv meiner ”er i kamp med kvinner, jøder, homofile, frihetsorienterte muslimer og enhver som ikke underkaster seg dens doktriner” (Human Rights Service, 2017).

Eit fjerde bidrag frå den restriktive delen kjem frå Per Sandberg frå Framstegspartiet, som da teksten blei skriven, var medlem av Utanriks- og forsvarskomiteen i Stortinget, og frå 2015 fiskeriminister i Noreg (Regjeringen, 2018). 29. oktober 2015 skrev han eit debattinnlegg på 1053 ord i *Bergensavisen* kalla ”På tide å tenke konsekvenser”, der han uttrykker uro over konsekvensane av at mange innvandrarar kjem til Europa og Noreg (Sandberg, 2015, s. 38). *Bergensavisen* blei grunnlagt i 1927 som *Bergens Social-Demokrat*, og hette frå 1927 til 1991 *Bergens Arbeiderblad* (Pettersen, 2016).

Den siste teksten frå den restriktive delen av materialet, er ein kronikk skriven av Sylvi Listhaug den 10. februar 2016 på nettstaden til NRK, Noregs offentleg eigde allmennkringkastar. Sylvi Listhaug blei utnemnt til innvandrings- og integreringsminister i Noreg desember 2015, og ho ”er glad for at [innvandrings]politikken har blitt den strengeste noensinne” (Framstegspartiet, 2017). Kronikken på 760 ord har ho gitt namnet ”Asylkrise og realiteter”, og eit gjennomgåande poeng er at ein må føre ein restriktiv innvandringspolitikk for at han skal fungere for landet (Listhaug, 2016).

#### *Tekstar som argumenterer for ein liberal innvandringspolitikk*

På lik linje med tekstane som argumenterer for ein restriktiv innvandringspolitikk i Noreg, har eg valt ut fem tekstar som argumenterer for det motsette – den norske staten må ta sin del av ansvaret i flyktningsituasjonen og ta imot fleire menneske på flukt. Den første teksten er ein kronikk skriven i *Klassekampen* 5. september 2015 av Snorre Valen, nestleiar i Sosialistisk Venstreparti (Sosialistisk Venstreparti, 2017). Teksten er på 827 ord, har tittelen ”Hvilken side står du på?” og handlar om kva rolle den politiske venstresida i Noreg bør spele i saker om innvandrings- og flyktningpolitikk (Valen, 2015, s. 46–47).

Den andre teksten er skriven av Rune Berglund Steen og heiter ”Regjeringens ansvar”. Den er på 412 ord og er skriven i *Dagbladet*, ei nasjonal, liberal avis, 16. september 2015 under seksjonen MENINGER. Steen er leiar av Antirasistisk senter sidan 2013 (Antirasistisk senter, 2017). I teksten skriv han at den auka tilkomsten av asylsøkarar skapar utfordringar for mottaksapparatet i Noreg, og skryter av dei frivillige som hjelper dei som har kome til Noreg, samstundes som han etterlyser regjeringa si deltaking i arbeidet (Steen, 2015, s. 41).

Den neste teksten er skriven av Cecilie Myrseth, som da teksten blei skriven var fylkesrådsleiar i Troms Arbeiderparti. Teksten heiter ”De nye naboene” og er skriven i *Nordlys* 30. oktober 2015 under seksjonen MENINGER. I teksten på 374 ord skriv ho om ansvaret som ”vi” har for å vere gode naboar for dei nye flyktningane som er komne til landet (Myrseth, 2015, s 4–5).

Dei to siste tekstane i materialet mitt har same tittel: ”Kappløpet mot bunnen”. Den første er skriven 9. desember 2015 av Audun Lysbakken, leiar i Sosialistisk Venstreparti. Teksten er 1090 ord lang og er henta frå *Dagsavisen*, ei avis som hovudsakleg blir gitt ut i Oslo (Pettersen, 2016). Avisa var tidlegare knytt til Arbeidarpartiet, og sjølv om dei formelle banda er brotne, har ho stadig ei sosialdemokratisk grunnhaldning. Den andre teksten med same tittel er skriven 24. desember 2015 av Jan Egeland, generalsekretær i Flyktninghjelsen. Teksten er på 1098 ord og er henta frå *Bergens Tidende*, som ønsker å vere ”en frittstående,

liberal, borgerlig (ikke sosialistisk) avis, partipolitisk uavhengig” (Bergens Tidende, 2017). Både tekstane er kronikkar, og innhaldet i dei kan òg samanliknast – dei kritiserer endringar i innvandringspolitikken som Noreg og fleire andre europeiske land har gjennomført i løpet av hausten og vinteren 2015 (Lysbakken, 2015, s. 6 og Egeland, 2015, s. 48).

## 3.2 Metode

### 3.2.1 Kritiske tilnærmingar til metaforar

Det teoretiske grunnlaget i denne oppgåva kviler på den kognitive metaforteorian innanfor den kognitive semantikken (sjå kapittel 2.3). Samstundes argumenterer fleire forskrarar, blant andre Semino (2008), som nemnt i kapittel 2.4, for at ein analyse av metaforar i ulike autentiske diskursar krev eit meir utfyllande grunnlag enn berre kognitiv metaforteori. KMT har blant anna ikkje utvikla nokon eksplisitt metode for å finne omgrepssmetaforar i reelle språklege data, og det kan derfor vere naudsynt å bygge på andre tilnærmingar for å analysere metaforar i diskurs (Semino, 2008, s. 10). Charteris-Black argumenterer òg for at den kognitive semantikken si tilnærming til metaforar treng utfylling, og har utvikla ein metode som òg tar omsyn til pragmatiske og diskursive faktorar: kritisk metaforanalyse.

### 3.2.2 Kritisk metaforanalyse

Den kritiske metaforanalysen har Charteris-Black utvikla med utgangspunkt i KMT, men med inspirasjon frå pragmatiske perspektiv og kritisk diskursanalyse (2004, s. 28). Pragmatiske perspektiv på metaforbruk kan bidra i ein analyse der KMT aleine kjem til kort:

[O]ne of the limitations of metaphor analysis when the cognitive approach is isolated from the pragmatic one is that the only explanation of metaphor motivation is with reference to an underlying experiential basis. This assumes that metaphor use is an unconscious reflex, whereas a pragmatic view argues that speakers use metaphor to persuade by combining the cognitive and linguistic resources at their disposal. (Charteris-Black, 2004, s. 11)

Forskjellige pragmatiske perspektiv kan altså vere til hjelp i analysen når bruken av metaforar kan vere eit medvitent val som blir brukt for å forsøke å overtyde den som les eller høyrer teksten eller talen. I tillegg har den kritiske metaforanalysen fleire likskapstrekk med den kritiske diskursanalysen, som er opptatt av å auke vårt medvit om dei sosiale relasjonane som blir danna, ført vidare og styrkt gjennom språkbruk, i eit forsøk på å endre dei (Charteris-Black, 2004, s. 29). Når ordet *kritisk* blir brukt i diskursanalysen, antar ein at kvar ei diskursiv, altså språkleg, handling har ein (potensielt) medviten intensjon som reflekterer dei

relative sosiale posisjonane til produsenten og mottakaren (Charteris-Black, 2004, s. 30). Desse intensjonane og sosiale posisjonane er ein interessert i å avdekke i ein kritisk diskursanalyse. Overført til ein kritisk metaforanalyse er ein altså ikkje berre opptatt av *kva for* metaforar som blir brukt, men òg *kvifor* akkurat dei metaforane blir brukt. Den kritiske metaforanalysen til Charteris-Black har tre delar: metaforidentifisering, -tolking og -forklaring.

### *Identifisering*

Første del av analysen er å identifisere dei forskjellige metaforiske uttrykka i ein tekst. For Charteris-Black (2004, s. 35) har denne delen to steg. Først må ein nærlæse analysematerialet på utkikk etter potensielle metaforiske uttrykk. Deretter må ein undersøke uttrykka for å avklare om dei kan klassifiserast som metaforiske eller ikkje. Charteris-Black gir til ei viss grad ein eksplisitt framgangsmåte for avklaring av metaforisitet, han bruker språklege, pragmatiske og kognitive kriterium for å avgjere om eit uttrykk er metaforisk eller ikkje.<sup>27</sup> Ein kan likevel argumentere for at identifiseringsdelen av analysen kan vere vanskeleg å bruke i praksis, fordi ein ikkje får ein helt eksplisitt framgangsmåte ein kan overføre til eigen analyse. Til dømes kan det vere særleg vanskeleg å oppdage veldig konvensjonelle metaforiske uttrykk, fordi vi ikkje er medvitne den semantiske spenninga mellom kjelde- og måldomene. Denne utfordringa påpeiker òg Wei Li (2016, s. 95): "Yet the process, to some degree, can be varied due to individual differences, which shows that the subjectivity in the process of metaphor identification is inevitable".

På bakgrunn av dette valde eg å bruke ein annan framgangsmåte for å identifisere dei metaforiske uttrykka i materialet mitt, kalla metaforidentifiseringsprosedyren (*Metaphor identification procedure*, heretter MIP), utvikla av den såkalla Pragglejaz-gruppa.<sup>28</sup> Dei skriv at ei viktig utvikling i metafforskninga dei siste åra har vore fokuset på metaforisk språk i autentiske diskursar, men at "[t]he primary difficulty with this line of work, however, is that researchers often differ in their intuitions about what constitutes a metaphoric word or phrase." (Pragglejaz Group, 2007, s. 1). Forskarar kan utelate å gi eksplisitte kriterium for korleis dei skil mellom bokstaveleg og metaforisk språkbruk, og ei anna utfordring kan vere at fokuset i ulike studiar kan ligge på forskjellige aspekt ved metaforisk språkbruk, alt etter forskaren si eiga teoretiske orientering. Musolff påpeiker òg desse utfordringane med enkelte

<sup>27</sup> Sjå Charteris-Black (2004, s. 21) for forklaring av dei ulike kriteria.

<sup>28</sup> Namnet Pragglejaz står for første bokstav i fornamnet til medlemene i gruppa: Peter Crisp, Raymond Gibbs, Alice Deignan, Graham Low, Gerard Steen, Lynne Cameron, Elena Semino, Joe Grady, Alan Cienki og Zoltán Kövecses (Pragglejaz Group, 2007, s. 37)

metaforidentifiseringsmetodar, og skriv for at MIP gir ”an ordered set of questions and operations that can be applied to any text [...]” (2016, s. 15).

På bakgrunn av utfordringane har Pragglejaz-gruppa forsøkt å utvikle ein eksplisitt, påliteleg og fleksibel metode ein kan bruke for å identifisere metaforiske uttrykk i autentisk språkbruk (Pragglejaz Group, 2007, s. 2). Ei oversikt over framgangsmåten dei bruker, etter Pragglejaz Group (2007, s. 3), kan ein sjå nedanfor:

1. Les heile teksten for å etablere ei generell forståing av tydinga til/innhaldet i teksten.
2. Identifiser dei språklege einingane i teksten.<sup>29</sup>
  - (a) Etabler den kontekstuelle tydinga til alle dei språklege einingane i teksten, det vil seie korleis dei kan relaterast til ein entitet, ein relasjon eller eit attributt i den situasjonen som teksten skapar. Legg merke til kva som kjem før og etter den språklege eininga.
  - (b) Finn ut om dei språklege einingane i teksten har ei meir grunnleggande tyding i andre kontekstar enn den gitte. Grunnleggande tydingar har ein tendens til å vere:
    - a. meir konkrete; dei er lettare å sjå føre seg, sjå, høyre, føle, lukte og smake
    - b. relatert til kroppsleg aktivitet
    - c. meir presise (til forskjell frå vase)
    - d. historisk eldre
  - (c) Om ei leksikalsk eining har ei meir grunnleggande tyding i andre kontekstar enn den gitte, finn ut om den kontekstuelle tydinga står i kontrast til den grunnleggande tydinga, men kan bli forstått i samanheng med ho.
3. Om ja, marker den leksikalske eininga som metaforisk.

Som ein ser på forklaringa ovanfor, skal ein analysere kvar språklege eining isolert, og samanlikne tydinga eininga har i teksten med den grunnleggande tydinga til eininga.<sup>30</sup>

Samanlikninga mellom den kontekstuelle og den grunnleggande tydinga kan ein illustrere med eit døme. I uttrykket ”møtet gjekk som smurt” kan ein hevde at det finst ein kontrast mellom den kontekstuelle og den grunnleggande tydinga til den språklege eininga *smurt*. I

<sup>29</sup> Ei språkleg eining vil i dei fleste tilfelle vere eit enkeltord, men det kan av og til vere vanskeleg å skilje ord frå kvarandre, til dømes ved refleksive verb.

<sup>30</sup> Den grunnleggande tydinga til ei språkleg eining finn ein til dømes om ein slår opp eininga i ei ordbok.

denne konteksten tyder *smurt* noko à la 'bra', 'godt' eller 'etter planen', medan den grunnleggande tydinga til verbet *smørje* er 'ha smørjemiddel på' (*Nynorskordboka*, under *smørje*, 2017). Ein kan likevel seie at om ein har smørjemiddel på noko, til dømes ein maskin, vil det som regel føre til at maskinen fungerer betre enn i førevegen, dermed kan ein argumentere for at den kontekstuelle tydinga kan forståast i samanheng med den grunnleggande tydinga.

MIP kan hjelpe ein til å identifisere metaforisk språk i autentiske diskursar på ein oversiktleg måte. Det er likevel viktig å ta i betraktning at denne metoden ikkje arbeider vidare med dei metaforiske uttrykka etter identifiseringa av dei, MIP tar verken omsyn til kva for omgrepssmetaforar dei metaforiske uttrykka kan vere språklege realiseringar av, eller kva for funksjon(ar) dei metaforiske uttrykka har i teksten (Pragglejaz Group, 2007, s. 2).

### *Tolking*

I denne delen av analysen er målet å etablere eit forhold mellom dei metaforiske uttrykka og dei kognitive og pragmatiske faktorane som styrer dei (Charteris-Black, 2004, s. 38). Dette inneber å identifisere omgrepssmetaforane som dei ulike metaforiske uttrykka kan sjåast som språklege realiseringar av.

Som allereie nemnt, er eg opptatt kva rolle metaforane speler i å skape eller skade legitimiteten til anten ein restriktiv eller ein liberal innvandringspolitikk. Meir spesifikt er eg opptatt av kva rolle metaforar om innvandring eller innvandrarar og metaforar om (eigen og andre sin) innvandringspolitikk speler i denne prosessen. I tillegg er metaforar om Noreg og Europa av interesse, sidan mange av tekstane i analysematerialet handlar om kva konsekvensar innvandring kan få for Noreg og Europa. Sidan det primært er metaforiske uttrykk om desse fenomena eg er interessert i å analysere, vil nokon metaforiske uttrykk i tekstane falle utanfor analysen. Dette gjeld særleg veldig konvensjonelle metaforar som det nesten kan vere umogleg å unngå, til dømes metaforar om abstrakte fenomen som tida eller livet, som vi ikkje har nokon konkrete kroppslege erfaringar med. Det tyder likevel ikkje at konvensjonelle metaforar ikkje er av interesse for analysen i oppgåva. Til dømes er det vanleg å handsame nasjonar metaforisk, fordi samfunn og nasjonar er store og komplekse storleikar, og slike metaforar er nokså konvensjonelle i språket (Kövecses, 2010, s. 24). Likevel kan dei vere viktige for analysen min, til dømes om nasjonen blir handsama metaforisk som ein behaldar, og innvandrarar som press frå utsida som kan øydelegge anten innhaldet i behaldaren eller sjølvé behaldaren.

## *Forklaring*

Den siste delen av analysen inneber å forklare den diskursive funksjonen dei ulike metaforiske uttrykka og omgrepssmetaforane kan seiast å ha i tekst eller tale. Desse funksjonane er mange og forskjellige (sjå kapittel 2.4.3 og 2.5). Eg har likevel ein litt annan innfallsinkel i denne delen av analysen. I staden for å identifisere og forklare kva for diskursiv funksjon dei metaforiske uttrykka har, har eg valt ein bestemt diskursiv funksjon – å skape eller skade legitimitet – og ønsker å forklare korleis metaforane bidrar til denne funksjonen. Oppgåva i denne delen av analysen blir da å forklare korleis metaforane bidrar til å skape eller skade legitimeten til ein bestemt innvandringspolitikk.

Charteris-Black (2004, 2005 og 2014) gir ikkje ei konkret punktliste ein kan bruke når ein skal forklare kva rolle omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk speler i forskjellige tekstar og talar. Dette kan vere utfordrande, men samstundes gjer det at metoden kan bli brukt i mange forskjellige kontekstar. Til dømes bruker Charteris-Black kritisk metaforanalyse til å analysere metaforbruk i både ulike politiske diskursar (partiprogram, politiske talar), i analyse av presseartiklar, og i religiøse diskursar (2004, 2005 og 2014). Sjølv om han ikkje presenterer ei konkret oppskrift ein kan kopiere, gir han fleire døme på korleis han sjølv går fram for å forklare metaforbruken i ulike tekstar og talar.

Charteris-Black legg blant anna vekt på både omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk. Når han analyserer omgrepssmetaforar kan vi vidare sjå at han fokuserer på kva metaforiske følgjeslutningar dei ulike metaforane har (sjå kapittel 2.5.2). Eit døme på korleis ein kan gjere dette i praksis, kan ein sjå i hans analyse av Barack Obama sin første innviingstale:

There is also some correlation between metaphor choice and rhetorical purpose: when the speaker is describing present difficulties there is the use of weather metaphors – these remove any possibility of blame or recrimination, since the weather is generally taken to be a given (rather than of human creation). (Charteris-Black, 2014, s. 215)

Her skriv han om kvifor det kan vere eit lurt retorisk grep å ta i bruk omgrepssmetaforar med VER som kjeldedomene for å snakke om problem i samfunnet, sidan vi som oftast opplever veret som noko vi ikkje kan styre og ikkje har skuld i (sett vekk ifrå global oppvarming). Dermed fokuserer han på assosiasjonane som vi har til kjeldedomenet for å forklare valet av akkurat denne omgrepssmetaforen.

I tillegg til å fokusere på omgrepssmetaforane legg Charteris-Black òg vekt på korleis dei blir språkleg realisert i tekst og tale, og kva som blir framheva og skjult i dei metaforiske uttrykka (sjå kapittel 2.5.2). Til dømes skriv han: "Critical explanation of a metaphor involves

working out exactly what that metaphor brings to our attention and what it obscures” (Charteris-Black, 2014, s. 203). I analysen av partiprogramma til det britiske Arbeidarpartiet og Det konservative partiet i Storbritannia skriv han til dømes om korleis dei både inneheld omgrepssmetaforen POLITIKK ER KRIG, men legg vekt på ulike aspekt ved kjeldedomenet, noko som fører til at ulike aspekt ved måldomenet, POLITIKK, blir framheva:

While both parties *defend* social goals or social groups, Labour *attacks* social ills while the Conservative Party *defend* valued social goals or social groups that are represented as being under *attack* by Labour. (Charteris-Black, 2004, s. 70, mine kursiveringar)

Både partia bruker omgrepssmetaforen POLITIKK ER KRIG, men dei framhevar måldomenet på ulike måtar ved å ta i bruk forskjellige aspekt ved kjeldedomenet. Dette fører til ulike forståingar av måldomenet. Medan det britiske Arbeidarpartiet forstår seg sjølv som ein storleik som angrip problem i samfunnet for å bøte på dei, forstår Det konservative partiet seg sjølv først og fremst som ein forsvarar av status quo i det britiske samfunnet.

Dei to faktorane som eg viser til ovanfor – metaforiske følgjeslutningar og framheving/skjuling – er dei eg har valt å legge vekt på for å forklare metaforbruken i tekstane i materialet mitt. Dette gjer at eg har høve til å både fokusere på omgrepssmetaforene som er felles for fleire av forfattarane ved å sjå på kva for metaforiske følgjeslutningar dei har, og til å analysere dei ulike metaforiske uttrykka uavhengig av kvarandre.

## 4 Metafor- og metonymiidentifisering og -tolking

I dette kapittelet kan ein finne resultata av dei to første delane av analysen – identifiseringa og tolkinga av dei metaforiske og dei metonymiske uttrykka. For å identifisere metaforiske uttrykk brukte eg som nemnt Pragglejaz-gruppa sin metaforidentifiseringsprosedyre (MIP), og her kan ein lese om korleis eg valde å implementere han i oppgåva mi. I delen om metafor- og metonymitolking viser eg kva slags omgrepssmetaforar og -metonymiar dei ulike metaforiske og metonymiske uttrykka i materialet mitt kan tene som språklege realiseringar av.

### 4.1 Metafor- og metonymiidentifisering

I likskap med Charteris-Black starta eg identifiseringsprosessen med å nærlése tekstane. Ved å gjere dette først hadde eg høve til å markere potensielle metaforiske uttrykk i tekstane i forkant av MIP. Å bruke MIP på alle språklege einingar i alle dei ti tekstane i analysesematerialet, ville vore svært tidkrevjande og lite fruktbart, derfor valde eg å gjere eit utval av potensielle metaforiske uttrykk ved hjelp av nærlesing, og deretter avklare om dei faktisk var metaforiske ved hjelp av MIP.

Etter den første nærlesinga og markeringa av potensielle metaforiske uttrykk starta eg første runde med MIP, der alle dei markerte språklege einingane blei analysert. For å finne den grunnleggande tydinga til dei forskjellige språklege einingane, brukte eg *Bokmålsordboka* ([ordbok.uib.no](#)) og i nokon tilfelle *Det Norske Akademis Ordbok* ([naob.no](#)) om den grunnleggande tydinga i Bokmålsordboka ikkje var tilstrekkeleg. Etter dette gjennomførte eg ein ny runde med nærlesing og markering av potensielle metaforiske uttrykk for å hindre at viktige metaforiske uttrykk fall utanfor. Til slutt analyserte eg dei språklege einingane som blei markert i andre nærlesing.

Sjølv om MIP er ein nyttig metode når ein skal identifisere metaforiske uttrykk i tekstar, kan han by på enkelte utfordringar. Eg møtte hovudsakleg på to typar utfordringar, og båe desse diskuterer òg Pragglejaz-gruppa i teksten om MIP. Den første gjaldt korleis ein skal handsame idiom og andre meir eller mindre faste kollokasjonar (Pragglejaz Group, 2007, s. 26–27). Ein kan argumentere for at slike uttrykk ikkje er moglege å bryte ned i mindre einingar, fordi dei mister tydinga dei har som heilskap om dei blir brukt i andre kontekstar. Likevel vel dei å dele desse uttrykka opp i fleire språklege einingar, fordi dei hevdar at det er mogleg å forstå den metaforiske tydinga til enkeltdelar av eit fast uttrykk sjølv om det opptrer

for seg sjølv, og ikkje saman med resten av uttrykket.<sup>31</sup> Trass i dette syntest eg det var ei utfordring å dele opp slike uttrykk, til dømes i denne setninga: ”Som i andre større europeiske land har integreringsprosessene *gått i stå*, slik Matthiesen spådde.” (Storhaug, 2015, s. 14, mine kursiveringar). *Stå* blir brukt som eit substantiv i denne setninga, noko det ifølgje ordboka berre gjer i faste uttrykk, som i *gått i stå*, som tyder ’stoppe opp’ (*Bokmålsordboka*, under *stå*). Dermed blir det vanskeleg å handsame dette som ei eiga språkleg eining. Derfor valde eg, i dei tilfella der heile uttrykket står under eit av oppslagsorda, ikkje å dele dei opp, men å handsame dei som eitt metaforisk uttrykk.

Den andre utfordringa eg møtte på, var metonymiske uttrykk. Sjølv om hovudfokuset i oppgåva ligg på metaforar, skrev eg i kapittel 2.3.4 at enkelte metonymiar kom til å bli tatt med i analysen. MIP er laga for å identifisere metaforiske uttrykk i ulike tekstar, men òg for å kunne skilje metaforisk språkbruk frå andre typar språkbruk, til dømes metonymi (Pragglejaz Group, 2007, s. 31). Dermed blir ikkje metoden i utgangspunktet brukt til å identifisere metonymiske uttrykk i ein tekst. Likevel vil eg argumentere for at ein kan bruke ein tilsvarende metode om ein ønsker å finne ut om ei språkleg eining er metonymisk eller ei. Dette kan eg illustrere med eit døme henta frå materialet mitt:

Setning: *Islam* vil sannsynligvis kreve respekt for sin religion, tradisjoner og skikker dess flere tilhengere religionen får (Storhaug, 2015, s. 14, min kursivering).

Språkleg eining: Islam

Kontekstuell tyding: Menneske som identifiserer seg sjølv som muslimar

Grunnleggande tyding: ’Monoteistisk verdensreligion som oppstod i Arabia på 600-tallet’ (*Bokmålsordboka*, under *islam*)

Kontekstuell versus grunnleggande tyding: Ulik tyding, men det er mogleg å nemne ein heilskap for å vise til ein eller fleire delar av kategorien.

Metonymi: Ja

Ein ser altså at det kan vere mogleg å bruke eit tilsvarende skilje og samanlikning mellom grunnleggande og kontekstuell tyding som når ein analyserer moglege metaforiske uttrykk. I dei tilfella der eg møtte på potensielle metonymiske uttrykk som eg meinte var viktige for

---

<sup>31</sup> Dette hevdar dei på bakgrunn av Gibbs (1994), som fann at det er mogleg for folk å forstå den metaforiske tydinga til det engelske ordet *pop* i *pop the question* (å spørje), sjølv om ordet i dei fleste tilfelle tyder noko slikt som ’å kome’ eller ’å dukke opp’ (til dømes i *pop in*).

problemstillinga til oppgåva, valde eg derfor å bruke den illustrerte metoden for å analysere dei potensielle metaforiske uttrykka.

Dei to rundane med nærlæsing og MIP gav meg til saman 378 metaforiske uttrykk og 36 metonymiske uttrykk som var relevante for vidare analyse. Desse tala er ikkje utfyllande for alle metaforiske og metonymiske uttrykk i tekstane, men viser til dei uttrykka som kan seiast å ha ein viktig diskursiv funksjon i materialet. Av dei 378 metaforiske uttrykka, er 133 ein del av omgrepssmetaforane som blir presentert i figur 1 (sjå kapittel 4.2), og 79 av desse blir analysert og forklart i kapittel 5.<sup>32</sup> Blant dei metonymiske uttrykka er 9 av 36 ein del av omgrepssmetonymiane som blir presentert i figur 2 (sjå kapittel 4.3), og 6 av desse blir analysert og forklart i kapittel 5. Talet på metaforiske uttrykk i kvar tekst kan ein sjå i tabell 3:

*Tabell 3: Tal på metaforiske og metonymiske uttrykk i analysesematerialet*

Tekst	Metaforiske uttrykk	Metonymiske uttrykk
”Flytt asylmottak til Asia og Afrika” – Carl I. Hagen	24	2
”Hodeløs innvandringsnaivitet” – Per-Willy Amundsen	30	2
”Moralisme overstyrer realiteter” – Hege Storhaug	54	6
”På tide å tenke konsekvenser” – Per Sandberg	50	6
”Asylkrise og realiteter” – Sylvi Listhaug	41	2
”Hvilken side står du på?” – Snorre Valen	35	3
”Regjeringens ansvar” – Rune Berglund Steen	30	2
”De nye naboen” – Cecilie Myrseth	23	1
”Kappløpet mot bunnen” – Audun Lysbakken	53	12
”Kappløpet mot bunnen” – Jan Egeland	38	0
<b>Til saman:</b>	<b>378</b>	<b>36</b>

## 4.2 Metafortolking


Neste del metaforanalysen til Charteris-Black handlar om å tolke metaforbruken. Målet med denne delen av analysen er å finne samanhengar mellom dei ulike metaforiske uttrykka. Desse

<sup>32</sup> Blant dei 79 metaforiske uttrykka som blir analysert og forklart i kapittel 5, finst det òg nokon metaforiske uttrykk som ikkje er ein del av omgrepssmetaforane i figur 1. Sjå kapittel 5.4.

samanhengane skapte eg gjennom å etablere kva for omgrepssmetaforar, altså kognitive storleikar, dei metaforiske uttrykka kunne tene som språklege realiseringar av.

I likskap med identifiseringsdelen involverte òg tolkinga god del sorteringsarbeid, ikkje berre for å finne samanhengar mellom dei ulike metaforiske uttrykka, men òg for å kunne sette eit skilje mellom dei sentrale og dei mindre sentrale omgrepssmetaforane. Tolkinga av dei metaforiske uttrykka viste fort eit mønster som gjorde det intuitivt å dele omgrepssmetaforane inn i tre hovudgrupper med forskjellige underkategoriar. Dei tre hovudgruppene eg har delt inn i er omgrepssmetaforar om (1) innvandring, (2) innvandringspolitikk og (3) Noreg og Europa. Undergruppene og omgrepssmetaforane innanfor desse kan ein sjå i figur 1. I likskap med dei metaforiske uttrykka er heller ikkje omgrepssmetaforane i figurane ei uttømmande liste over alle omgrepssmetaforane som finst i materialet mitt. Eg valde å gjere enda ei sortering, og la vekt på dei omgrepssmetaforane som det fanst flest språklege realiseringar av (gjerne i fleire ulike tekstar), og dei omgrepssmetaforane der kjeldeområda var dei same for fleire måldomene. I presentasjonen av dei ulike omgrepssmetaforane nedanfor kan ein dermed sjå dei omgrepssmetaforane som flest metaforiske uttrykk tener som språklege realiseringar av (særleg relevant for metaforane om innvandring og innvandringspolitikk), og dei omgrepssmetaforane som har same kjeldeområda som andre omgrepssmetaforar (særleg relevant for metaforane om Noreg og Europa).

*Figur 1: Omgrepssmetaforar*



Tekstane innehold metaforiske uttrykk både om innvandring som fenomen og innvandrarar. I tillegg skriv mange av forfattarane, særleg dei restriktive, om kva for konsekvensar innvandring kan få for det norske og europeiske samfunnet. Eg fann det naudsynt å skilje dei metaforiske uttrykka om konsekvensar frå omgrepssmetaforane om innvandring/innvandrarar, fordi dei hadde andre måldomene enn INNVANDRING eller INNVANDRARAR.

I den neste hovudgruppa, som inneheld omgrepssmetaforar om innvandringspolitikk, valde eg å dele omgrepssmetaforane inn i to grupper – ei gruppe om restriktiv innvandringspolitikk og ei om liberal innvandringspolitikk. Dei ulike forfattarane skriv både om politikk dei er einige i og politikk dei tar avstand frå, men eg fann likevel at dei først og fremst bruker metaforar for å kritisere politikk dei ikkje er einig i, framfor å forsøke å skape legitimitet for den politikken dei sjølv er tilhengarar av, ved hjelp av metaforar.


Den siste hovudgruppa inneheld metaforar om Noreg og Europa. I materialet var det litt varierande om forfattarane la vekt på innvandring først og fremst til Noreg, eller om dei hadde eit meir europeisk perspektiv i teksten. Derfor meiner eg at dette skiljet mellom Noreg og Europa er naudsynt for å kunne få med alle relevante omgrepssmetaforar i analysen.

Ei utfordring med denne inndelinga er at fleire av dei metaforiske uttrykka kan plasserast i fleire grupper; til dømes er uttrykka i gruppa innvandring ofte overlappande med uttrykka som handlar om konsekvensar av innvandring. For å løyse denne utfordringa valde eg å plassere alle omgrepssmetaforane som hadde INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene i gruppa for innvandring og innvandrarar. Av same grunn valde eg å plassere omgrepssmetaforar med NOREG eller EUROPA som måldomene i gruppa for Noreg og Europa, sjølv om dei òg var relevante for andre grupper.

#### **4.3 Metonymitoking**

På same måte som tolkinga av dei ulike metaforiske uttrykka innebar å etablere felles omgrepssmetaforar for fleire metaforiske uttrykk, innebar neste del av analysen av dei metonymiske uttrykka å forsøke å etablere omgrepssmetonymiar som var felles for fleire metonymiske uttrykk. Alle dei relevante metonymiske uttrykka i tekstane kan seiast å vere språklege realiseringar av omgrepssmetonymien HEILSKAP FOR DEL, der vi får tilgang til ein del av ein heilskap ved å vise til heilskapen (Kövecses, 2010, s. 178). Som ved omgrepssmetaforane gjennomførte eg ei sortering av dei ulike omgrepssmetonymiane og valde å fokusere på dei som det fanst flest språklege døme på. Ei oversikt over dei relevante omgrepssmetonymiane kan ein sjå i figur 2 .

*Figur 2: Omgrepsmetonymiar*



#### 4.4 Oppsummering

I dette kapittelet har eg vist fram resultata av dei to første delane av den kritiske metaforanalysen. Første del har vist fram resultata av metafor- og metonymiidentifiseringa, der eg brukte MIP for å identifisere metaforiske og metonymiske uttrykk i materialet. I andre del av kapittelet blei omgrepsmetaforane og -metonymiane som dei metaforiske og metonymiske uttrykka kan tene som språklege realiseringar av, presentert og kort forklart. I neste kapittel analyserer eg uttrykka og omgrepsmetaforane/-metonymiane vidare, og forklarer deira diskursive funksjon.

## **5 Metafor- og metonymiforklaring**

I forklaringsdelen av analysen er oppgåva å finne ut kva for roller dei ulike omgrepssmetaforane/omgrepssmetonymiane og metaforiske/metonymiske uttrykka speler. Meir spesifikt ønsker eg, som nemnt, å svare på korleis dei bidrar til å skape eller skade legitimitet for anten ein restriktiv eller ein liberal innvandringspolitikk. Dette vil eg forsøke å gi svar på ved først å forklare kva metaforiske følgjeslutningar ein kan finne i dei ulike omgrepssmetaforane, altså korleis dei overordna kognitive storleikane kan spele ei rolle i å skape eller skade legitimitet. For kvar omgrepssmetafor har eg laga tabellar som viser tilordningane mellom kjelde- og måldomene, for å vise kvar for nokon aspekt ved kjeldedomenet som blir projisert over på måldomenet i dei metaforiske uttrykka. Deretter vil eg analysere dei metaforiske uttrykka innanfor kvar omgrepssmetafor. Eg vil fokusere på kva for aspekt ved måldomenet som blir framheva, og kva som eventuelt blir skjult.

Eg har allereie delt omgrepssmetaforane inn i tre hovudgrupper. Først vil eg analysere omgrepssmetaforane og dei metaforiske uttrykka som handlar om innvandring, deretter dei som handlar om innvandringspolitikk, og til sist dei som handlar om Noreg og Europa. Etter analysen av omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk i dei tre hovudgruppene går eg vidare til å analysere metaforiske uttrykk som ikkje passar inn i nokon av hovudgruppene, men som likevel kan seiast å ha ein viktig diskursiv funksjon. Til sist vil eg gjere ein liknande analyse av eit utval metonymiske uttrykk i materialet, før eg avsluttar med ei kort oppsummering.

I analysen kjem eg til å presentere dei ulike metaforiske uttrykka med tal og bokstavar (til dømes (1a)), for å gjere det enklare å referere til dei i oppgåveteksten. Heile (eller delar av) setningar blir presentert, og det metaforiske uttrykket er kursivert i presentasjonen. I tillegg vil eg bruke initialane til dei ulike forfattarane i slutten av kvar setning, slik at lesaren kan sjå kven som har skrive setninga. Når eg viser metaforiske uttrykk frå fleire forfattarar for å illustrere bruken av ein omgrepssmetafor, vil eg først presentere forfattarane som argumenterer for ein restriktiv innvandringspolitikk, deretter dei som argumenterer for ein liberal innvandringspolitikk. Vidare vil eg rangere dei etter når tekstane er skrivne, og eg startar med den eldste teksten. Nedanfor kan ein sjå ei oversikt over forfattarane sine initialar:

CIH – Carl I. Hagen

HS – Hege Storhaug

PS – Per Sandberg

PWA – Per-Willy Amundsen

SL – Sylvi Listhaug

AL – Audun Lysbakken

CM – Cecilie Myrseth

JE – Jan Egeland

RBS – Rune Berglund Steen

SV – Snorre Valen

## **5.1 Innvandring**

Den første gruppa av omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk inneheld tre undergrupper.

Den første undergruppa inneheld omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk med INNVANDRING som måldomene, den andre har INNVANDRARAR som måldomene, og den tredje inneheld omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk som handlar om moglege konsekvensar av innvandring. Eg har allereie kommentert at nokon av dei metaforiske uttrykka kan vere døme på fleire omgrepssmetaforar (sjå kapittel 4.2), men eg har valt å plassere dei metaforiske uttrykka som har INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene i desse gruppene. I dei tilfella der det metaforiske uttrykket kan passe inn i fleire omgrepssmetaforar, kjem eg til å kommentere det.

### **5.1.1 Omgrepssmetaforar med INNVANDRING som måldomene**

I materialet mitt fanst det fire forskjellige omgrepssmetaforar der INNVANDRING blir skrive om og forstått ved hjelp av eit meir konkret kjeldeomene. Kjeldeomena som blir brukt i materialet, er PRESS PÅ EIN BEHALDAR, VATN I RØRSLE, SJANSESPEL og TRUSSEL. Eg kjem til å analysere alle desse omgrepssmetaforane og språklege realiseringane av dei.

#### **5.1.1.1 INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR**

I denne omgrepssmetaforen blir innvandring forstått som eit fysisk press på ein behaldar.

Tilordningane for omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 4.

*Tabell 4: Tilordningar for INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR*

<b>Kjelde: PRESS PÅ EIN BEHALDAR</b>	<b>Mål: INNVANDRING</b>
Press	→ Innvandring
Behaldar	→ Nasjon/verdsdel eller abstrakt storleik som asylsøkarar forsøker å kome til
Årsak til press	→ Årsak til at menneske flyktar frå heimlandet til ein annan nasjon eller verdsdel
Konsekvensar av press	→ Konsekvensar av at asylsøkarar kjem til ein nasjon/verdsdel

I dei metaforiske uttrykka i (1) er det forskjellige storleikar som blir forstått som ulike behaldarar ved hjelp av ontologiske metaforar (sjå kapittel 2.3.3). I alle dei metaforiske uttrykka i (1), utanom (1b) og (1e), er det abstrakte storleikar som blir forstått som behaldarar,

og dette gjer det mogleg å referere til dei som ”ting” som kan bli utsette for press. I (1b) og (1e) er det verdsdelen Europa som blir forstått som ein behaldar. Verdsdelar kan opplevast som å ha dei same karakteristikkane som ein behaldar – ei innsida, ei utsida og ei grense som skil mellom innsida og utsida – derfor kan det vere intuitivt å bruke BEHALDAR-domenet for å forstå dei. Det bør likevel nemnast at det ikkje er like intuitivt å forstå storleiken som blir utsett for press som ein behaldar i alle dei metaforiske uttrykka i (1). I alle dei metaforiske uttrykka finst det eit skilje mellom presset og storleiken som blir utsett for press, men å kalle storleiken ein behaldar kan av og til bli litt for spesifikt. I (1a) og (1c) har eg derfor valt å tolke kjeldeomenet som PRESS PÅ EIN BARRIERE.

Presset i denne omgrepsmetaforen kan ein seie er innvandring som fenomen, og ikkje innvandrarane i seg sjølve. I alle fall er det ikkje ein enkelt innvandrar som skapar press, men heller ei gruppe av innvandrarar. Dermed kan ein hevde at forståinga av innvandring som eit press kan medverke til å dehumanisere innvandrarar, fordi dei i staden for menneske blir forstått som noko som legg trykk på ein behaldar, som vidare får konsekvensar for det/dei som allereie er inne i behaldaren.

Når vi forstår noko metaforisk som press, altså som eit ’påtrykk’ (*Bokmålsordboka*, under *press*), bruker vi det som oftast om noko negativt, til dømes i ”gruppepress” eller ”kjøpepress”. Det same er tilfellet i dei metaforiske uttrykka i (1) – presset blir forstått som noko ein må fjerne eller i alle fall minske. Sidan det er innvandring som i desse døma blir forstått som eit press, er det innvandringa ein må fjerne eller minske.

I alle dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepsmetaforen vil eg hevde at presset har evne til å påverke innhaldet i behaldaren negativt, anten fordi behaldaren kan bli for full, eller fordi innvandringa vil føre til at innhaldet i behaldaren på ein eller annan måte vil bli endra.

(1)

- a. ”Virkeligheten innhenter avtaleverket og de bestående ordninger fordi *presset* er blitt for stort – fra folk som meget forståelig rømmer fra nød, borgerkrig, fattigdom og elendighet i flyktningeleire.” (CIH)
- b. ”Matthiessen pekte på det betydelige *innvandringspresset* dette vil *legge på* Europa [...].” (HS)

I (1a) kan det vere litt uklart kva det faktisk er innvandringa pressar på, men det er intuitivt å forstå *avtaleverket* og *bestående ordninger* som storleikane som blir utsette for press. Ut ifrå konteksten som uttrykket står i (sjå vedlegg) refererer desse storleikane blant anna til

Schengen-systemet og Dublin-avtalen, og det at desse blir innhenta av røynda, er ein konsekvens av presset som blir skapt av innvandring til Noreg og Europa. I det metaforiske uttrykket i (1a) kan ein hevde at det er meir intuitivt å tolke kjeldedomenet som PRESS PÅ EIN BARRIERE framfor BEHALDAR, fordi det er vanskeleg å tolke *avtaleverket* og *bestående ordninger* som ulike behaldarar som kan bli ”fylt opp”. Ei anna mogleg tolking er å forstå dei som ulike bygningar eller strukturar med ein barriere rundt – *verk* kan til dømes tyde ’bygningsdel’ eller ’kontstruksjon’ (*Bokmålsordboka*, under *verk*). *Avtaleverket* og *ordningene* har ein barriere som har til funksjon å verne om dei, men barrieren er blitt broten ned på grunn av presset som innvandringa skapar.

I (1b) er det verdsdelen Europa som blir forstått som behaldaren som det blir lagt press på. Konteksten setninga står i handlar om befolningsvekst i Midtausten (sjå vedlegg), og det er denne veksten som er årsaka til at det kjem eit press på Europa. Sidan det metaforiske uttrykket blir brukt i samanheng med befolningsvekst, er det mogleg å forstå presset som noko som står i fare for å ”fylle opp” Europa.

(1) forts.

- c. ”Strømmen fra Afrika og Midtosten kan føre til ”*et voldsomt press* på europeiske verdier som demokrati, ytringsfrihet og kjønnenes likestilling”.” (HS)
- d. ”*Presset* på helsetjenester vil øke, og syke mennesker må belage seg på lengre køer.” (PS)
- e. ”Det er ikke usannsynlig at det kan komme dobbelt så mange migranter til Europa i år sammenlignet med fjaråret, som var rekordhøyt. *Ankomstene* vil øke der *motstanden* (enten fysisk, politisk eller på annen måte) er minst.” (SL)

I (1c) blir omgrepsmetaforen INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR brukta saman med ein annan omgrepsmetafor – INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE (sjå kapittel 5.1.1.2). Her er det menneske frå Afrika og Midtausten, forstått metaforisk som ein straum av vatn, som skapar eit press. I dette metaforiske uttrykket kan det vere meir naturleg å tolke kjeldedomenet som PRESS PÅ EIN BARRIERE. I likskap med (1a) kan det vere vanskeleg å forstå forskjellige europeiske verdiar som behaldarar som kan bli ”fylt opp” på grunn av innvandring. Ei anna mogleg tolking er da at innvandring kan skape eit press på ein barriere rundt desse verdiane, og kan ha høve til å bryte barrieren ned og skyve dei forskjellige verdiane til side, til fordel for andre, kanskje motstridande verdiar.

I (1d) kan ein seie at *presset* er meir ein mogleg konsekvens av innvandring, enn innvandring i seg sjølv. Det at fleire menneske kjem til Noreg, kan føre til at fleire vil trenge medisinsk hjelp, altså plass i behaldaren, som i dette tilfellet er forskjellige helsetenestar. Ein vidare konsekvens av dette er at dei som allereie er inne i behaldaren, dei som ventar på medisinsk hjelp, må vente enda lenger, fordi innhaldet i behaldaren aukar.

Til forskjell frå dei andre metaforiske uttrykka i (1) blir ikkje *press* nemnt eksplisitt i (1e), men eg vil likevel hevde at uttrykket kan tene som eit døme på INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR. I likskap med (1b) er det igjen Europa som blir oppfatta som ein behaldar, og forfattaren framstiller innvandring som *[a]nkomstene* til Europa. Eg vil hevde det er mogleg å tolke *ankomstene* som eit press på forskjellige land i Europa, i og med at forfattaren skriv at *ankomstene* vil auke der *motstanden er minst*. *Motstand* kan tolkast som eit tiltak mot presset (til dømes ved fysiske grenseverk eller politiske vedtak som gjer det vanskelegare for innvandrarar å kome inn i landet), og dei landa som ikkje har innført slike tiltak, vil vere meir utsett for press enn andre land.

(1) forts.

- f. "Dessuten mener SV at regjeringen må vurdere om midlertidige begrensninger i arbeidsinnvandring er mulig, for å *dempe presset* på et allerede utsatt arbeidsmarked." (AL)

I det siste dømet på denne omgrepssmetaforen, (1f), er det arbeidsmarknaden i Noreg som blir oppfatta som ein behaldar. Om fleire menneske kjem til Noreg, vil ein naturleg konsekvens vere at desse menneska ønsker å tene pengar i landet, og dette kan skape eit press på behaldaren. For å bøte på dette presset som innvandringa kan skape, er ei mogleg løysing, ifølgje forfattaren, å minske arbeidsinnvandringa til Noreg for ein periode.

(1a)–(1e) er skrivne av tilhengarar av ein restriktiv innvandringspolitikk, medan (1f) er skriven av Audun Lysbakken, som argumenterer for ein liberal innvandringspolitikk i teksten sin. Dermed kan ein sjå at INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR blir brukt av både dei politiske sidene i innvandringssaka, sjølv om det finst ei overvekt på den restriktive sida.

### **5.1.1.2 INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE**

Tilordningane for denne omgrepsmetaforen kan ein sjå i tabell 1.

*Tabell 1: Tilordningar for INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE*

<b>Kjelde: VATN I RØRSLE</b>	<b>Mål: INNVANDRING</b>
Land som vatn slår mot/strøymer inn i Vatn i rørsle Sluser Intensitet på rørla Øydeleggingar skapt av vatn i rørsle	→ Nasjon/verdsdel/samfunnsfunksjon → (Stor) gruppe av innvandrarar i rørsle → Nasjonale grenser → Intensitet på innvandringa → Konsekvensar av innvandring

Omgrepsmetaforar med vatn som kjeldedomene er blitt veldig konvensjonelle i diskursar som handlar om innvandring. Både Santa Ana (1997, 1999), El Refaie (2001) og Charteris-Black (2006) fann metaforske uttrykk med VATN som kjeldedomene i materialet dei analyserte. Det same gjeld for mitt analysemateriale, omgrepsmetaforen INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE blir mykje brukt, og han blir brukt av fleire forfattarar. Metaforske uttrykk innanfor omgrepsmetaforen finst i alle tekstane som argumenterer for ein restriktiv innvandringspolitikk, og i to av tekstane som argumenterer for ein liberal politikk.

Det kan vere naturleg å sjå denne omgrepsmetaforen i samanheng med NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR (kapittel 5.3.1) og INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR (kapittel 5.1.1.1). I tilordningane (tabell 1) kan ein sjå at området som vatnet slår mot korresponderer med ein nasjon, verdsdel eller samfunnsfunksjon, og alle tre blir ofte forstått som behaldarar. I tillegg kan vatnet forståast som eit press mot området det treffer.

Ein annan likskap med INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR er at INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE òg bidrar til dehumanisering av innvandrarar (Santa Ana, 1997, s. 322–323). Dei blir forstått som vatn i staden for menneske, og det er i kraft av at fleire innvandrarar beveger seg same veg, at dei blir forstått til dømes som ein straum. Det kan påpeikast at ei gruppe menneske som beveger seg same veg reint visuelt kan likne på ein vasstraum, og vi bruker VATN-metaforar om menneske i andre tilfelle enn når vi snakkar og skriv om innvandring, til dømes i ”folkehav”. Dette kan bidra til å forklare kvifor denne forståinga av innvandring er blitt så konvensjonell i språket. Ei anna mogleg årsak er at mange av dei som forlét heimlandet og innvandra til Europa i 2015, reiste via Middelhavet. Koplinga mellom innvandrarane og havet kan derfor, til ei viss grad, sjåast som motivert. Den same koplinga argumenterer El Refaie for i artikkelen sin om når kurdiske flyktingar kom

Italia i 1998 (2001, s. 359). Det faktum at flyktningane kom inn i Europa via havet, kan vere ei mogleg årsak til at vatn-temaet var såpass dominant i materialet hennar.<sup>33</sup>

I kapittel 3.2.2 viste eg til Charteris-Black sin analyse av den første innviingstalen til Obama. og korleis bruken av VER som kjeldedomene kunne vere eit lurt retorisk grep for å omgrepssleggjere utfordringar i samfunnet (Charteris-Black, 2014, s. 215). Sidan vêret som oftast blir opplevd som noko gitt, og ikkje som noko menneskeskapt, kan det vere mogleg å fjerne eventuell skuld nokon har i desse utfordringane. Eg vil hevde ein kan knyte ei liknande metaforisk følgjeslutning til VATN I RØRSLE. Vatn i rørsle, til dømes i straumar og bølgjer, kan òg bli oppfatta som eit naturleg fenomen. Å bruke omgrepssmetaforar med desse fenomena som kjeldedomene kan dermed bidra til ei oppfatning av innvandring som noko som skjer ”av seg sjølv”. I tillegg gir dei hove til å forstå innvandring som noko Noreg og Europa ikkje har skulda for, og dermed heller ikkje har ansvar for. Eventuell skuld som Noreg og Europa har i at menneske i Afrika og Midtausten må flykte kan bli fjerna, eller i alle fall minskar, ved bruken av denne omgrepssmetaforen. Om ein ikkje har skuld i noko som har gått gale, har ein heller ikkje ansvar for å bøte på det.

Sidan vatn i rørsle kan forståast som eit naturleg fenomen, kan det òg oppfattast som eit fenomen som kan vere vanskeleg å kontrollere. Vi kan til ei viss grad kontrollere vatn, til dømes ved å bygge sluser og demningar. Likevel opplever vi ofte vatn, særleg flaumar og bølgjer, som noko vi ikkje kan kontrollere, og som noko som kan føre til store øydeleggingar. Om vi så forstår innvandring og innvandrargar som straumar, flaumar eller bølgjer, kan det skape ei uheldig oppleveling av innvandring som noko vi ikkje kan kontrollere, og konsekvensane av innvandring kan oppfattast som forskjellige øydeleggingar som vatn i rørsle kan skape (Semino, 2008, s. 88). Vidare kan denne forståinga bidra til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk, for i den grad ein *kan* kontrollere vatnet, *bør* ein gjere det, om ein skal kunne forhindre øydeleggingar.

Dei metaforiske uttrykkja innanfor denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i (2).

(2)

- a. ”En slik organisering vil stoppe *tilstrømmingen* til Europa øyeblinkelig.” (CIH)
- b. ”Men migrasjons- og flyktningbølgen vi ser innover Europa nå, er bare et ”*skulp*” opp mot antallet som antagelig kommer de neste årene.” (HS)

---

<sup>33</sup> I staden for å skilje mellom omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk, bruker El Refaie termane tema (*theme*) for å uttrykke underliggende tema for forskjellige kjennemerke (*tokens*), altså språklege uttrykk.

I (2a) blir innvandring forstått som *tilstrømming/en*. I fleire av dei andre metaforiske uttrykka som tener som døme på denne omgrepsmetaforen, blir det spesifisert kva for ein type straum eller bølgje forfattarane skriv om, men her må ein sjølv forstå at det er innvandring tilstrøyminga refererer til ut ifrå konteksten. Ein kan argumentere for at dette bidrar til ei ytterlegare dehumanisering av innvandralar samanlikna med dei andre metaforiske uttrykka, fordi dei blir fråtatt absolutt alle menneskelege kjenneteikn.

I (2b) blir både migrantar og flyktningar forstått som ei *bølge* på veg mot Europa, og Europa blir forstått som landområdet vatnet slår mot. Det andre metaforiske uttrykket ein kan sjå i (2b) – et ”*skvulp*” – er særleg interessant. *Skvulp* kan sjåast som ei nominalisering av verbet *skvulpe*, som tyder ’være i gyngende, plaskende bevegelse’ (*Bokmålsordboka*, under *skvulp* og *skvulpe*). Her blir det brukt for å forklare at talet på innvandralar i 2015 er lågt samanlikna med talet på innvandralar som vil kome til Europa og Noreg i framtida. Sjølv om ein del av tilordningane mellom kjelde- og måldomene i tabell 1 omhandlar intensitet, kan ein hevde at dette metaforiske uttrykket er eit døme på metaforisk kreativitet. Semino (2008, s. 219) skil mellom metaforisk kreativitet skapt av kreative omgrepsmetaforar og kreative metaforiske uttrykk som ein del av ein konvensjonell omgrepsmetafor, og i dette tilfellet vil eg argumentere for at ein kan sjå døme på den siste typen. INNVANDRING blir framleis forstått som VATN I RØRSLE, men det metaforiske uttrykket finst ikkje innanfor dei konvensjonelle tilordningane mellom kjelde- og måldomene. Kövecses skriv likevel at ”[o]nce we have a source domain that conventionally constitutes a target, we can use any component of this source that fits elements of the target” (2010, s. 291). Sjølv om det metaforiske uttrykket finst utanfor dei konvensjonelle tilordningane, så er det likevel mogleg å bruke det, sidan det passar til eit korresponderande aspekt ved måldomenet.

Kreative metaforiske uttrykk kan ofte ha ein spesifikk diskursiv funksjon (Semino, 2008, s. 30–31). I (2b) kan ein hevde at forfattaren ønsker å få fram at talet på innvandralar som kom i 2015 er mindre enn det som vil kome i framtida, og tar i bruk eit aspekt ved kjeldedomenet som kan bidra til å få dette klart fram. Sidan ”*skvulp*” står i hermeteikn kan uttrykket òg tene som døme på det som blir kalla metaforsignalisering. Her blir eit ortografisk verktøy brukt for å signalisere nærværet av eit metaforisk uttrykk (sjå kapittel 2.4.2).

Det metaforiske uttrykket i (2b) kan bidra til å forme eit bilet av innvandring som noko overveldande hos den norske og europeiske befolkninga. Det var trass alt relativt mange menneske som kom til Noreg og Europa i 2015, så om talet ikkje kan samanliknast med innvandringa vi kan få oppleve i framtida, er det forståeleg om det kan opplevast som

skremmande for enkelte som les teksten. Vidare kan da uttrykket bidra til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk, sidan han kan ha høve til å motverke dette framtidsscenarioet.

(2) forts.

- c. "Strømmen fra Afrika og Midtøsten kan føre til "et voldsomt press på europeiske verdier som demokrati, ytringsfrihet og kjønnenes likestilling"." (HS)
- d. "[...] men kaster seg på strømmen av asylanter da portene til Europa uansett står åpne på vidt gap." (PS)

Samanhengen mellom INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE og INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR kan ein sjå tydeleg i (2c). Innvandring til Europa, forstått som ein *strøm*, kan føre til eit *press* på ulike barrierar. Straumen er altså årsaka til presset, og presset er ein mogleg konsekvens av straumen. Setninga i (2c) kan tene som eit døme på det som blir kalla for metaforisk klyngedanning (sjå kapittel 2.4.2). Slike klynger av metaforar kan til dømes bli brukt til å få fram særleg viktige poeng i ein tekst. Her kan ein hevde at klynga gjer at forfattaren får fram både at mange innvandrarar er på veg til Europa, at innvandringa kan vere vanskeleg å kontrollere (i kraft av at ho blir forstått som ein straum), og at ho kan føre til ulike forandringar i Europa.

Ei liknande metaforklynge kan ein finne i (2d), her blir INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE brukt saman med EUROPA SOM BEHALDAR (kapittel 5.3.1). Innvandring blir igjen forstått som ein *strøm*, og straumen er på veg mot Europa, forstått som ein behaldar. Ein kan lukke *portene* til Europa, men ifølgje forfattaren stod dei opne *på vidt gap* da teksten blei skiven.

Ved å forstå straumen som noko innvandrarar kan *kaste seg på*, blir det framheva at ein (vass)straum kan frakte ulike gjenstandar med seg frå ein stad til ein annan. Dette kan skape ei forståing av flukt som noko enkelt, og noko ein ikkje treng å legge noko innsats i for å klare. Eg vil hevde at det metaforiske uttrykket bidrar til ei uheldig framstilling av reisa frå Afrika og Midtausten til Europa, særleg sidan over 30 000 menneske har mista livet på Middelhavet sidan 2000 (Norsk riksringkasting, 2018).

(2) forts.

- e. "[...] men ofte også høfde og usaklige innlegg om velferdsstatens ”kollaps”, den endeløse *strømmen av innvandrere*, og så videre.” (SV)
- f. ”Uten adekvat innsats fra regjeringen risikerer vi at de økte ankomstene vil *slå* som en voldsom *bølge* gjennom asylsystemet i lang tid framover.” (RBS)

(2e) og (2f) er båe henta frå tekstane til politiske aktørar som argumenterer for ein liberal innvandringspolitikk. Det kan tyde på at omgrepssmetaforen, trass i dei negative følgjeslutningane, er blitt legitim å bruke i ein (politisk) diskurs om innvandring. Det er likevel viktig å påpeike at båe uttrykka blir brukt for å kritisere korleis vi tar imot og handsamar innvandrarar i Noreg. I (2e) viser forfattaren korleis han meiner at enkelte nordmenn skriv om innvandrarar, og i konteksten setninga står i, kjem det tydeleg fram at forfattaren er ueinig i denne framstillinga av innvandrarar. I (2f) blir regjeringa kritisert for si innsats i handsaminga av innvandrarar som kjem til Noreg. Om regjeringa gjer ein skikkeleg jobb no, vil dei kunne forhindre *en voldsom bølge* av innvandrarar i framtida.

Trass i at uttrykka blir brukt for å kritisere haldningar blant nordmenn og regjeringa si handsaming av innvandrarar, bidrar dei til å vidareføre ei negativ forståing av innvandring som noko som strøymer eller slår mot Noreg eller delar av Noreg, og eg vil derfor hevde at dei kan bidra til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk, sidan han i større grad enn ein liberal innvandringspolitikk har høve til å kontrollere straumen eller bølgja.

I analysematerialet fanst det ti metaforiske uttrykk med *strøm* (eller variantar av *strøm*, til dømes *tilstrømming*) og fem metaforiske uttrykk med *bølge*. Sjølv om båe desse kan tene som språklege realiseringar av INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE, vil eg likevel hevde at dei har litt ulike metaforiske følgjeslutningar knytte til seg. Både straumar og bølgjer kan skape øydeleggingar på landområda dei kjem i kontakt med, men øydeleggingane er ofte meir dramatiske om det er ei bølgje som forårsakar dei (i alle fall om det er snakk om ei flodbølgje). I tillegg kan ein oppleve straumar, til dømes i elver, som relativt naturlege og ufarlege fenomen, medan bølgjer (i alle fall vindbølgjer) blir meir påverka av andre faktorar, til dømes vindstyrke eller jordskjelv, og kan dermed verke meir skremmande og dramatiske.

Dermed kan ein hevde at sjølv om båe dei metaforiske uttrykka har negative følgjeslutningar, kan dei setningane som inneheld *bølge* forme eit meir dramatisk bilet av innvandring til Noreg og Europa enn det dei som inneheld *strøm* kan.

### **5.1.1.3 INNVANDRING SOM SJANSESPEL**

Tilordningane for INNVANDRING SOM SJANSESPEL kan ein sjå i tabell 5.

*Tabell 5: Tilordningar for INNVANDRING SOM SJANSESPEL*

<b>Kjelde: SJANSESPEL</b>	<b>Mål: INNVANDRING</b>
Sjansespel	→ Innvandring
Innsats	→ Nasjon/verdsdel/abstrakt storleik
Gevinst	→ Positive konsekvensar av innvandring
Tap	→ Negative konsekvensar av innvandring

I eit sjansespel må ein satse for å kunne vinne, men dette gjer òg at det er ein sjanse for å tape det ein har satsa. Resultatet av spelet er usikkert, og om ein tapar, kan ein ikkje ta tilbake det ein har satsa. I mitt materiale finst det døme på at innvandring blir forstått som eit sjansespel, og Noreg, Europa og abstrakte storleikar innanfor Europa blir oppfatta som innsatsen i spelet. Når innvandring blir forstått slik, blir ho oppfatta som noko som kan få store konsekvensar. Konsekvensane *kan* strengt tatt vere både positive og negative, sidan ein både kan vinne og tape, men spørsmålet er om det er verdt risiko, sidan tap er eit mogleg resultat av spelet. Dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i (3):

(3)

- a. "Det er demografi og verdier som *står på spill*." (HS)
- b. "Europa *står på spill*." (PS)
- c. "Europa og Norges fremtid *står nå på spill*." (PS)

I (3a) blir *demografi* og *verdier* oppfatta som innsatsen i sjansespelet. Det blir ikkje spesifisert kva for demografi eller kva for verdiar forfattaren viser til, men om ein ser på neste setning i teksten, kan ein hevde at det er demografien og verdiar i forskjellige europeiske land det er snakk om: "Den første kraftige advarsele fra faglig hold om hva *Europas nasjonalstater* kunne vente seg, kom i 1999 [...]." (Storhaug, 2015, s. 14, mine kursiveringar). Innvandring til Europa kan, ifølgje forfattaren, føre til endringar i demografien i ulike europeiske land, og i tillegg kan det føre til at andre verdiar enn dei ho ser på som europeiske, får innpass i ulike land. Kva endringar i demografien i Europa faktisk vil innebere, er vanskeleg å gi eit konkret svar på, men ei mogleg tolking kan vere at ho meiner endringar i befolningsstrukturen i europeiske land, til dømes med opprettning av såkalla parallellsamfunn – område der därleg integrering av innvandrarar har fått fleire negative konsekvensar, blant anna høg grad av kriminalitet (Solberg, 2016). Desse endringane blir framstilt som nokså alvorlege når dei blir

forstått som ein innsats, fordi dei i kraft av denne forståinga blir framstilt som noko som kan forsvinne heilt, ikkje berre endre seg.

Den same framstillinga kan ein sjå i dei to andre metaforiske uttrykka, (3b) og (3c). I (3b) er det Europa generelt som *står på spill*. Risikoen er stor – innvandring kan føre til at sjølve verdsdelen går tapt. Kva eit tap av Europa reint praktisk vil innebere, skriv ikkje forfattaren noko om, men ei mogleg tolking er at andre folkeslag enn europearar ”overtar” verdsdelen. Det vil ikkje lenger vere dei som no bur i Europa som bestemmer korleis verdsdelen skal vere, men menneske frå andre verdsdelar. Ei slik forståing av konsekvensane av innvandring kan bidra til å skape frykt, og vidare til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk.

I (3c) blir òg Noreg inkludert som ein del av innsatsen, og her blir det òg lagt vekt på at ein ikkje kan vite resultatet av spelet før ein har satsa, sidan det er *fremtid[en]* til Noreg og Europa som står i fare for å gå tapt.

Alle dei metaforiske uttrykka i (3) er frå tekstar som argumenterer for ein restriktiv innvandringspolitikk, og sjølv om sjansespelet òg kan føre til gevinst, kan ein sjå på konteksten som setningane står i, at forfattarane meiner at tap er meir sannsynleg enn gevinst. Om vi til dømes ser på konteksten til (3b), kjem det tydeleg fram at forfattaren har ei mening om kva utfallet av spelet kjem til å bli: ”Europa står på spill. Dersom vi ikke finner en løsning på migrasjonsutfordringen, vil det bety begynnelsen på slutten for EU og Europa slik vi kjenner det” (Sandberg, 2015, s. 38).

#### **5.1.1.4 INNVANDRING SOM TRUSSEL**

Tilordningane for denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 6.

*Tabell 6: Tilordningar for INNVANDRING SOM TRUSSEL*

Kjelde: TRUSSEL	Mål: INNVANDRING
Trussel	→ Innvandring
Truande menneske	→ Innvandrargar
Dei som blir trua	→ Nasjon/verdsdel/samfunnsfunksjon

Alle dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepssmetaforen handlar om moglege konsekvensar av innvandring, men sidan konsekvensane blir opplevde som truande, og sidan alle har INNVANDRING som måldomene, har eg valt å samle dei i ein eigen omgrepssmetafor.

Årsaka til at eg har valt å kategorisere kjeldedomenet som ein trussel, er for det første at alle dei moglege konsekvensane av innvandringa er negative. I tillegg skriv ikkje forfattarane at dette *kjem* til å skje, men at det *kan* skje. Dei metaforiske uttrykka kan ein sjå i (4):

(4)

- a. ”Når politikere baserer avgjørelser på føleri i stedet for kunnskap kan resultatet *bli fatalt.*” (PWA)
- b. ”Uten en kontrollert innvandring kan selve fundamentet for det norske velferdssamfunnet *bli truet.*” (PWA)
- c. ”[...] med *fare* for å komme i samme situasjon som Sverige i fjor, der mottaksapparatet holdt på å kollapse.” (SL)
- d. ”Det kan bidra til å sette asylinstituttet *i fare* fordi vi ikke bli i stand til å kunne gi personer med et reelt beskyttelsesbehov hjelp.” (SL)

I (4a) kan ein kanskje finne den mest alvorlege trusselen. *Fatal* tyder ’skjebnesvanger’, ’katastrofal’, ’uheldig’ eller ’som fører til døden’ (de Caprona, 2013, s. 865), så her blir altså dei moglege konsekvensane av (ein liberal) innvandring(spolitikk) forstått som noko som i verste fall kan føre til at noko eller nokon dør.

I (4b) blir kjeldedomenet brukt eksplisitt (som verb, ikkje substantiv), og her er det velferdssamfunnet (forstått som ein bygning, sjå (7e) i kapittel 5.1.3.1) som kan *bli truet* om Noreg tar imot mange innvandralar. Velferdssamfunnet i Noreg er laga for å ta vare på innbyggjarane i landet, men er òg avhengig av at innbyggjarane gjer sitt for å bidra til å oppretthalde det. For Per-Willy Amundsen og Framstegspartiet elles har den norske velferdsstaten vore eit viktig diskusjonstema, og Anniken Hagelund (2003, s. 108–109) skriv at partiet ofte angrip det dei opplever som ein urettferdig velferdsstat som prioriterer innvandralar framfor norske skatteinntektarar. Om det kjem mange menneske til Noreg, som kanskje ikkje har høve til å bidra med like mykje som dei som allereie bur her, kan det by på utfordringar for velferdssamfunnet. Likevel kan ein hevde dette metaforiske uttrykket bidrar til å dramatisere utfordringane, fordi det skapar ei forståing av innvandring som ein trussel som kan gjere skade på velferdsstaten.

I (4c) og (4d) kan innvandring føre til at Noreg og asylinstituttet i Noreg havnar i ein situasjon som blir oppfatta som farleg.<sup>34</sup> I ordboka blir *fare* forklart som ’nød’ eller ’krise’

---

<sup>34</sup> Situasjonen i både dei metaforiske uttrykka blir forstått som behaldarar.

(*Bokmålsordboka*, under *fare*). Innvandring blir dermed oppfatta som ein trussel for Noreg og asylinstituttet, fordi ho kan bidra til skade på, eller tap av, delar av nasjonen eller instituttet.

### 5.1.2 Omgrepssmetaforar med INNVANDRARAR som måldomene

Eg har valt å dele dei metaforiske uttrykka som har INNVANDRARAR som måldomene inn i to ulike omgrepssmetaforar. I den første blir innvandraran forstått som OBJEKT, og det varierer i kva grad det blir spesifisert kva slags objekt det er snakk om.<sup>35</sup> Den andre omgrepssmetaforen er litt meir spesifikk – her blir innvandraran forstått som ulike typar GODS.

#### 5.1.2.1 INNVANDRARAR SOM OBJEKT

Tilordningane for denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 7.

Tabell 7: Tilordningar for INNVANDRARAR SOM OBJEKT

Kjelde: OBJEKT	Mål: INNVANDRARAR
Objekt	→ Innvandrar
Handsaming av objekt	→ Handsaming av innvandraran
Manglende eigenvilje hos objekt	→ Manglende eigenvilje hos innvandraran

Når innvandraran blir forstått som objekt i staden for menneske kan det få fleire følgjer. Først og fremst bidrar det til ei dehumanisering av innvandraran, dei blir fråtatt menneskelege eigenskapar og vilje. Dei bestemmer ikkje sjølv kva som skal skje med dei, det er det andre som gjer, til dømes myndigheitene i eit bestemt land. Dette kan verke brutal, men i kraft av denne forståinga blir det oppfatta som greitt, fordi vi er vane med at vi ofte har råderett over dei objekta vi er i kontakt med. Dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i (5):

- (5)
- "De som eventuelt innvilges et opphold [...] kan da *fordeles* på de ulike land basert på folketall." (CIH)
  - "[...] betyr det at kostnaden for de 8000 syrerne som *hentes* til Norge alternativt kunne hjulpet 650 000 mennesker i nærområdet." (PWA)
  - "Regjeringen etterlater et inntrykk av at det å *kaste folk ut* er deres prioriterte oppgave [...]. (RBS)

---

<sup>35</sup> Trass i denne variasjonen har eg valt å handsame dei som språklege realiseringar av same omgrepssmetafor, men eg kjem til å gå nærrare inn på kvart metaforiske uttrykk og forklare det.

I (5a) kjem det tydeleg fram at innvandrarane ikkje har eigen vilje, men blir handsama slik ulike myndigheiter vil det. Dei som får lov til å kome til eit europeisk land, får ikkje sjølv velje kva for eit land dei skal bu i, men skal *fordeles* på ulike land, alt etter kor det er plass til dei.

Eit liknande tilfelle kan ein finne i (5b). Her blir flukta frå Syria til Noreg forstått som noko syrarar ikkje gjer sjølv, men heller noko som myndighetene i Noreg tar ansvar for – dei *hentes* til Noreg.

I (5c) blir innvandrarar forstått som noko ein fysisk kan plukke opp og *kaste*. Dei bestemmer ikkje sjølv kva som skjer med dei, det er regjeringa i Noreg som bestemmer korleis dei skal handsamast. Det metaforiske uttrykket i (5c) finst nok i grenseland for INNVANDRARAR SOM OBJEKT, sidan det er *folk* som kan bli kasta. Eg vil likevel hevde at når det er mogleg å *kaste* dei *ut*, er det òg mogleg å oppfatte dei som objekt, sidan det som regel er ulike typar objekt ein har erfaringar med å *kaste*, og ikkje menneske.

Ein kan sjå dette metaforiske uttrykket i samanheng med NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR (sjå kapittel 5.3.1), for Noreg blir her forstått som ein behaldar som ein kan bli kasta *ut* av. Ein kan i tillegg sjå dette metaforiske uttrykket i samanheng med (2e) og (2f) (sjå kapittel 5.1.1.2). Dette er det einaste metaforiske uttrykket innanfor INNVANDRARAR SOM OBJEKT som er skrive av ein liberal politikar. Uttrykket oppfattar innvandrarar som noko negativt som ein ikkje vil ha i behaldaren, men i likskap med (2e) og (2f) blir det først og fremst brukt for å kritisere korleis restriktive politikarar handsamar innvandrarar.

Sjølv om innvandrarar blir framstilt som objekt i alle dei metaforiske uttrykka i (5), vil eg hevde uttrykka er ulikt lada. Medan både *fordeles* og *hentes* kan seiast å vere relativt nøytrale termar, er det å *kaste ut* ein term vi sjeldan bruker positivt, verken om ting eller menneske.

### **5.1.2.2 INNVANDRARAR SOM GODS**

I denne omgrepsmetaforen blir innvandrarar framleis forstått som objekt, men som eit objekt ein kan sende og returnere. Tilordningane for denne omgrepsmetaforen kan ein sjå i tabell 8.

*Tabell 8: Tilordningar for INNVANDRARAR SOM GODS*

Kjelde:	Mål:
<b>GODS</b>	<b>INNVANDRARAR</b>
Gods	→ Innvandrarar
Transport av gods	→ Flytting av innvandrarar (mot innvandrarane sin vilje)
Avsendar	→ Nasjonar/styresmakter som har makt til å bestemme om innvandrarar får bli i eit land eller ikkje
Mottakar	→ Nasjonen som innvandrarane kjem frå
Returnere gods	→ Bestemme at innvandrarar skal flytte tilbake til heimlandet. ((Tvangs)sende)
Pris på gods	→ Utgifter ein bruker på innvandrarar

Sidan ein kan klassifisere denne omgrepssmetaforen som ein meir spesifik versjon av INNVANDRARAR SOM OBJEKT, vil han følgjeleg ha mange av dei same følgjeslutningane knytt til seg. Her blir òg innvandrarane fråtatt menneskelege eigenskapar og vilje, og det er ulike myndigheiter som har makt til å bestemme kva som skjer med dei.

I tillegg kjem det eit økonomisk aspekt inn i biletet. Gods og varer er noko vi kan *kjøpe* frå andre. Ved at ein forstår innvandrarar som gods, blir det lagt vekt på at det å ta imot dei vil føre til utgifter for det landet dei kjem til.

Ei anna følgjeslutning knytt til å forstå innvandrarar som gods, er at ein har høve til å returnere godset. Om ein bestiller eit produkt, og det ikkje fell i smak, har ein som oftast høve til å sende det tilbake til seljaren. Overført til innvandrarar gir ei slik forståing myndigheiter legitimitet til å bestemme at nokon må reise ut av landet om ein ikkje vil at dei skal vere der.

Dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i (6):

(6)

- a. "[...] må etablere mange asylmottak i Asia og Afrika hvor alle flyktninger henvises og *sendes*." (CIH)
- b. "De som har et kortsiktig behov for beskyttelse *sendes* så til FN- og EU-styrte og -finansierte leire i Asia og Afrika." (CIH)

I (6a) og (6b) tar forfattaren i bruk det same metaforiske uttrykket – *sende(s)* – for å argumentere for korleis han meiner vi skal handsame enkelte asylsøkarar. Ein kan hevde uttrykket bidrar til ei uheldig oppfatning av innvandrarar. I staden for menneske blir dei forstått som gods som ein kan handsame korleis ein sjølv vil, her på ein måte som forfattaren ser som mest hensiktsmessig for Noreg og Europa.

(6) forts.

- c. "Når meldingen går hjemover om at det ikke nytter å rømme i småbåter over Middelhavet fordi man allikevel *blir returnert* til Asia og Afrika [...]." (CIH)

Eit anna metaforisk uttrykk kan ein finne i (6c). Her skriv forfattaren om at det ikkje nytta for innvandrarar å kome til Europa, fordi dei uansett *blir returnert* til heimlandet sitt. Årsaka til at dei må reise tilbake til Asia og Afrika, kan til dømes vere på grunn av at dei ikkje har eit reelt behov for vern i Europa.

(6) forts.

- d. "[...] sier Ap at vi bør *sende* asylsøkerne tilbake til Ungarn, Italia og gjeldstyngede Hellas." (SV)
- e. "Vi har en justisminister som prioriterer å *bruke penger på retur* [...]." (RBS)
- f. "Selvsagt har staten enhver anledning til å skaffe husly selv – men da blir det mindre *penger å bruke på retur*." (RBS)
- g. "Derfor er ikke dette tiden for å slenge ut noen tilfeldige tall om hva en flyktning *koster*." (CM)

I dei metaforiske uttrykka i (6d–6g) møter vi på same problemstilling som i kapittel 5.1.1.2. Alle setningane er skrivne av liberale politikarar, og kan sjåast som kritikk av korleis den norske regjeringa, justisministeren, staten og nordmenn generelt handsamar og snakkar om innvandrarar. I (6d), (6e) og (6f) blir uttrykka *sende* og *retur* brukta, og i (6g) blir det lagt vekt på "prisen" på ein innvandrarar. Sjølv om desse metaforiske uttrykka blir brukta for å kritisere ein restriktiv innvandringspolitikk, bidrar dei likevel til ei forståing av innvandrarar som noko ein kan sende (etter) og returnere. Eg vil hevde at forfattarane, ved å gjere dette, bidrar til å skape legitimitet for å handsame innvandrarar som gods i staden for menneske. Det kan likevel vere viktig å påpeike at det kjem relativt tydeleg fram i konteksten til dei metaforiske uttrykka i (6d–g), at forfattarane tar avstand frå innhaldet i setningane. Det som står i setningane er noko andre politiske parti eller personar meiner, *ikkje* noko dei sjølv meiner. Sånn sett kan dei metaforiske uttrykka òg bidra til å skade legitimeten til ein restriktiv innvandringspolitikk, sidan det er den restriktive politikken som reduserer innvandrarane til gods som kan sendast og returnerast.

Det fanst mange språklege realiseringar av denne omgrepmetaforen. Det kan tyde på at forståinga av innvandrarar som gods er blitt ei konvensjonell forståing i materialet mitt. Omgrepmetaforen blir òg brukta av både restriktive og liberale politikarar, og dette kan tyde på at den òg er blitt relativt legitim å bruke i ein politisk diskurs om innvandring.

### **5.1.3 Moglege konsekvensar av innvandring**

I denne undergruppa kan ein finne metaforiske uttrykk som handlar om kva konsekvensar innvandring kan få for det området dei kjem til. Enkelte av uttrykka eg har analysert til no handlar òg om konsekvensar, men sidan dei har INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene, blei dei plassert i andre undergrupper. I denne undergruppa kan ein finne ein omgrepssmetafor som handlar om konsekvensar av innvandring, men som ikkje har INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene –SAMFUNNSFUNKSJONAR SOM BYGNINGAR.

#### **5.1.3.1 SAMFUNNSFUNKSJONAR SOM BYGNINGAR**

Tilordningane for denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 9.

*Tabell 9: Tilordningar for SAMFUNNSFUNKSJONAR SOM BYGNINGAR*

<b>Kjelde: BYGNINGAR</b>	<b>Mål: SAMFUNNSFUNKSJONAR</b>
Stabiliteten til bygningen	→ Stabiliteten til samfunnsfunksjonen
Øydelegging av bygningen	→ Øydelegging av samfunnsfunksjonen
Årsak til øydelegging av bygning	→ Innvandring

Ein meir generell versjon av denne omgrepssmetaforen, ABSTRAKTE KOMPLEKSE SYSTEM ER BYGNINGAR, skriv Kövecses (2010, s. 145) om. Dei komplekse systema inkluderer teoriar, relasjonar/forhold, samfunn, sosiale grupper og økonomiske og politiske system. Abstrakte fenomen som desse kan vere vanskelege å forstå utan hjelp av meir konkrete kjeldedomene.

I dei fleste metaforiske uttrykka i (7) er det ulike funksjonar i det norske og europeiske samfunnet, knytt til innvandring, som blir forstått som bygningar. Dette kan til dømes vere mottaksapparatet som skal handsame asylsøknadar, eller det norske velferdssamfunnet som skal ta vare på innbyggjarane i Noreg. Bygningane i dei metaforiske uttrykka står alle i fare for å bli skadde eller øydelagde av innvandringa. Bygningane kan ikkje ”bere” eit uendeleg tal menneske, så om det kjem for mange menneske til Noreg og Europa, vil det få negative konsekvensar for dei funksjonane som blir forstått som bygningar.

Ei vidare følgjeslutning er at om ein bygning blir øydelagt, kan det vere veldig vanskeleg å få han tilbake i opphavleg stand. Om bygningen berre blir utsett for ein liten skade, er det sjølv sagt mogleg å fikse han, men om han til dømes ”bryt saman”, vil det vere utfordrande å bygge han opp til å bli slik som han var i utgangspunktet.

Dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i (7):

(7)

- a. "Europas system for behandling av asylsøkere og mottak av flyktninger *ligger i ruiner.*" (CIH)
- b. "Da *bryter* også Europa *sammen* og det blir sosial uro og konflikt i mange land." (CIH)
- c. "Det er ingen tjent med, særlig ikke de som nå søker lykken i de europeiske land som vil få skylden for *sammenbruddet.*" (CIH)

Dei tre første metaforiske uttrykkene i (7) er alle skrivne av same forfattar, og ein kan relatere uttrykkene til kvarandre – innvandring kan føre til at ulike samfunnsfunksjonar blir utsett for store skadar. Ordet *ruiner*, som ein kan finne i (7a), tyder '(rest av) sammenstyrte byggverk' (*Bokmålsordboka*, under *ruin*). Innvandring til Europa har altså ført til at systema for å handsame og ta imot asylsøkarar og flyktningar har blitt øydelagde så kraftig at berre restane ligg igjen. I (7b) og (7c) kan ein sjå at innvandring kan føre til at Europa *bryter sammen*, og at Europa har blitt utsett for eit *sammenbrudd*.<sup>36</sup> Innvandring kan på utfordringar for dei landa som skal ta imot innvandrarane, men om ein forstår konsekvensane av innvandring som så alvorlege som eit samanbrot, kan det bidra til å skremme dei som allereie bur i Europa. I (7c) kan ein sjå at det er dei menneska som kjem til Europa som kjem til å få skulda for samanbrotet. Sjølv om forfattaren ikkje hevdar at det faktisk er dei som *har* skulda, vil samanbrotet bli opplevd som ein konsekvens av innvandring til forskjellige europeiske land.

(7) forts.

- d. "Det finnes en øvre grense for hvor mange innvandrere Norge og Europa kan ta imot før viktige samfunnsfunksjoner *bryter sammen.*" (PWA)
- e. "Uten en kontrollert innvandring kan selve *fundamentet* for det norske velferdssamfunnet bli truet." (PWA)

I (7d) blir måldomenet nemnt eksplisitt, og her kan vi sjå at det er talet på innvandrarar som er problemet.<sup>37</sup> Samfunnsfunksjonane kan tolke eit visst tal menneske, men om det kjem for mange innvandrarar til Noreg og Europa blir det for mykje for dei å bere, og dei står i fare for å bryte saman.

I (7e) er det velferdssamfunnet i Noreg som kan merke konsekvensane av innvandring. *Fundament* tyder 'underlag på bygg' eller 'grunnvoll' (*Bokmålsordboka*, under *fundament*), og i og med at denne delen av ein bygning kan sjåast som den berande delen, er det stor risiko

<sup>36</sup> I (7b) kan *Europa* tolkes som døme på eit metaforisk uttrykk. Sjå kapittel 5.5 for analyse av eit utval metonymiske uttrykk i materialet.

<sup>37</sup> Talet på innvandrarane blir forstått metaforisk ved hjelp av omgrepssmetaforen MEIR SOM OPP.

for at bygningen ikkje vil kunne stå oppreist om det blir skada. Når velferdssamfunnet i Noreg står i fare for å bli skadd, kan det verke ekstra skremmande, fordi det er noko dei fleste nordmenn set høgt, og i tillegg er det mange som er avhengige av hjelp frå det offentlege. Om innvandring kan føre til at dette blir permanent skadd, bør ein forsøke å unngå det. Derfor kan ei slik forståing bidra til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk i Noreg. I tillegg er velferdssamfunnet avhengig av at alle som bur i Noreg bidrar med litt av sitt for å halde det gåande. På ein måte har vi alle vore med på å ”bygge” velferdssamfunnet, og dermed kan det følast urettferdig om andre menneske skal få lov til å skade det.

(7) forts.

- f. ”Denne saken handler ikke om min retorikk, men om fremtiden for *bærekraften* i velferdsmodellen [og] asylinstituttet [...].” (SL)
- g. ”Jeg har aldri opplevd tidligere at systemet for å ta folk imot har *sviktet* så sterkt, i den grad at man har vært avhengig av private initiativ for at sultne mennesker skal få mat, og slitne mennesker et sted å sove.” (RBS)

Ein forbind kanskje *bærekraften* i (7f) først og fremst med tydinga ein får om ein slår opp *bærekraftig (utvikling)* i ordboka, som tyder ’utvikling som gir økonomisk vekst og bedre livsvilkår for menneskene uten å ødelegge naturressursene og miljøet’ (*Bokmålsordboka*, under *bærekraftig*). Det kan vere forfattaren refererer til denne forståinga av termen i teksten sin, altså at innvandringa til Noreg bør føre til økonomisk vekst i landet, og ikkje vere til skade for generasjonane som kjem etter oss. Eg vil likevel hevde at *bærekraften* og kan tene som ei språkleg realisering av SAMFUNNSFUNKSJONAR SOM BYGNINGAR. Om ein slår opp *bærekraft* får ein tydinga ’kraft til å bære’ (*Det Norske Akademis Ordbok*, under *bærekraft*). Tydinga refererer ikkje eksplisitt til ein bygning si evne til å bere noko, men eg vil likevel hevde at uttrykket òg kan referere til ein berande del av ein struktur, som har til funksjon å halde resten av strukturen oppe, til å bere han. Setninga er skriven av ein politikar som tar til orde for ein restriktiv innvandringspolitikk, og ho er bekymra for om *velferdsmodellen* og *asylinstituttet* vil ha kraft til å bere alle som treng det i framtida.

I både (7e) og (7f) diskuterer forfattarane kva konsekvensar innvandring kan få for den norske velferdsstaten. Blant vanlege argument for og imot innvandring (kapittel 1.3) såg vi at det å verne om velferdsstaten var eit viktig argument for lukka grenser i eit land, og Hagelund (2003, s. 17) skriv òg om korleis kapasiteten til velferdsstaten blir brukt som eit argument for ein restriktiv innvandringspolitikk. Velferdsstaten har ikkje kapasitet til å ta

imot altfor mange menneske (som kanskje har spesielle behov), derfor bør ein hjelpe dei som allereie bur i landet før ein inkluderer moglege innvandrarar i goda.

Det siste metaforiske uttrykket i (7) er skrive av ein politisk aktør som argumenterer for ein meir liberal innvandringspolitikk. I (7g) har asylsystemet i Noreg, ifølgje Steen, *sviktet*. Det kan vere viktig å påpeike at *systemet* i (7g) både kan vise til sjølve systema Noreg har for korleis ein skal handsame asylsøknadar og til menneska som arbeider med desse systema. Om termen viser til menneska som tar imot asylsøknadar og har ansvar for dei som søker asyl, kan *systemet* tolkast som eit metonymisk uttrykk innanfor SYSTEM FOR MENNESKE.<sup>38</sup>

Å *svikte* tyder å ’bøye seg’ eller ’gi etter’ (*Bokmålsordboka*, under *svikte*), og her kan ein forstå asylsystemet som ein bygning som ikkje klarer å bere alle som treng det, men gir etter fordi han ikkje er sterk nok. Ein kan likevel sjå at det ikkje nødvendigvis er innvandrarane som kjem til Noreg sin feil at systemet sviktar, men heller dei som er ansvarlege for å ta imot dei. Myndighetene i Noreg har svikta, og ein er derfor avhengig av at *private initiativ* er med på å halde bygningen oppe. (7g) handlar framleis om konsekvensar av innvandring til Noreg, men det er ikkje innvandrarane som blir framstilt som dei skuldige. Det er heller dei som har ”bygd” strukturen til bygningen som ikkje har gjort han solid nok.

Det fanst mange døme på denne omgrepssmetaforen i materialet mitt. Det er kanskje naturleg, sidan samfunnsfunksjonar ofte er abstrakte og vanskelege å forstå utan hjelp av meir konkrete kjeldedomene. I tillegg er BYGNING(AR) vanleg å bruke som kjeldedomene, sidan ein ofte har mange kroppslege erfaringar med dei (Kövecses, 2010, s. 19). I alle dei metaforiske uttrykk i (8), utanom (8f), blir innvandring forstått som noko negativt, fordi det er innvandrarane som kjem til Noreg og Europa som har skuld i skadane som ”bygningane” blir utsette for.

## 5.2 Innvandringspolitikk

I denne gruppa kjem eg til å analysere omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk som omhandlar innvandringspolitikk. Vi har allereie sett døme på metaforiske uttrykk som blir brukt for å kritisere anten ein restriktiv eller ein konservativ innvandringspolitikk, alt etter kva innvandringspolitisk standpunkt ein kan finne i teksten. Felles for alle dei som er analysert til no, er likevel at dei har INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene, eller at dei handlar om moglege konsekvensar av innvandring til Noreg og Europa. I gruppa om

<sup>38</sup> Sjå kapittel 5.5 for analyse av viktige metonymiske uttrykk i materialet.

innvandringspolitikk kan ein derimot finne omgrepssmetaforar med POLITIKK som måldomene, i tillegg til to andre omgrepssmetaforar som blir brukt for å forstå og kritisere ein restriktiv og ein liberal innvandringspolitikk – KJENSLER SOM KREFTER og FORANDRING SOM RØRSLE. Først kjem POLITIKK SOM KONKURRANSE, som blir brukt til å kritisere både ein restriktiv og ein liberal innvandringspolitikk. Deretter kjem POLITIKK SOM KRIG/KONFLIKT og POLITIKK SOM DIKTATUR, som blir brukt til å kritisere høvesvis ein restriktiv og ein liberal innvandringspolitikk. Til sist kjem to omgrepssmetaforane som ikkje har POLITIKK som måldomene, KJENSLER SOM KREFTER og FORANDRING SOM RØRSLE.

### **5.2.1 POLITIKK SOM KONKURRANSE**

Ifølgje Semino (2008, s. 97) er SPORT eit vanleg kjeldeomene innanfor politiske diskursar (sjå kapittel 2.5.1). SPORT er eit kjent domene som mange har erfaringar med, og det har klare lag og motstandarar. I mitt materiale kan ein sjå at politikk først og fremst blir forstått som KONKURRANSE, som kan seiast å finnast innanfor SPORTS-domene. Tilordningane for omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 10.

*Tabell 10: Tilordningar for POLITIKK SOM KONKURRANSE*

<b>Kjelde: KONKURRANSE</b>	<b>Mål: POLITIKK</b>
Kappløp	→ Politikk
Å vinne	→ Gjere politiske val som får god oppslutning
Å tape	→ Gjere politiske val som får dårlig oppslutning

Omgrepssmetaforar med SPORT, eller aspekt ved ulike typar sport, som kjeldeomene, blir ofte brukt til å skape eit felles engasjement for den politikken ein sjølv er samd med, til dømes ved å forstå politikarar og innbyggjarar som eit fellesskap som speler på same lag og som skal vinne saman (sjå kapittel 2.5.1). Ein bruker dei altså ofte for å framstille eigen politikk i eit godt lys. Dette er ikkje tilfellet i mitt materiale. Her blir POLITIKK SOM KONKURRANSE først og fremst brukt for å framstille politikk ein ikkje er samd med i eit dårlig lys. Ein kan sjå på dei metaforiske uttrykka i (8) at det å konkurrere blir forstått som noko negativt. Det er noko som parti eller politikarar ein ikkje er samd med gjer, og noko som forfattarane av dei ulike tekstane ikkje vil ta del i. Omgrepssmetaforen bidrar dermed til å skape skilje mellom ulike sider i politikken, men i staden for at skiljet går mellom ulike lag, går det mellom dei som deltar i konkurransen og dei som ikkje vil ta del i han.

Ei slik forståing av innvandringspolitikk kan skape ei oppfatning av at politikarar legg meir vekt på å vinne konkurransen enn å fatte gode politiske vedtak. Forfattarane fremmer ei

forståing av at det for politikarar er viktigast å vere best i konkurransen, medan det å ta ansvar for innvandringspolitikken i Noreg kjem i andre rekke. Følgjeleg blir det å vinne konkurransen forstått negativt, men likevel blir ikkje det å tape konkurransen forstått positivt heller. Det einaste som blir framstilt som positivt, er ikkje å delta i konkurransen. Ein kan dermed seie at det å vere passiv, å ”stå på sidelinja”, kan tolkast som ei aktiv handling.

I (8) kan ein sjå dei metaforiske uttrykkja innanfor omgrepsmetaforen. I (8a–b) er det ein liberal innvandringspolitikk som blir forstått som ein konkurranse, medan det i (8c–g) er ein restriktiv innvandringspolitikk som får denne forståinga.

(8)

- a. ”Uten å ofre de langsiktige konsekvensene en tanke, *kappes* politikere om å vise sine blødende hjerter og moralske fortreffelighet som i praksis betyr åpne grenser.” (PWA)
- b. ”Mens Ap, V og KrF *konkurrerte* om å fremstå som mest humane og empatiske gjennom valgkampen, forsøkte Frp å fokusere på asylsystemet som ikke fungerer etter hensikten [...].” (PS)

I (8a) kan ein seie at ”målet” i kappløpet er å bli forstått som moralsk god i innvandringsdebatten, og forfattaren meiner at for enkelte politikarar er dette viktigare enn å tenke på konsekvensane som innvandring kan få i framtida. Det kjem tydeleg fram, både i setninga i (8a) og i teksten elles (sjå vedlegg), at forfattaren meiner at ein heller bør tenke over konsekvensane enn å delta i konkurransen. Det blir ikkje eksplisitt nemnt at forfattaren refererer til liberale politikarar, men sidan det dei gjer i *praksis betyr åpne grenser*, er det rimeleg å forstå dei han refererer til som tilhengarar av ein liberal innvandringspolitikk.

I det andre metaforiske uttrykket, (8b), ser ein òg at konkurransen handlar om å bli forstått som god. Ifølgje forfattaren forsøker dei som deltar å vere mest mogleg *humane* og *empatiske*. Det å delta i konkurransen blir forstått som negativt, medan Framstegspartiet si rolle blir oppfatta positivt, sidan dei ikkje deltar i konkurransen.

(8) forts.

- c. ”Den viktigste årsaken er nok snarere at det er politikerne selv som har redusert norsk asyldebatt til å være en *strenghtskonkurranse*.” (SV)

I (8c) omtaler forfattaren asyldebatten i Noreg som ein *strenghtskonkurranse*. I utgangspunktet handla debatten om meir enn å vere strengast, men no har han blitt *redusert* til berre ein konkurranse om å vere strengast mogleg. *Redusere* tyder ifølgje Bokmålsordboka å

'innskrenke' eller 'sette ned' (*Bokmålsordboka*, under *redusere*). Ein debatt er ikkje noko som kan bli fysisk mindre, men her kan ein sjå eit døme på ein ontologisk metafor – det er mogleg å tolke asyldebatten som ein slags behaldar som kan bli mindre. Når ein behaldar blir mindre blir det òg mindre plass i han, og no er det berre "plass" til ein konkurranse om å vere strengast. Alle andre former for debatt blir sett til side til fordel for denne konkurransen.

(8) forts.

- d. "Det bør mane til norsk ettertanke at også vårt land har bidratt til et *kappløp mot bunnen* når det gjelder flyktningers rettigheter, et *kappløp* som kan skape nye flyktningkriser i Europa." (AL)
- e. "[...] i håp om å unngå at Norge skulle ta en *lederrolle* i et nordisk *kappløp mot bunnen*." (AL)
- f. "Et *kappløp mot bunnen* vil nemlig ende med at mange mennesker på flukt fra krig ikke får hjelp [...]." (AL)
- g. "I Europa har vi lenge sett et *kappløp mot bunnen* blant politikere [og andre opinionspåvirkere].” (JE)

Setningane i (8d–g) bruker alle delvis same metaforiske uttrykk – *kappløp (mot bunnen)*. Dei blir brukt av Audun Lysbakken og Jan Egeland som både tar til orde for ein liberal innvandringspolitikk i tekstane sine (sjå vedlegg). I dei metaforiske uttrykkene blir restriktiv innvandringspolitikk forstått som eit kappløp, og ein kan sjå at dei i tillegg til POLITIKK SOM KONKURRANSE òg bruker ein annan omgrepssmetafor – DÅRLEG SOM NED.<sup>39</sup> Kappløpet går nedover mot ein botn, og det blir framstilt som negativt i alle dei metaforiske uttrykkene. Dette kjem tydeleg fram i (8d) og (8f), der forfattarane skriv om konsekvensane av kappløpet.

I (8d) og (8e) er det *vårt land* og *Norge* som blir forstått som deltakarane i kappløpet. Eg vil hevde at desse termene blir brukt metonymisk og eigentleg refererer til regjeringa i Noreg, som i 2015 bestod av to restriktive norske parti, Høgre og Framstegspartiet.<sup>40</sup> I dei metaforiske uttrykkene blir det å delta i kappløpet forstått negativt, i (8d) kan ein til dømes sjå at kappløpet *kan skape nye flyktningkriser i Europa*. I (8e) kan ein i tillegg sjå enda eit metaforisk uttrykk. Forfattaren meiner at Noreg har tatt *en lederrolle* i kappløpet og at dette burde vore unngått. Når det å ligge i teten i kappløpet er noko ein bør unngå, kjem det tydeleg fram at det å vinne konkurransen er negativt.

Setninga i (8f) handlar, som nemnt, om konsekvensane av kappløpet, og sidan konsekvensane blir framstilt som negative – at vi ikkje kan hjelpe menneske som treng det – er det tydeleg at deltaking i kappløpet blir oppfatta som noko negativt. Når dette er

<sup>39</sup> DÅRLEG SOM NED er døme på ein orienteringsmetafor, sjå kapittel 2.3.3 for meir informasjon om desse.

<sup>40</sup> Sjå kapittel 5.5 for analyse av viktige metonymiske uttrykk i materialet.

konsekvensane av kappløpet kan ein òg hevde at det kjem fram at det er ein restriktiv innvandringspolitikk som blir forstått som eit kappløp. Forfattaren fryktar at ein slik innvandringspolitikk kan gjere at dei som flyktar frå krig ikkje får høve til å kome til Noreg og få den hjelpa dei treng.

I den siste setninga som bruker *kappløpet mot bunnen*, (8g), er det ikkje berre norske politikarar (eller opinionspåverkarar) som deltar i kappløpet, men òg politikarar i andre europeiske land. Om ein ser på dei neste setningane i den aktuelle teksten, kjem det tydeleg fram at det er ein restriktiv innvandringspolitikk som blir forstått som eit kappløp: ”Hvordan kan vi unngå å gi mennesker på flukt beskyttelse i vårt land? Hvordan kan vi gjenoppbygge murene vi rev da den kalde krigen sluttet?” (Egeland, 2015, s. 48). Kappløpet vil, ifølgje forfattaren, føre til at menneske som flyktar ikkje vil få vern i Noreg. I tillegg blir det å bygge opp att murane som blei rivne da den kalde krigen slutta, oppfatta som ein del av kappløpet. Sidan *murene* står i fleirtal, vil eg hevde uttrykket refererer til meir enn berre Berlinmuren, til dømes framandfrykt eller det å politisk ”verne seg” mot menneske frå andre land – altså vedta lovar som gjer det vanskelegare for andre å kome inn i det landet ein sjølv bur i.

### 5.2.2 POLITIKK SOM KRIG/KONFLIKT

I denne omgrepssmetaforen blir restriktiv innvandringspolitikk oppfatta som ein krig eller ein konflikt. Tilordningane for omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 11.

Tabell 11: Tilordningar for POLITIKK SOM KRIG/KONFLIKT

Kjelde: KRIG/KONFLIKT	Mål: POLITIKK
Kamp/slag	→ Motstridande politiske vedtak
Å vinne kampen/slaget	→ Å få vedtatt politikk ein er einig i
Å tape kampen/slaget	→ Når politikk ein ikkje er einig i, blir vedtatt
Å kjempe	→ Diskutere/debattere politiske saker

Når metaforar med KRIG som kjeldedomene blir brukt i politiske diskursar, har dei som oftast ein av to hovudfunksjonar – å framstille konfliktar mellom forskjellige individ, grupper eller parti, eller for å forstå særleg alvorlege problem i samfunnet og strategiane ein kan bruke for å løyse dei (sjå kapittel 2.5.1). I dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepssmetaforen vil eg hevde KRIG først og fremst blir brukt til å forstå usemje mellom ulike politiske aktørar og parti som ein krig eller ein konflikt.

I likskap med POLITIKK SOM KONKURRANSE (kapittel 5.2.1) blir òg deltaking i kriegen/konflikten oppfatta som noko negativt. Det er politiske motstandarar av forfattarane

som deltar i ”kampane”, og forfattarane sjølve vil ikkje vere ein del av konflikten. Vidare blir det å vere deltakar forstått som noko ein gjer i staden for å fatte gode politiske vedtak. Det tar bort all tid og merksemd frå å arbeide for det som forfattarane ser på som ein god innvandringspolitikk. Alle dei metaforiske uttrykka i (9) er skrivne av forfattarar som er tilhengarar av ein liberal innvandringspolitikk, og det er derfor berre restriktiv innvandringspolitikk som blir oppfatta som krig eller konflikt.<sup>41</sup>

(9)

- a. ”Ap, Høyre og Frp holdt endeløse *kamper* på talerstolen om hvem som hadde fått ned antallet asylsøkere mest.” (SV)
- b. ”*Ordfrontene* er harde.” (CM)
- c. ”Norsk høyreside feirer Sveriges innstramminger i asylpolitikken som et etterlengtet *nederlag* for naivisme og politisk korrekthet.” (AL)

I (9a) er det først og fremst debattar eller talar som blir forstått som *kamper*. Dermed kan det òg tene som eit døme på ein annan omgrepssmetafor som Lakoff og Johnson (2003, s.4) skriv om – DISKUSJON ER KRIG. Både debattar og talar kan likevel seiast å finnast innanfor POLITIKK-domenet, fordi ein stor del av det politiske arbeidet faktisk handlar om språklege praksisar. Hagelund skriv til dømes: ”Phenomena are placed within categories, described and made sense of through the employment of language. In this sense, the world upon which politics is acting partly takes shape through the discourse of politicians” (2003, s. 9).

*Kamp* kan ifølgje Bokmålsordboka tyde ’fiendtlig sammenstøt’ eller ’slag’ (*Bokmålsordboka*, under *kamp*). Forfattaren hevdar at politikarar frå Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet har kjempa om plass på talerstolen for å fortelje om kven som har gjort mest for å minske innvandringa til Noreg. Dette blir framstilt som negativt, noko som kjem tydelegare fram om vi ser på setninga som står før (9a): ”Jeg gjorde tabben å være til stede i noen av asyldebattene i Stortinget i forrige periode” (Valen, 2015, s. 46).

(9b) kan òg tene som døme på DISKUSJON ER KRIG, men av same årsak som (9a) har eg valt å la det metaforiske uttrykket tene som ei språkleg realisering av POLITKK SOM KRIG/KONFLIKT. *Front* kan tyde ’fremste linje av en hær’ (*Bokmålsordboka*, under *front*), og ein ser dermed at uttrykket finst innanfor krigsdomenet. Ord kan ikkje fysisk danne ein front, men det kan menneske. Dette kan gjere det mogleg å forstå det metaforiske uttrykket som ein referanse til ulike politikarar, oppfatta som soldatar. Det er politikarar frå dei ulike politiske

---

<sup>41</sup> Eit mogleg unntak frå dette er (9b), som kan tolkast som ein kritikk av politiske aktørar generelt, og ikkje berre politiske aktørar som er tilhengarar av ein restriktiv innvandringspolitikk.

sidene i Noreg som dannar frontar mot kvarandre, og vidare kan ein da tolke ord som ”våpena” dei bruker mot kvarandre. Politikarane kjempar mot kvarandre, men i staden for å gjere det med fysiske våpen, bruker dei ord.

I tillegg blir frontane forstått som *harde*. På lik linje med front blir òg dette uttrykket brukt metaforisk, sidan ord heller ikkje kan vere harde i konkret tyding. *Hard* kan tyde ’kraftig’, ’intens’ eller ’tung’ når det blir brukt om eit slag (*Bokmålsordboka*, under *hard*), dermed kan uttrykket både vise enda klarare at (9b) passar inn under omgrepssmetaforen POLITIKK SOM KRIG/KONFLIKT, og at krigen eller konflikten blir forstått negativt.

I (9c) kan ein sjå at det å vinne krigen eller konflikten (eller i alle fall at nokon andre tapar) blir forstått som noko positivt, det er noko ein feirar. Det må likevel påpeikast at sigeren først og fremst er positiv for høgresida i Noreg, medan forfattaren meiner noko anna: ”I virkeligheten er innstrammingene en fallitt for det europeiske samarbeidet, og et monument over andre europeiske lands egoisme.” (Lysbakken, 2015, s. 6). Både Lysbakken og høgresida i Noreg oppfattar *innstrammingene* som eit nederlag, men i motsetning til høgresida blir nederlaget av Lysbakken forstått som noko negativt. Innstrammingar i asylpolitikken er eit av kjenneteikna til ein restriktiv innvandringspolitikk (sjå kapittel 5.3.1), og det kjem dermed tydeleg fram at det er ein restriktiv innvandringspolitikk som skal bli forstått som ein krig eller ein konflikt.

### 5.2.3 POLITIKK SOM DIKTATUR

I denne omgrepssmetaforen blir liberal innvandringspolitikk forstått som eit diktatur. Tilordningane for omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 12.

Tabell 12: Tilordningar for POLITIKK SOM DIKTATUR

Kjelde: DIKTATUR	Mål: POLITIKK
Diktatur	→ Politikk
Diktator	→ Politiske leiarar

Eit *diktatur* kan forklarast som ’styreform der all politisk makt er samlet hos én person (diktator), én gruppe personer (for eksempel militærjunta) eller ett parti’ (*Bokmålsordboka*, under *diktatur*). Dei aller fleste assosiasjonane mange har til termen er negative. Ein kan forbinde eit diktatur med eit styre der forskjellige rettar, til dømes ytringsfridom, blir undertrykt. Ein konsekvens av at liberal innvandringspolitikk blir oppfatta som eit diktatur, er at politiske parti som står for ein liberal innvandringspolitikk, kan bli oppfatta som om dei

ikkje tar omsyn til folket dei styrer over, men heller gjer det som dei sjølv ser som best. Dei tar heller ikkje omsyn til dei restriktive politiske partia, men fører ein innvandringspolitikk som berre er til gagn for dei sjølv. Dei språklege realiseringane av omgrepssmetaforen kan ein sjå i (10):

(10)

- a. ”[...] er en tanke jeg vil anta plager *godhetsregimet*, anført av Jonas Gahr Støre (Ap), Knut Arild Hareide (KrF) og Trine Skei Grande (V).” (HS)
- b. ”For vi har jo, sier den nye innvandrings- og inkluderingsministeren Sylvi Listhaug (FrP), et ”*godhetstyranni*” blant kirkefolk og organisasjonsfolk.” (JE)

*Diktatur* eller *diktator* blir ikkje brukt eksplisitt i nokon av dei metaforiske uttrykk i (10), men ein kan sjå at liberal innvandringspolitikk blir forstått som eit *regime* og eit *tyranni*, og eg vil hevde både finst innanfor DIKTATUR-domenet.

*Regime* kan bli brukt om eit (stats)styre eller ei ’styreform av suspekt art’ (*Det Norske Akademis Ordbok*, under *regime*), og i (10a) blir liberal innvandringspolitikk forstått som eit *godhetsregime*. Det kan verke kontraintuitivt at det å vere god blir forstått som noko negativt, men eit gjennomgåande poeng i teksten til Hege Storhaug (sjå vedlegg) er at fleire liberale politikarar bryr seg meir om moral enn å tenke realistisk i innvandringssaka. For ho er det viktigare å tenke realistisk omkring innvandring enn å ”tvinge” den norske befolkninga til å vere moralsk gode. Å setje realisme over moralisme såg vi òg var eit av dei vanlege argumenta for lukka grenser (kapittel 1.3). I (10a) kan ein òg sjå at ulike partileiarar, i dei partia som forfattaren oppfattar som liberale, blir forstått som diktatorar. Det er dei som *anfører*, altså leiar an, regimet som forsøker å ”tvinge” gjennom godheit i innvandringspolitikken.

Sjølv om det er liberal innvandringspolitikk som blir kritisert i (10b), argumenterer forfattaren, Jan Egeland, for ein liberal innvandringspolitikk i teksten sin. I setninga viser han til det han meiner er Sylvi Listhaug sitt syn på liberal innvandringspolitikk. Det metaforiske uttrykket i (10b) kan dermed sjåast som eit sitat, sidan det metaforiske uttrykket står i hermeteikn. Ei anna mogleg årsak til at uttrykket står i hermeteikn, kan vere for at forfattaren ønsker å vise at han tar avstand frå det som uttrykket impliserer (Semino, 2008, s. 89). Her blir liberal innvandringspolitikk (blant *kirkefolk* og *organisasjonsfolk*) forstått som eit *tyranni*, som kan forklarast som eit ’voldsherredømme’ (*Bokmålsordboka*, under *tyranni*). Vidare kan

ein *tyrann* forståast som ein 'brutal enehersker' (*Bokmålsordboka*, under *tyrann*). Ein kan altså sjå at tilhengarane av ein liberal innvandringspolitikk blir forstått som forskjellige eneherskarar, som på same måte som i (11a) forsøker å tvinge innbyggjarane i Noreg til å handsame innvandrarar med godheit.

#### **5.2.4 KJENSLER SOM KREFTER**

Omgrepsmetaforen KJENSLER SOM KREFTER er relativt konvensjonell i språk og tanke (Kövecses, 2010, s. 23). Sidan menneskelege kjensler er veldig abstrakte, er det vanleg å forstå dei ved hjelp av meir konkrete kjeldedomene, og KREFTER blir mykje brukt i denne samanhengen. Tilordningane for denne omgrepsmetaforen kan ein sjå i tabell 13.

*Tabell 13: Tilordningar for KJENSLER SOM KREFTER*

Kjelde: KREFTER	Mål: KJENSLER
Intensitet på kraft	→ Intensitet på kjensle
Manglande kontroll over kraft	→ Manglande kontroll over kjensle

I mitt materiale blei denne omgrepsmetaforen brukt for å kritisere ein liberal innvandringspolitikk. Dei restriktive politiske aktørane som har skrive dei metaforiske uttrykka i (11) forstår ulike kjensler som krefter som "tar over" for fornufta til enkelte liberale politiske aktørar. Ein kan sjå omgrepsmetaforen i samanheng med POLITIKK SOM DIKTATUR (kapittel 5.2.3) – i likskap med denne omgrepsmetaforen blir det òg her lagt vekt på at enkelte politiske aktørar bryr seg meir om kjensler og det å vere gode enn å bruke fornuft i innvandingssaka. Kjenslene blir derfor oppfatta som noko negativt. Kjenslene i seg sjølv er ikkje negative, men det å la seg styre av dei blir framstilt som negativt. Det er noko politikarar ikkje bør gjere, dei bør vere realistiske framfor moralske, i likskap med i (10a) kapittel 5.2.3. Dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepsmetaforen kan ein sjå i (11):

(11)

- a. "Fortsatt er det dessverre slik at det er bedre å tenke og resonnere med hjernen enn å la følelsene og hjertet *helt overta*." (CIH)
- b. "Det enkleste er selvsagt å *følge* den spontane og *gnagende* samvittigheten." (HS)

I (11a) kan ein argumentere for at *hjertet* er døme på eit metonymisk uttrykk. Vi har forskjellige assosiasjonar til ulike kroppsdelar (sjå kapittel 2.3.4), og det er mogleg å relatere hjartet til kjensler. Ein kan òg forstå hjartet som ein slags behaldar for kjenslene, til dømes i

”ho knuste hjartet mitt”. Det er ikkje sjølve hjartet som blir knust, det er kjenslene i det. Om vi forstår *hjertet* slik, ser vi at kjenslene har høve til å *helt overta*, ifølgje forfattaren. Dei blir forstått som å ha kraft til å fortrenge både tenking og resonnering. Desse abstrakte storleikane kan ikkje ta opp fysisk plass, men det kan vere mogleg å forstå det å gi noko merksemld eller fokus som å gi det konkret plass. Dette blir forstått negativt av forfattaren, og som noko politikarar ikkje bør gjere. Sidan teksten er skriven av ein tilhengar av restriktiv innvandringspolitikk, er det intuitivt å tolke setninga som ein kritikk av liberale politikarar – medan dei restriktive politikarane tenker og resonnerer, blir dei liberale ”overtatt” av kjensler.

I (11b) blir menneskeleg samvit forstått som *gnagende* og som noko ein kan følgje. Ifølgje forfattaren er det lett å følgje samvitet, og da er det intuitivt å forstå det som at ho meiner at det er vanskeleg å stå imot. Kjensla blir altså forstått som ei kraft som ønsker at ein skal følgje ho, men om vi ser på dei neste setningane i teksten, er det tydeleg at forfattaren vil at ein skal klare å stå imot:

Men migrasjons- og flyktningbølgen vi ser innover Europa nå, er bare et ”skvulp” opp mot antallet som antagelig kommer de neste årene. Tjener verden på at Europas verdier og økonomi kan gå ned på knærne? (Storhaug, 2015, s. 14).

Det å følgje krafta kan altså føre til at Europa sine verdiar og den europeiske økonomien kan *gå ned på knærne*.<sup>42</sup> Derfor bør ein forsøke å stå imot og ikkje følgje samvitet, sjølv om det kan vere utfordrande. Når samvitet i tillegg blir opplevd som *gnagende*, altså noko som kan bite, kjem det enda tydelegare fram at det kan vere vanskeleg å stå imot. Om noko(n) forsøker å bite deg, skal det ganske mykje styrke til for å bli ståande stille og ikkje forsøke å kome seg vekk. I likskap med (11a) er òg denne setninga skriven av ein tilhengar av restriktiv innvandringspolitikk, og det er derfor mogleg å forstå det å følgje samvitet som å føre ein liberal innvandringspolitikk.

I dei to føregåande avsnitta er det ein liberal innvandringspolitikk som har blitt kritisert ved hjelp av to forskjellige omgrepssmetaforar. I det neste skal vi sjå døme på ein omgrepssmetafor som blir brukt for å kritisere ein restriktiv innvandringspolitikk.

---

<sup>42</sup> Sjå kapittel 5.3.2 for analyse av dette metaforiske uttrykket.

### 5.2.5 FORANDRING SOM RØRSLE

Denne omgrepssmetaforen er i likskap med KJENSLER SOM KREFTER ein nokså konvensjonell omgrepssmetafor i menneskeleg språk og tanke, og er i tillegg ein del av den såkalla hendingssstrukturmetaforen (*Event Structure Metaphor*, sjå til dømes Kövecses, 2010, s. 162). Som ein kanskje ser av namnet, inneheld hendingssstrukturmetaforen omgrepssmetaforar som kan hjelpe oss å forstå forskjellige hendingar. Tilordningane for FORANDRING SOM RØRSLE kan ein sjå i tabell 14.

Tabell 14: Tilordningar for FORANDRING SOM RØRSLE

Kjelde: RØRSLE	Mål: FORANDRING
Rørsle frå ein stad til ein annan	→ Endre politisk mening
Manglande rørsle	→ Manglande forandring av politisk mening
Avstand frå ein stad til ein annan	→ Grad av forskjell mellom ulike politikarar/politiske parti

I dei språklege realiseringane av denne omgrepssmetaforen blir det å endre politisk mening forstått som ei fysisk rørsle. I tillegg blir forskjellen mellom ein liberal og ein restriktiv innvandringspolitikk forstått som avstand mellom to stader. Både rørsla og avstanden blir framheva som noko negativt – forfattarane meiner at dei restriktive politikarane bør ”bli ståande” og vere ”nære” dei liberale politikarane. Samstundes finst det òg døme på metaforiske uttrykk der rørsla blir forstått som naudsynt, noko ein bør gjere. Dei metaforiske uttrykkna innanfor denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i (12):

(12)

- a. ”Arbeiderpartiet valgte derimot *å gå inn* for mesteparten av de forslagene Høyre og Fremskrittspartiet hadde lagt fram for de andre partiene.” (AL)
- b. ”Regjeringen og Arbeiderpartiet må *skifte spor*.” (AL)

I (12a) og (12b) er det Arbeidarpartiet som blir kritisert ved hjelp av FORANDRING SOM RØRSLE. Ifølgje Hagelund (2003, s. 29) er ikkje den tradisjonelle høgre/venstre-inndelinga i politikken like gjeldande i innvandringspolitikken, her kan ein derimot finne Arbeidarpartiet mykje nærmare høgresida enn i andre politiske saker. Derfor er det naturleg at Ap blir kritisert av Lysbakken, sidan SV er meir liberale enn Ap i spørsmål om innvandring.

I (12a) blir det at Arbeidarpartiet er samde med det Høgre og Framstegspartiet meiner, uttrykka ved at dei har valt *å gå inn* for forslaga. Å *gå* tyder ’bevege seg i jevn fart (i en retning ved å flytte på føttene’, medan *å gå inn for noe(n)* kan tyde å ’gjøre seg til talmann for (noe eller noen) (*Det Norske Akademis Ordbok*, under *gå*). Ein ser altså at det å seie seg

einig i noko blir oppfatta som ei fysisk rørsle. Om ein ser på ei setning som står tidlegare i teksten, kjem det tydeleg fram at forfattaren opplever denne rørsla som negativ: ”Derfor har SV valgt å stå fast ved en solidarisk flyktningpolitikk [...]” (Lysbakken, 2015, s. 6). Her blir eit anna metaforisk uttrykk – *stå fast ved* – brukt for å skildre kva SV har gjort. I motsetnad til Ap har SV valt å bli ståande i ro, dei har ikkje endra politisk meining. Dermed blir òg avstandsaspektet implisitt dratt inn her, fordi Ap, i kraft av å bevege seg nærmare partia på høgresida, har auka avstanden mellom SV og Ap.

Eit døme på ei naudsynt rørsle kan ein sjå i (12b). Her er det mogleg å tolke regjeringa og Arbeidarpartiet som tog som køyrer på spor. Toga er allereie i rørsle, men forfattaren meiner at rørsla går i feil retning. Det naudsynte er altså ikkje rørsla i seg sjølv, men å endre retning på rørsla. Overført til POLITIKK-domenet kan ein tolke det som at politikarane må arbeide for ein annan politikk enn dei gjer no. Sidan setninga er henta frå ein tekst som argumenterer for ein liberal innvandringspolitikk, og er retta mot restriktive politikarar, er det intuitivt å forstå den naudsynte endringa av retning som eit skifte frå ein restriktiv til ein meir liberal innvandringspolitikk.

(12) forts.

- c. ”*Spranget er langt* til de danske politikerne som i skyggen av den frykteligste krigen i vår generasjon skryter av at de nå har klart å vedta de kaldeste og ”strengeste reglene for asyl og beskyttelse i Europa”.” (JE)
- d. ”Det er *like langt* til de norske politikerne som umiddelbart reagerer, ikke ved å *ta avstand* fra normløsheten, men ved å si at nå må vi for all del ikke fremstå som en mer attraktiv frihavn for mennesker på flukt [...].” (JE)

I (12c) og (12d) er det først og fremst avstanden mellom politiske aktørar som blir framstilt. Samanlikningsgrunnlaget for avstanden er forbundskanslaren i Tyskland, Angela Merkel, som ifølgje forfattaren er den einaste leiaren i Europa som ”fortsatt forsvarer disse europeiske og menneskerettslige idealene” (Egeland, 2015, s. 48). Forskjellen mellom Merkel og ulike restriktive politikarar i Danmark blir i (12c) forstått som eit langt *sprang*, som kan forklarast som eit ’hopp’ eller ’byks’ (*Bokmålsordboka*, under *sprang*). I motsetnad til Merkel har desse politikarane vedtatt ein asylpolitikk som er både *steng* og *kald*.

I (12d) kan ein òg sjå ei anna framstilling av avstanden, her mellom Merkel og ulike norske politikarar. I tillegg kan ein òg sjå enda eit døme på ei forståing av ei politisk handling som ei naudsynt rørsle. Forfattaren meiner at norske politikarar bør *ta avstand* frå *normløsheten*, altså fysisk bevege seg bort frå den. Ut ifrå konteksten som (13d) står i, er det naturleg å tolke *normløsheten* som ein referanse til den danske asylpolitikken som blir skriven

om i (12c). I staden for å seie seg einig med danskane sin politikk, bør dei norske politikarane endre si politiske oppfatning. Denne naudsynte rørsla har dei likevel ikkje gjort, dei har valt å bli ”i nærleiken” av dei danske politikarane.

I denne hovudgruppa av omgrepssmetaforar har eg vist korleis restriktiv og liberal innvandringspolitikk blir forstått og kritisert ved hjelp av forskjellige omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk. Nokon av omgrepssmetaforane er felles for forfattarar frå både endar av det politiske spekteret når det gjeld innvandring, medan andre berre blir brukt for å kritisere anten ein restriktiv eller ein liberal innvandringspolitikk.

### 5.3 Noreg og Europa

Den siste hovudgruppa inneheld omgrepssmetaforar med NOREG eller EUROPA som måldomene. Nokon av dei metaforiske uttrykka som blir analysert nedanfor handlar om konsekvensar av innvandring til Noreg og Europa, men sidan dei har NOREG eller EUROPA som måldomene, har eg valt å plassere dei her, og ikkje i kapittel 5.1.3, som handla om konsekvensar av innvandring til Noreg og Europa.

Det finst òg døme på at det er abstrakte storleikar innanfor Noreg eller Europa som blir forstått metaforisk, og ikkje nasjonen eller verdsdelen som heilskap.<sup>43</sup> For å framstille analysematerialet på ein mest mogleg ryddig måte har eg valt å bruke NOREG eller EUROPA som måldomene og i desse tilfella, men eg kjem til å kommentere det der måldomenet kan seiast å vere noko anna enn NOREG og EUROPA.

I analysematerialet blir Noreg og Europa i dei fleste tilfelle forstått ved hjelp av dei same kjeldeomena – BEHALDAR, MASKIN og PERSON. Både BEHALDAR, MASKIN og PERSON er vanlege kjeldeomena å bruke for å forstå forskjellige abstrakte storleikar (Kövecses, 2010, s. 20 og s. 39). Døme på konvensjonelle omgrepssmetaforar med desse kjeldeomena kan vere TILSTAND SOM BEHALDAR (”ho var *inne i* ein god periode nå”), SINNET SOM MASKIN (”ho *kverna* på den tanken i fleire timer”) og DØDEN SOM PERSON (”[h]er stod han ansikt til ansikt med døden”).<sup>44</sup> I utgangspunktet treng altså ikkje omgrepssmetaforar med eit av desse kjeldeomena ha ein retorisk eller politisk funksjon, dei kan òg vere relativt ”nøytrale” og først og fremst ha til funksjon å skape betre forståing av abstrakte måldomene. I materialet

<sup>43</sup> I fleire av dei metaforiske uttrykka blir mindre storleikar innanfor domena NOREG og EUROPA framstilt ved hjelp av eit metonymisk uttrykk innanfor omgrepssmetonymien HEILSKAP FOR DEL. Sjå kapittel 5.5 for analyse av eit utval metonymiske uttrykk og omgrepssmetonymiar i materialet.

<sup>44</sup> Omgrepssmetaforen DØDEN SOM PERSON og dømet på metaforisk uttrykk innanfor denne omgrepssmetaforen er henta frå Nesse (2017, s. 93)

mitt blir dei likevel ofte brukt til å fremme eitt bestemt politisk syn på innvandring til Noreg og Europa, og da blir bruken av dei alt anna enn nøytral.

### 5.3.1 NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR

Det kan vere intuitivt å bruke BEHALDAR som kjeldedomene for å forstå nasjonar og verdsdelar, fordi vi opplever at desse storleikane har dei same karakteristikkane som ulike behaldarar. Tilordningane for denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 15.

*Tabell 15: Tilordningar for NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR*

Kjelde: BEHALDAR	Mål: NOREG/EUROPA
Innsida av behaldar	→ Innsida av nasjonen Noreg Innsida av verdsdelen Europa
Utsida av behaldar	→ Alt utanfor nasjonen Noreg Alt utanfor verdsdelen Europa
Skilje mellom innsida og utsida	→ Nasjonale grenser Grenser mellom Europa og andre verdsdelar
Opning på behaldaren	→ Grenseovergangar mellom Noreg og andre nasjonar Grenseovergangar mellom Europa og andre verdsdelar

Sjølv om NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR i utgangspunktet ikkje treng å ha negative følgjeslutningar, kan ein i dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepssmetaforen sjå at omgrepssmetaforen både bidrar til eit negativt syn på innvandring til Noreg og Europa og til å kritisere restriktiv eller liberal innvandringspolitikk.

Når nasjonar og verdsdelar blir forstått som behaldarar, kan dei som allereie bur i nasjonen eller verdsdelen, oppfatte seg sjølv som på innsida av behaldaren. Ein konsekvens av dette er at asylsøkarar og flyktningar som vil til nasjonen eller verdsdelen, kan bli oppfatta som menneske på utsida av behaldaren. Dette aspektet kan ein òg finne hos Charteris-Black når han skriv: ”The existence of a container implies both an inside and an outside and therefore in relation to political discourse requires both the ‘us’ and the ‘them’” (2006, s. 577). Når BEHALDAR-domenet blir brukt for å omgrepssleggjere forskjellige nasjonar kan det dermed bidra til å forme eit ”oss-mot-dei”-bilete, i dette tilfellet med nordmenn eller europearar som ”oss” og innvandrarar som ”dei”. Dei metaforiske uttrykka innanfor denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i (13). I (13a–f) er måldomenet NOREG, i (13g–h) er måldomenet EUROPA.

(13)

- a. "Uten å ofre de langsiktige konsekvensene en tanke, kappes politikere om å vise sine blødende hjerter og moralske fortreffelighet som i praksis betyr *åpne grenser*." (PWA)

Setninga i (13a) har blitt vist før, men da var det eit anna metaforisk uttrykk som blei analysert.<sup>45</sup> Ein del av tilordningane til NOREG SOM BEHALDAR (tabell 15) handlar om opninga på behaldaren, og det er dette aspektet ein kan finne i (13a). Setninga kan som sagt sjåast som ein kritikk av liberal innvandringspolitikk, som forfattaren meiner *i praksis betyr åpne grenser*. Om opninga på behaldaren er open, er det ikkje lenger noka grense som skil mellom innsida og utsida av behaldaren, og da kan behaldaren bli full. Det kan verke skremmande for den som les teksten. Om det ikkje lenger er noka grense som skil Noreg frå andre land, vil det innebere at kven som helst kan kome til Noreg, uavhengig av kven dei er, eller kva dei har gjort. Ein kan hevde at dette uttrykket kan bidra til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk, fordi ein restriktiv politikk står i motsetnad til eit scenario der ein risikerer at kven som helst kan kome til Noreg, til dømes kriminelle eller terroristar.

(13) forts.

- b. "Frp tar til orde for de strengeste *innstramningene* på asylfeltet [...]." (PS)  
c. "[...] så kan vi likevel oppleve stor tilstrømning til Norge, og at det blir ytterligere behov for *innstramming*." (SL)  
d. "Noen *innstramminger* er nødvendige." (AL)  
e. "Men SV mener vi i det lengste burde konsentrert *innstrammingene* om de menneskene som kommer til Norge uten beskyttelsesbehov." (AL)

I (13b–e) kan ein finne det same metaforiske uttrykket – *innstramming(er/ene)*. Uttrykket finst i fleire av tekstane, både i dei som argumenterer for ein restriktiv og ein liberal innvandringspolitikk. Det er eit interessant uttrykk som eg har valt å tolke som ei språkleg realisering av NOREG SOM BEHALDAR. Ifølgje Bokmålsordboka tyder *innstramming* berre 'det å stramme inn', som vidare tyder 'gjøre (framstillingen) knappere', så den grunnleggande tydinga til ordet kan ikkje seinverges vere til hjelp i jakta på kjeldedomenet (*Bokmålsordboka*, under *innstramming* og *stramme inn*). Eg vel derfor å tolke *innstramming(er)* som å gjere opninga på behaldaren mindre, slik at det blir vanskelegare å kome inn. Eg kan til dømes sjå for seg behaldaren som ein slags sekk, der ein kan opne og lukke behaldaren ved å løyse og stramme eit band.

---

<sup>45</sup> Sjå kapittel 5.2.1.

Om ein gjer ”opninga” på Noreg mindre vil færre menneske ha høve til å kome seg gjennom henne. Dermed er det naturleg at dei restriktive politikarane framstiller *innstrammingar* som naudsynte, slik som i (13b) og (13c). I (13c) kan ein også sjå at uttrykket blir brukt saman med ein annan omgrepssmetafor – INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE. For å hindre *tilstrømming* til Noreg, må ein gjere opninga på behaldaren mindre. Eg har allereie diskutert dei negative følgjeslutningane av INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE (kapittel 5.1.1.2), og når denne omgrepssmetaforen blir brukt saman med NOREG SOM BEHALDAR, bidrar dei både til ei negativ framstilling av innvandrarar. Dei blir forstått som vatn som kan strøyme inn i behaldaren, om vi ikkje gjer opninga mindre. Det kan få negative konsekvensar for det/dei som allereie finst i behaldaren. Vasstraumar kan føre til materielle øydeleggingar, og i verste fall kan straumen gjere at dei menneska som bur i behaldaren druknar.

I (13d) og (13e) kan ein sjå at *innstrammingar* også blir brukt av Audun Lysbakken, som tar til orde for ein meir liberal innvandringspolitikk i teksten sin. Lysbakken er samd i at nokon innstrammingar kan vere naudsynte, men dei bør ikkje gjelde alle som ønsker å kome til Noreg (jf. (13e)). Ein kan anten forstå Noreg som ein behaldar med fleire inngangar, til dømes ein for arbeidsinnvandrarar og ein for flyktningar, og det er berre nokon av dei som bør gjerast mindre, medan andre bør fortsette å ha den storleiken dei har. Ei anna mogleg tolking er at inngangen til behaldaren berre bør bli gjort litt mindre, slik at ikkje *alle* som vil til Noreg får moglegheit til det, berre dei som faktisk treng det.

(13) forts.

- f. ”Realitetene er at vi nå *lukker grensene* for flyktninger som vil hit, samtidig som vi hjelper dem svært lite i deres såkalte nærområder.” (JE)

I det siste dømet på NOREG SOM BEHALDAR, (13f), er det også opningsaspektet ved behaldaren som blir tatt i bruk. Teksten setninga er henta frå argumenterer for ein meir liberal innvandringspolitikk, og ein kan sjå (13f) som ein kritikk av ein restriktiv innvandringspolitikk. Eventuelt kan ein sjå det som ein kritikk av nordmenn generelt eller av alle som les teksten, sidan det ikkje blir spesifisert kven *vi* refererer til. Bruken av pronomenet *vi* kan vere fordelaktig i politiske diskursar (Fairclough, 2000, s. 35). Fairclough skriv om korleis Arbeidarpartiet i Storbritannia bruker *vi* på to ulike måtar. Den første er ekskluderande (*exclusively*, *vi* refererer til myndighetene), den andre inkluderande (*inclusively*, *vi* refererer til heile Storbritannia). Det er likevel ofte ein ambivalens til stades, ein kan ikkje alltid vite om pronomenet blir brukt ekskluderande eller inkluderande.

Sjølv om Fairclough viser til korleis Arbeidarpartiet (altså ein del av myndigheitene) bruker pronomenet, vil eg hevde ein kan overføre innsikta til bruken av *vi* i (13f), sjølv om Jan Egeland ikkje var ein del av myndigheitene i Noreg i 2015. Om ein tolkar pronomenet som eit ekskluderande *vi*, kan det referere til regjeringa i Noreg, som i kraft av sin innvandringspolitikk er ansvarleg for å *lukke grensene*. Eg vil likevel hevde at det er mest intuitivt å tolke det som eit inkluderande *vi*, sidan Egeland sjølv er ein del av dette *vi*-et. I staden for å bruke *vi* i staden for til dømes *regjeringa*, kan ein tolke det som skjer, *realitetene*, som noko vi alle er ansvarlege for, ikkje berre dei som styrer i Noreg. Dette kan vidare bidra til ei tolking av at *alle* som er usamde med desse *realitetene* må arbeide for å motarbeide det, ikkje berre politiske aktørar.

Uansett kven som faktisk er ansvarlege for å *lukke grensene*, blir handlinga framstilt som negativ. Menneske på flukt får ikkje den hjelpa dei treng – ikkje i nærleiken av heimstaden, og heller ikkje i Noreg, sidan dei ikkje har høve til å kome inn i behaldaren.

Ein kan sjå at i alle dei metaforiske uttrykka innanfor NOREG SOM BEHALDAR har omgrepsmetaforen fleire funksjonar enn berre å skape betre forståing av måldomenet. Han har òg ulike diskursive funksjonar, blant anna å kritisere motstridande politiske syn og å bidra til ei negativ framstilling av innvandring og innvandrarar. Det same gjeld for dei metaforiske uttrykka innanfor EUROPA SOM BEHALDAR som ein kan sjå i (13g) og (13h).

(13) forts.

- g. ”[...] men kaster seg på strømmen av asylanter da *portene* til Europa uansett står *åpne på vidt gap*.” (PS)
- h. ”I hvert land får den lokale Per Sandberg dominere debatten, og skremme de øvrige politikere til å *lukke* egne grenser eller behandle asylsökere så dårlig at de skremmes til andre europeiske land.” (AL)

I likskap med i NOREG SOM BEHALDAR kan vi òg i EUROPA SOM BEHALDAR sjå at BEHALDAR-metaforen blir brukt i samband med INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE (kapittel 5.1.1.2). I (13g) kan *strømmen av asylanter* strøyme inn i Europa, sidan opninga på behaldaren ikkje er lukka. Ein kan hevde at dette metaforiske uttrykket bidrar til å forme eit skremmande bilet av innvandring til Europa. Om ikkje opninga på behaldaren blir lukka, kan vatnet strøyme inn i han, med alle dei negative konsekvensane det kan få (sjå (13c). For å hindre dette vil det derfor vere naudsynt å lukke behaldaren, altså føre ein restriktiv innvandringspolitikk.

I (13h) kan ein sjå eit liknande tilfelle som i (13f), BEHALDAR-metaforen blir brukt til å kritisere ein restriktiv innvandringspolitikk. Her er det dei restriktive politikarane som sjølv *lukke[r] egne grenser* eller tar därleg vare på dei asylsøkarane som faktisk kjem inn i landet.

Både i NOREG SOM BEHALDAR og EUROPA SOM BEHALDAR bidrar dei metaforiske uttrykka til anten å kritisere politiske syn som forfattaren ikkje er einig i eller til ei kritisk oppfatning av innvandring til Noreg og Europa. Det er likevel viktig å påpeike at sjølv om dette kritiske synet er til stades i alle dei metaforiske uttrykka i (13), meiner eg det kjem klarast fram i dei tilfella der BEHALDAR-metaforen blir brukt saman med INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE.

### 5.3.2 NOREG/EUROPA SOM PERSON

Når ein tar i bruk PERSON som kjeldeomlene blir det kalla personifikasjon (Kövecses, 2010, s. 39). Når ein personifiserer noko, gir ein menneskelege eigenskapar til ikkje-menneskelege entitetar. I dei to omgrepmetaforane som blir analysert her, er det Noreg og Europa som blir forstått som levande vesen med menneskelege eigenskapar. Ifølgje Semino (2008, s. 101) er PERSON eit vanleg kjeldeomlene i politiske diskursar, og det er særleg vanleg å bruke det når ulike nasjonalstatar blir brukt som måldomene. Tilordningane for desse omgrepmetaforane kan ein sjå i tabell 16.

Tabell 16: Tilordningar for NOREG/EUROPA SOM PERSON

Kjelde: PERSON	Mål: NOREG/EUROPA
Menneskelege eigenskapar	→ Eigenskapar ved Noreg/Europa
Menneskelege val	→ Val som blir tatt av Noreg/Europa

I likskap med NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR har NOREG/EUROPA SOM PERSON fleire funksjonar enn berre å skape betre forståing av måldomena. I tabellen ovanfor kan ein sjå at Noreg og Europa har menneskelege eigenskapar, og den menneskelege eigenskapen eg tolkar som særleg viktig i dei metaforiske uttrykka i (14), er evna til å ta val. Alle menneske tar val heile tida. Nokon av vala vi tar får positive konsekvensar, medan andre får negative. I dei metaforiske uttrykka innanfor NOREG/EUROPA SOM PERSON skal vi sjå at denne evna til å ta både gode og därlege val blir overført til Noreg eller Europa, og at politikk ein er ueinig i ofte blir oppfatta som därlege val.

I tillegg til at Noreg og Europa blir tildelt menneskelege eigenskapar, blir dei òg forstått som menneske som kan bli utsette for negativ påverknad som ein kan ha ulike

erfaringar med. Desse påverknadane skuldast i (14) innvandring til Noreg og Europa, og dei metaforiske uttrykka blir dermed brukt til å forme eit negativt syn på innvandring.

Dei språklege realiseringane av NOREG SOM PERSON kan ein sjå i (14a), og dei språklege realiseringane av EUROPA SOM PERSON kan ein sjå i (14b–e). I (14a) og (14c–e) vil eg hevde at ein òg kan sjå døme på metonymiske uttrykk. Noreg og Europa blir forstått som personar, men i uttrykka kan Noreg og Europa òg referere til mindre storleikar innanfor desse måldomena, til dømes politikarar, abstrakte system eller innbyggjarar. Dette samspelet, eller overlappinga, mellom metafor og metonymi skriv òg Semino om når ho skriv om bruken av personifikasjon i politiske diskursar (2008, s. 102).

Det er viktig å påpeike at i dei tilfella Noreg og Europa eigentleg refererer til politikarar eller innbyggjarar i Noreg eller Europa ved hjelp av eit metonymisk uttrykk, kan det vere usikkert om vi har med personifikasjon å gjere. I nokon tilfelle er det da faktiske personar med menneskelege eigenskapar som gjer eller bør gjere noko. Eg vel likevel å handsame dei som språklege realiseringar av NOREG/EUROPA SOM PERSON, men vel samstundes å kommentere det om *Norge* eller *Europa* i tillegg kan vere døme på metonymiske uttrykk.

(14)

- a. "Norge må bli en pådriver for europeisk og nordisk samarbeid om fordeling av flyktningansvaret, i stedet for nasjonal *alenegang*." (AL)

I (14a) blir restriktive politikarar utsett for kritikk ved hjelp av NOREG SOM PERSON. Ein kan tolke *Norge* som å referere til regjeringa i Noreg, som i 2015 bestod av restriktive politikarar, og dermed kan (14a) òg tene som eit døme på omgrepssmetonymien LAND FOR REGJERING.

I konteksten som setninga står i, argumenterer Lysbakken for at flyktningsituasjonen i Europa ikkje kan løysast ved at alle land i Europa fører ein restriktiv innvandringspolitikk. Landa må heller samarbeide for å hjelpe menneska på flukt. Han oppfattar Noreg sin restriktive innvandringspolitikk som *alenegang*. *Gang* kan tyde 'det å gå' eller 'gange' (*Bokmålsordboka*, under *gang*), så her blir Noreg forstått som ein person som går aleine. I staden for å arbeide for ein mest mogleg restriktiv innvandringspolitikk, meiner forfattaren at Noreg bør bli *en pådriver for europeisk og nordisk samarbeid*, altså arbeide for å saman hjelpe menneske på flukt. Samarbeidet kan tolkast som det motsette av *alenegang* – i staden for å gå ein veg aleine, bør Noreg gå ein annan veg saman med andre europeiske land.

(14) forts.

- b. "Tjener verden på at Europas verdier og økonomi kan *gå ned på knærne*?"  
(HS)
- c. "Professor Bent Jensen i Danmark snakker om folkeflytting og et Europa som *begår selvmord*." (CIH)

I (14b) er det verdiar og økonomi i Europa som blir forstått som menneske, og ikkje Europa i seg sjølv. Eg vil hevde at i alle fall *verdier* kan vere eit metonymisk uttrykk. Ein kan ha nokon felles verdiar i ein verdsdel, og det er mogleg det er slike verdiar forfattaren refererer til. Likevel er verdiar noko enkeltmenneske har, og ulike personar kan ha ulike verdiar. Derfor kan *verdier* tene som ei språkleg realisering av EUROPA FOR EUROPEARAR.

Å *gå ned på knærne* kan relaterast til å vere *i kne*, som tyder 'med minst ett av knærne mot underlaget' (*Bokmålsordboka*, under *kne*). Om ein har eitt eller både knea i underlaget står ein ikkje lenger oppreist, og dette kan det vere fleire årsaker til. Blant anna kan ein vere så fysisk utmatta at ein rett og slett ikkje maktar å stå oppreist lenger. Ei slik tolking vil eg hevde det er mogleg å legge til grunn i (14b). Innvandring til Europa har ført til at verdiane og økonomien i Europa ikkje lenger klarer å stå oppreist.

Kva det reint praktisk vil innebere om verdiane og økonomien blir så utmatta at dei ikkje lenger klarer å stå, kan det vere vanskeleg å svare på. Ei moglegheit kan vere at viktige verdiar, som til dømes ytringsfridom og religionsfridom, ikkje vil vere gjeldande i Europa lenger, og at dei ulike europeiske landa sine økonomiar vil møte så store utfordringar at landa ikkje lenger har høve til å gi økonomisk støtte til innbyggjarane i landet.

Uansett kva Storhaug faktisk meiner med at desse storleikane *kan gå ned på knærne*, vil eg hevde det er eit framtidsscenario ho ønsker at ein skal unngå. Sidan scenarioet kan sjåast som ein konsekvens av innvandring til Europa, vil det vere naudsynt å føre ein restriktiv innvandringspolitikk om ein skal kunne til å unngå det.

I (14c) blir Europa forstått som ein person som tar sitt eige liv. Konteksten som setninga står i, handlar om kva konsekvensar flyktningsituasjonen har fått for Europa og ulike europeiske land, og ein av desse konsekvensane er altså at Europa *begår selvmord*. Eg vil våge å hevde at så godt som alle assosiasjonar vi har til termen *selvmord* er negative, og derfor er det tydeleg at handlinga som Europa gjer blir oppfatta som negativ. Eg vil derfor hevde at det metaforiske uttrykket i (14c) bidrar til å forme eit negativt bilet av innvandring til Europa, sidan ein konsekvens av innvandringa er at Europa dør. Sidan Europa ikkje blir drepen, men faktisk tar sitt eige liv, kan ein hevde at (14c) òg kan sjåast som ein kritikk av ein liberal

innvandringspolitikk. Innvandring kan føre til at Europa dør, men det er noko verdsdelen sjølv har valt, ved å la innvandrarane få kome til Europa.

(14) forts.

- d. "Advarselen om europeisk *kollaps* kom under helgens EU-toppmøte fra Miro Cerar, statsminister i Slovenia." (PS)
- e. "I virkeligheten er innstrammingene en fallitt for det europeiske samarbeidet og et monument over andre europeiske lands *egoisme*." (AL)

Ei anna setning som handlar om moglege konsekvensar av innvandring til Europa kan ein sjå i (14d). Innvandring kan føre til ein *kollaps*, som tyder 'bryte sammen' (*Bokmålsordboka*, under *kollapse*). I likskap med det metaforiske uttrykket i (14c) er det i dei aller fleste tilfella negative assosiasjonar vi knyter til det å kollapse. Dermed kan òg dette metaforiske uttrykket bidra til å skape eit negativt syn på innvandring, fordi ho kan utsette Europa for så store utfordringar at det til slutt ikkje klarar meir. Ei mogleg tolking av kva dette vil innebere i praksis kan vere at ulike samfunnsfunksjonar, til dømes velferdsstatar, ikkje vil kunne utføre oppgåvene sine lenger.

I (14e) kan ein sjå eit anna samspel mellom metafor og metonymi. Dei europeiske landa blir forstått som personar med menneskelege eigenskapar, men eg vil hevde at *europeiske land* ikkje refererer til Europa som heilskap, men heller dei som styrer, eller kanskje til og med alle innbyggjarane i desse landa. Eg vil hevde det metaforiske uttrykket blir brukt til å kritisere ein restriktiv innvandringspolitikk, sidan innstrammingar kan referere til tiltak ein gjer for å minske talet på innvandrarar som kjem til eit land (sjå kapittel 5.3.1), og her ser vi at han blir framstilt både som *en fallitt*, altså eit prosjekt som har gått konkurs (*Bokmålsordboka*, under *fallitt*), og som egoistisk.

Når menneske er egoistiske tenker dei meir på seg sjølv enn på andre. Eigne behov kjem framfor andre sine. Det å vere egoistisk blir i dei aller fleste tilfelle sett på som ein negativ eigenskap, og derfor kan dette metaforiske uttrykket vere med på å forme eit negativt bilet av restriktiv innvandringspolitikk og restriktive politikarar.

I kapittel 5.3.1 viste eg korleis NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR ofte blei brukta saman med INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE. Eit slikt samspel kan ein òg sjå i nokon av dei

metaforiske uttrykka i (14), men i staden for to omgrepssmetaforar, kan ein her sjå eit samspele mellom ein omgrepssmetafor og ein omgrepssmetonymi.<sup>46</sup>

I likskap med NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR har NOREG/EUROPA SOM PERSON òg fleire funksjonar enn berre å tilby ei klarare forståing av måldomena NOREG og EUROPA. I analysen av dei metaforiske uttrykka i (14) har eg vist at omgrepssmetaforen både blir brukt til å kritisere politikk som dei ulike politikarane ikkje er einige med, og til å forme eit negativt bilet av innvandring til Noreg og Europa.

### 5.3.3 NOREG/EUROPA SOM MASKIN

I likskap med BEHALDAR og PERSON er òg MASKIN eit vanleg kjeldedomene i språk og tanke, ifølgje Kövecses (2010, s. 20). Mange av oss er omgitt av fleire ulike maskinar kvar dag, og vi har derfor mange kroppslege erfaringar med dei, som vi kan ta i bruk for å forstå meir abstrakte måldomena. Tilordningane for denne omgrepssmetaforen kan ein sjå i tabell 17.

Tabell 17: Tilordningar for NOREG/EUROPA SOM MASKIN

Kjelde: MASKIN	Mål: NOREG/EUROPA
Fungerande maskin	→ Fungerande nasjon/verdsdel/samfunnsfunksjon
Ikkje-fungerande maskin	→ Ikkje-fungerande nasjon/verdsdel/samfunnsfunksjon
Stand på maskinen	→ Stand på nasjonen/verdsdelen/samfunnsfunksjonen

Dei aspekta ved maskinar det blir lagt vekt på i dei metaforiske uttrykka i (15), er hovudsakleg om maskinen fungerer eller ikkje. Når maskinen fungerer, kan han utføre arbeidet han er meint å gjere, men om maskinen ikkje fungerer, vil ikkje arbeidet bli utført. I likskap med dei to føregåande omgrepssmetaforane har òg NOREG/EUROPA SOM MASKIN fleire funksjonar enn berre forståing. Han blir først og fremst brukt til å fremme eit negativt syn på innvandring til Noreg og Europa, men ein vil òg sjå eit døme på at han blir brukt for å argumentere for å hjelpe dei menneska som flyktar til Europa.

Eg har valt å bruke NOREG og EUROPA som måldomena i desse omgrepssmetaforane, men ein kan sjå i dei metaforiske uttrykka i (15) at det ofte er andre abstrakte storleikar innanfor domena som blir forstått som maskinar, til dømes *asylsystem* og *velferdsstater*. Til forskjell frå NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR og NOREG/EUROPA SOM PERSON finst det ikkje eit like klart skilje mellom metaforiske uttrykk om Noreg og Europa, nokon av uttrykka kan handle om båe to. Derfor skil eg ikkje mellom dei metaforiske uttrykka slik som eg har gjort i dei to føregåande kapitla.

<sup>46</sup> I kapittel 5.5 kan ein sjå fleire døme på omgrepssmetonymiar.

(15)

- a. "Derfor er det kun de ressurssterke som kan benytte seg av Europas *dysfunksjonelle* asylsystem." (PWA)

(15a) er skiven av ein politisk aktør som tar til orde for ein restriktiv innvandringspolitikk i teksten sin, men det metaforiske uttrykket i denne setninga blir ikkje brukt til ein direkte kritikk av verken innvandring eller ein liberal innvandringspolitikk. Setninga kan heller sjåast som kritikk av asylsystemet i Europa, som blir framstilt som ein *dysfunksjonell* maskin. Om ein maskin er *funksjonell* tyder det at han er 'formålstjenlig' eller 'praktisk' (*Bokmålsordboka*, under *funksjonell*), men om vi set på prefikset *dys-*, som tyder 'dårlig', 'sykelig' eller 'mangelfull' (de Caprona, 2013, s. 1527), får termen ei anna tyding. Om maskinen er *dysfunksjonell* er han ikkje lenger formålstenleg eller praktisk, han kan ikkje lenger gjere arbeidet han skal, i dette tilfellet gi vern til dei som treng det.

(15) forts.

- b. "Hvis ikke politikken legges om, er Norge og Europa om få år ikke lenger det vi kjenner dem som i dag: Åpne demokratier med *fungerende* velferdsstater basert på frihetsverdier arvet fra opplysningstiden." (HS)
- c. "Den høye innvandringen fører til at integreringsprosessene *går i stå*." (HS)

I setninga i (15b) argumenterer forfattaren for ei omlegging i politikken for å unngå eit mogleg framtidsscenario. Sidan setninga er henta frå ein tekst som argumenterer for ein restriktiv innvandringspolitikk i Noreg og Europa, er det intuitivt å tolke den ønskete omlegginga av politikken som ei endring frå ein liberal til ein restriktiv innvandringspolitikk. Om dette ikkje skjer, og innvandringa kan fortsette slik som før, kan det få konsekvensar for velferdsstatane i Europa. Dei vil ikkje lenger vere *fungerende*. Dersom velferdsstaten ikkje lenger er fungerande, kan han ikkje gjere arbeidet han er skapt til – ta vare på innbyggjarane som allereie bur i det landet. Derfor er det naudsynt å føre ein restriktiv innvandringspolitikk i Europa, slik at ein unngår dette framtidsscenarioet.

I (15c) er det *integreringsprosessene* som blir forstått som ein maskin. Maskinen går no *i stå*, som tyder 'stoppe opp' (*Bokmålsordboka*, under *stå*). Når menneske flyttar til eit nytt land er det viktig at dei klarer å integrere seg i samfunnet og kulturen i det landet dei flyttar til, slik at dei kan ha hove til å ta del i samfunnslivet på lik linje med resten av befolkninga (sjå kapittel 1.2.1). Derfor vil det vere kritisk om dei prosessane som skal arbeide for å integrere innvandrarar ikkje fungerer som dei skal.

Ifølgje forfattaren er det den *høye innvandringen* som gjer at maskinane *går i stå*.<sup>47</sup>

Ein kan dermed tolke det at integreringsprosessane ikkje fungerer slik dei skal, som ein konsekvens av at for mange menneske innvandrar til Noreg og Europa. For å få maskinen i gang att, må ein dermed minske talet på innvandrarar som kjem til eit land, til dømes ved hjelp av ein restriktiv innvandringspolitikk.

(15) forts.

- d. "Det kan bidra til å sette asylinstituttet i fare fordi vi til slutt ikke blir *i stand* til å kunne gi personer med et reelt beskyttelsesbehov hjelp." (SL)
- e. "Europa er egentlig fullt *i stand* til å håndtere flyktingkrisen." (AL)

Setninga i (15d) er henta frå ein tekst som argumenterer for ein restriktiv innvandringspolitikk og handlar om konsekvensar av innvandring. I likskap med (13f) (kapittel 5.3.1) kan ein sjå at setninga inneheld eit *vi* som kan risikere å ikkje vere *i stand* til noko. Her finst det òg ambivalens – refererer forfattaren til regjeringa eller alle innbyggjarane i Noreg? Denne ambivalansen kan vere fordelaktig, fordi den moglege konsekvensen, at ein ikkje lenger kan hjelpe menneske som faktisk treng det, kan bli tolka som å gjelde *alle* innbyggjarane i Noreg. Derfor må alle i Noreg gjere noko for å forhindre dette framtidsscenarioet.

Uavhengig av om *vi* først og fremst refererer til regjeringa eller til ein større del av Noreg, er Listhaug bekymra for at ei stor innvandring kan føre til at dette *vi*-et, forstått som ein maskin, ikkje vil vere *i stand* til å gjere det arbeidet han skal. Det vil derfor vere naudsynt å føre ein restriktiv innvandringspolitikk for å hindre at maskinen sluttar å fungere.

I motsetnad til alle dei andre metaforiske uttrykka i (15) kan ein i (15e) sjå eit døme på ein maskin som faktisk fungerer. Her er det Europa som heilskap som blir oppfatta som ein maskin, og den blir forstått som *i stand til å håndtere flyktingkrisen*. I staden for å legge vekt på utfordringane ved innvandring til Europa framhevar Lysbakken at Europa faktisk *har* høve til å hjelpe dei som treng det – maskinen er *i stand* til å utføre det arbeidet han skal gjere.

I alle dei tre omgrepssmetaforane med NOREG og EUROPA som måldomene har vi sett at dei metaforiske uttrykka har viktige diskursive funksjonar. Dei er med på å forme ei bestemt forståing av innvandring til Noreg og Europa, og til å kritisere innvandringspolitikk ein ikkje er einig i.

---

<sup>47</sup> Termen *høye* kan sjåast som ei språkleg realisering av orienteringsmetaforen MEIR SOM OPP (sjå kapittel 2.3.3).

## 5.4 Andre interessante metaforiske uttrykk

I analysematerialet finst det mange interessante metaforiske uttrykk som ikkje fell inn under nokon av dei omgrepssmetaforane som har blitt analysert til no. Omgrepssmetaforane som dei kan sjåast som ei språkleg realisering av, er ikkje felles for fleire av tekstane, og i tillegg finst det ofte berre eitt døme på den aktuelle omgrepssmetaforen. Trass i dette vil eg hevde at dei metaforiske uttrykka i (16) har ein viktig diskursiv funksjon, og derfor har eg valt å vite merksemd til dei i eit eige avsnitt.

(16)

- a.       ”Samtidig har pressen *kastet sitt samfunnsoppdrag til side* og *løper i flokk*, mens de uten kritiske spørsmål reduseres til *mikrofonstativ* for asylaktivistene – hvor ikke minst barn eksponeres.” (PWA)

I (16a) kan ein sjå enda eit døme på metaforisk klyngedanning (sjå kapittel 2.4.2). Her kan vi finne fleire metaforiske uttrykk frå ulike omgrepssmetaforar som blir brukt til å kritisere pressa i Noreg. Dei tre omgrepssmetaforane er OPPGÅVE SOM OBJEKT, SEMJE SOM NÄRLEIK og PRESSA SOM OBJEKT. Mange høgreorienterte parti og aktørar opplever media som eit instrument som dei etablerte partia på venstresida kan bruke mot høgresida (Mudde, 2007, s. 67). Derfor kan det vere forståeleg at Amundsen, som er medlem av FrP, er kritisk til både pressa og liberale politikarar, sidan dei både kan sjå ut til å arbeide for same sak.

For det første har pressa *kastet sitt samfunnsoppdrag til side*. Eit samfunnsoppdrag er eigentleg ein abstrakt storleik, men her blir det forstått som eit konkret objekt som ein kan kaste. Av og til kan *kaste* tyde ’hive’, ’slenge’ eller ’vrake’ (*Bokmålsordboka*, under *kaste*), og eg vil hevde at dette er eit av dei tilfella. Pressa i Noreg ser ikkje på samfunnsoppdraget sitt som viktig, derfor har dei valt å vrake det, til fordel for å *løpe i flokk*, ifølgje forfattaren.

I det neste metaforiske uttrykket i denne setninga kan ein sjå at pressa blir omtala som at dei *løper i flokk*. Nokon av assosiasjonane vi har til termen *flokk* handlar kanskje om dyr, men om ein slår opp ordet kan ein sjå at det ikkje blir spesifisert kva flokken ”består” av, det tyder berre ei ’samling’, ’skokk’ eller ’mengde’ av noko(n) (*Bokmålsordboka*, under *flokk*). Det kan hende Amundsen ønsker å framstille pressa som dyr i staden for menneske, men ei anna moglegheit er at han ønsker å få fram at pressa spring saman, i staden for aleine. Da kan det metaforiske uttrykket tene som døme på omgrepssmetaforen SEMJE SOM NÄRLEIK. Om ein er einig med nokon, blir det forstått som at ein er fysisk nær dei, og om ein ikkje er einig med dei er ein langt ifrå dei. Denne omgrepssmetaforen treng ikkje nødvendigvis å bli brukt til å kritisere dei som er einige med kvarandre, men her vil eg hevde at det metaforiske uttrykket

blir brukt til å kritisere pressa i Noreg. Ingen av journalistane i Noreg våger å skilje seg ut, dei er meir opptatte av å gjere det som alle gjer – tene som *mikrofonstativ*. Dette er eit døme på det som Charteris-Black kallar depersonifikasjon, der ein refererer til noko levande som noko livlaust (2004, s. 21). Når forfattaren vel å bruke akkurat termen *mikrofonstativ*, kjem det fram at han oppfattar pressa som eit instrument som *asylaktivistene* kan bruke for å få fram bodskapen sin, på same måte som eit mikrofonstativ er eit verktøy ein kan bruke når ein skal nå ut til ei forsamling (fordi det held mikrofonen på plass).

(16) forts.

- b.        "Snakker vi da i realiteten om asylsøkere, eller *asylshoppere*?" (PS)

Det metaforiske uttrykket i (16b) kan sjåast som ein kritikk av dei menneska som forsøker å kome til Europa frå andre verdsdelar. Forfattaren hevder at ikkje alle desse er reelle flyktningar som har krav på vern i Europa, noko som kjem tydeleg fram om ein ser på neste setning i teksten: "For dersom du flykter fra mennesker som forsøker å drepe deg, burde du vel være takknemlig med opphold i et trygt og demokratisk land som eksempelvis Ungarn?" (Sandberg, 2015, s. 38). Spørsmålet stiller seg kritisk til asylsøkarane sin agenda i Europa – er dei oppriktig på flukt, eller er dei berre på jakt etter eit betre liv?

I det metaforiske uttrykket i (16b) blir asyl framstilt som noko ein eventuelt kan kjøpe, ein kan dermed tolke det som ei språkleg realisering av omgrepssmetaforen ASYL SOM VARE. Om ein forstår asyl som noko ein kan kjøpe, i staden for noko ein har krav på dersom ein er i fare i heimlandet sitt, kan ein tolke det som at alle som har pengar nok, kan få opphold i Europa, og ikkje berre dei som faktisk treng det. Dette kan vidare bidra til å forme eit bilet av dei som flyktar til Europa som berre økonomiske migrantar, og ikkje flyktningar, og dermed kan interessa for å hjelpe dei minke.

(16) forts.

- c.        "Norge og Europa er for kjært til å *la seg ruse seg* på godhet." (HS)

I (16c) blir *godhet* oppfatta som eit rusmiddel. Når det å ta rusmiddel blir framstilt som noko ein gjer mot seg sjølv – *la seg ruse seg* – har det som regel negative assosiasjonar knytt til seg. Rusmiddel er skadelege for kroppen, og bruken av dei kan gjere oss avhengige av rusen.

Som nemnt i kapittel 5.2.3 er eit gjennomgåande poeng i teksten til Hege Storhaug, som har skrive (16c), at liberale politikarar legg for mykje vekt på kjensler og for lite på fornuft i innvandringsdebatten. Her blir det lagt så mykje fokus på *godhet* at det oppfattast

som eit rusmiddel som dei liberale politikarane i Noreg og Europa kan risikere å bli avhengige av. Det metaforiske uttrykket kan dermed tene som ei språkleg realisering av KJENSLER SOM RUSMIDDEL. Forfattaren karakteriserer dette som negativt, ho ser på Noreg og Europa som *for kjært* til at dei liberale politikarane skal få lov til å ruse seg.

Sidan (16c) kan sjåast som ein kritikk av ein liberal innvandringspolitikk, tolkar eg *Norge* og *Europa* som språklege realiseringar av omgrepssmetonymien NASJON FOR POLITIKARAR. Desse uttrykka refererer ikkje til Noreg og Europa som heilskapar, men enkelte politikarar i Noreg og andre europeiske land.<sup>48</sup>

(16) forts.

- d. "Arbeiderpartiets poserende strenghet i asylpolitikken har *gått ut på dato*." (SV)

(16d) kan tene som eit døme på kritikk av restriktiv innvandringspolitikk, som av forfattaren blir framstilt som *poserende strenghet*. Å *posere* kan både tyde å 'stille seg opp, i positur' og å 'innta stilling, holdning som har til formål å imponere' eller 'vekke oppsikt' (*Det Norske Akademis Ordbok*, under *posere*). Her vil eg hevde at den andre tydinga er mest passande, forfattaren framstiller Arbeidarpartiet sitt forsøk på å vere strenge som noko dei først og fremst gjer for å verke interessante for eller "imponere" dei som er kritiske til innvandring.

Forfattaren av (16d) er kritisk til forsøket på å føre ein restriktiv innvandringspolitikk, han oppfattar det som at det har *gått ut på dato*. Det er mykje som kan gå ut på dato, men eg vil hevde at mange av assosiasjonane vi har til uttrykket handlar om därleg mat. Ein vanleg og konvensjonell omgrepssmetafor i språk og tanke hos Kövecses (2010, s. 6) er IDEAR ER MAT. Omgrepssmetaforen treng ikkje nødvendigvis å vere negativt ladd, men i (16d) kan ein sjå at ideen om å vere streng i innvandringspolitikken blir framstilt som noko negativt. Ein kan derfor modifisere omgrepssmetaforen litt og seie at (16d) kan vere ei språkleg realisering av DÅRLEGE IDEAR SOM DÅRLEG MAT. Mat som er gått ut på dato blir som regel ikkje brukt i matlaging, men hamnar ofte i søppelet. Om ein forstår Arbeidarpartiet sin *poserende strenghet* som därleg mat, er ei mogleg følgjeslutning at han bør hamne i søppelet.

(16) forts.

- e. "[...] mens å ta imot krigsflyktninger på en god måte, der trengs det *dugnad* på alle plan." (RBS)
- f. "Det er på høy tid at regjeringen blir med på *dugnaden*." (RBS)

---

<sup>48</sup> Sjå kapittel 5.5 for analyse av metonymiske uttrykk i materialet.

I (16e) og (16f) kan ein finne to metaforiske uttrykk som eg meiner er særleg interessante. Her blir handsaming av asylsøkarar som kjem til Noreg forstått som ein *dugnad*, og dei metaforiske uttrykka kan derfor tolkast som språklege realiseringar av omgrepssmetaforen OFFENTLEGE OPPGÅVER SOM DUGNAD. Ein av funksjonane til metaforar i diskurs er å etablere og styrke mellommenneskelege forhold, til dømes eit forhold mellom ho/han som skriv, og dei som les ein tekst (sjå kapittel 2.4.3). Eg vil hevde at dei metaforiske uttrykka kan vere eit forsøk på å etablere ein slik relasjon.

*Dugnad* tyder '(sammenkomst med) felles, gratis innsats for å gjøre et arbeid' (*Bokmålsordboka*, under *dugnad*), og denne arbeidsinnsatsen er noko dei fleste nordmenn kjenner til. Om dugnaden kan kallast "typisk norsk" er heller usikkert, men det er ingen tvil om at han har stor verdi i Noreg. Bruken av uttrykket kan tolkast som eit forsøk på å appellere til ein felles nasjonal identitet – vi må alle ta del i arbeidet med å hjelpe asylsøkarar.

I tillegg blir det metaforiske uttrykket brukt til å kritisere regjeringa sin innsats i arbeidet med å ta hand om asylsøkarar som kjem til Noreg. Fleire stader i teksten til Rune Berglund Steen (sjå vedlegg) kan ein finne positive ord om alle som tar del i arbeidet for å hjelpe flyktningane, men i (16e) blir det likevel lagt vekt på at dugnaden ikkje burde ha vore naudsynt. Om regjeringa (som i 2015 bestod av Høgre og Framstegspartiet) hadde gjort det arbeidet dei burde, hadde ein ikkje trunge ein dugnad. Om dugnaden likevel er naudsynt, kjem det i (16f) fram at regjeringa bør ta del i han. (16e) og (16f) kan dermed både bidra til å skape engasjement for å hjelpe dei menneska som kjem til Noreg, og til å skade legitimeten til ein restriktiv innvandringspolitikk.

(16) forts.

- g.            "Jeg sier at nå er de nye *naboene* her, og at vi må gjøre vårt for et godt *naboskap*."  
(CM)

(16g) er henta frå teksten til Cecilie Myrseth (sjå vedlegg). Her blir innvandrarar som kjem til Noreg framstilt som *de nye naboene*, og dei som les teksten blir oppfordra til eit *godt naboskap*. Det kan sjølv sagt vere mogleg at ein får innvandrarar som nabobar i konkret forstand, men dette gjeld mest sannsynleg ikkje alle som les teksten. Derfor vil eg hevde *naboene* og *naboskap* òg kan tolkast som metaforiske uttrykk innanfor to ulike omgrepssmetaforar – INNVANDRARAR SOM NABOAR og NOREG SOM NABOLAG.

Mange av oss har eit nærrare forhold til naboane våre enn vi har til framande menneske. Dei er ikkje nødvendigvis venner, men vi helsar kanskje når vi møter på dei, eller

låner dei noko om det skulle vere naudsynt. Når innvandrarar blir forstått som nabobar i staden for framande menneske, kan det bidra til eit positivt syn på desse menneska. Dei er ikkje menneske vi skal sjå forbi, men menneske vi skal helse på og hjelpe om dei treng det. Når heile Noreg vidare blir forstått som eitt stort nabolag, blir denne forståinga gjeldande for *alle* innvandrarane som kjem til Noreg, ikkje berre dei som kjem til det området vi sjølv bur i.

## 5.5 Metonymiforklaring

Tidlegare i analysen har eg vist fleire døme på metonymiske uttrykk som blir brukt saman med metaforiske uttrykk, men eg har ikkje analysert uttrykka utover å forklare kva omgrepssmetonymi dei kan tolkast som språklege realiseringar av. Derfor vil eg no vie merksemd til nokon metonymiske uttrykk som eg vil hevde har ein viktig funksjon i tekstane.

Nedanfor vil eg presentere og analysere tre ulike omgrepssmetonymiar som eg meiner har ein viktig diskursiv funksjon i materialet mitt, og i tillegg vise til metonymiske uttrykk innanfor dei ulike omgrepssmetonymiane. Alle dei tre omgrepssmetonymiane kan sjåast som døme på den overordna omgrepssmetonymien HEILSKAP FOR DEL (sjå kapittel 2.3.4).

### 5.5.1 NOREG FOR REGJERING

Å bruke NOREG som kjeldeomgrep for å snakke eller skrive om delar av Noreg er relativt vanleg i det norske språket. Til dømes gjer vi det ofte i sportssamanhangar, der vi kan snakke om at "Noreg tok gull" (eige døme). I desse tilfella er det ikkje sjølve landet Noreg som tar gull, men heller ein sportsutøvar som representerer Noreg. I dei metonymiske uttrykka i (17) blir NOREG brukt for å referere til målomgrepet REGJERING. Ein bruker altså heile landet for å vise til noko regjeringa i Noreg har eller burde ha gjort.

Eg vil hevde at dei metonymiske uttrykka i (17) har i alle fall to diskursive funksjonar. For det første kan ein bruke dei fordi ein ønsker å legge vekt på at regjeringa i Noreg styrer på vegne av innbyggjarane i landet. Kva regjeringa gjer, og korleis dei vel å handle, får konsekvensar for alle som bur i Noreg. Dei har blitt valt av folket og må vere medvitne sitt ansvar. I tillegg kan ein bruke NOREG for å vise til regjeringa, for å få fram at alle som bur i Noreg har eit ansvar. Sjølv om regjeringa har hovudansvaret for innvandringspolitikken i Noreg, er det viktig at resten av landet òg deltar i politikken, blant anna ved å uttrykke haldningane våre til innvandring eller ved å bruke røysteretten vår. På denne måten er den

første funksjonen retta mot regjeringa, medan den andre er retta mot innbyggjarane i Noreg.<sup>49</sup>

Dei metonymiske uttrykka innanfor denne omgrepsmetonymien kan ein sjå i (17):

(17)

- a. "Petter Stordalen har gitt et annet eksempel på menneskelig anstendighet der *staten* har skydd sitt ansvar." (RBS)
- b. "I det minste må *Norge* ikke være først ute med slike innstramminger [...]." (AL)

I (17a) har *staten skydd sitt ansvar*, ifølgje forfattaren. I teksten til Steen (sjå vedlegg) skriv han mykje om det gode arbeidet som privatpersonar og organisasjonar har gjort for å hjelpe asylsøkarar, derfor er det lite sannsynleg at han faktisk meiner at heile *staten*, med alle innbyggjarar og offentlege etatar, har latt vere å ta ansvar. Det bør likevel påpeikast at *stat* både kan tyde 'land' eller 'rike', og 'de organer som organiserer, styrer et land' (*Bokmålsordboka*, under *stat*). Ein kan ikkje vite kva for ei tyding Steen legg til grunn, men det er berre snakk om eit metonymisk uttrykk om det er den første tydinga som er gjeldande.

Dersom ein tolkar *staten* som eit metonymisk uttrykk, vil eg hevde at det kan bli brukt til å tene den første funksjonen til NOREG FOR REGJERING. Regjeringa styrer på vegner av det norske folket og har dermed eit stort ansvar å forvalte. Om dei ikkje tar det ansvaret, slik Steen hevdar, kan det tolkast som om heile staten lar vere å ta ansvar. Uttrykket kan derfor bidra til å skade legitimeten til regjeringa, og dermed til ein restriktiv innvandringspolitikk, sidan partia som sat i regjering i 2015 var tilhengarar av ein restriktiv innvandringspolitikk.

(17b) er kanskje eit klarare døme på eit metonymisk uttrykk enn (17a). Eg har allereie skrive om koplinga mellom *innstramminger* og restriktiv innvandringspolitikk (sjå kapittel 5.3.1), så det er relativt legitimt å hevde at *Norge* blir brukt for å referere til regjeringa, som ikkje bør vere *først ute med slike innstramminger*.

Det metonymiske uttrykket i (17b) kan bli brukt til å tene både dei diskursive funksjonane. Ved at ein bruker *Norge* i staden for regjering, kjem det klarare fram at det regjeringa vel å gjere, får konsekvensar for heile landet. Når regjeringa vel å stramme inn asylpolitikken, vil det få konsekvensar for alle som bur i Noreg, både på godt og vondt. I tillegg kan det metonymiske uttrykket brukast for å få fram at vi alle er ansvarlege for asylpolitikken i Noreg. Det er ikkje berre regjeringa som ikkje bør stramme inn politikken, det gjeld også dei som bur i Noreg. Om ein ikkje er einige med regjeringa, bør ein ta aktivt avstand frå handlingane deira, og om ein ikkje gjer det, er ein like ansvarleg som dei.

---

<sup>49</sup> Dei to funksjonane kan relaterast til bruken av *vi* i politiske diskursar (sjå kapittel 5.3.1).

### **5.5.2 LAND FOR INNBYGGARAR**

Denne omgrepssmetonymien har mange fellestrekk med NOREG FOR REGJERING, men i dei metonymiske uttrykka i denne omgrepssmetonymien blir det ikkje spesifisert kva land ein skriv om. Ein annan forskjell frå NOREG FOR REGJERING er at det i dei metonymiske uttrykka i (18) ikkje er like klart at målomgrepet er REGJERING. Styresmaktene i dei ulike landa som det blir vist til i (18), er ein del av målomgrepet, men det kan likevel vere feil å avgrense målomgrepet til berre styresmaktene. Det finst fleire som er involvert i handsaminga av asylsøkarar som kjem til eit land enn berre dei som styrer i landet, og derfor har eg valt å kalle målomgrepet INNBYGGARAR, slik at det inkluderer både ulike politiske aktørar og alle dei andre som bur i det aktuelle landet. Dei metonymiske uttrykka innanfor omgrepssmetonymien kan ein sjå nedanfor i (18):

(18)

- a. "De rike *landene* i nord ville fortsatt blitt nødt til å gjøre mest [...]." (AL)
- b. "Vi kunne også møtt flyktningkrisen med at et tilstrekkelig antall *land* tok ansvar." (AL)

Båe uttrykka i (18) er skrivne av Audun Lysbakken, og i både (18a) og (18b) blir det argumentert for at ulike *land* bør ta ansvar for *flyktningkrisen*. Eg vil hevde at desse metonymiske uttrykka kan tene dei same funksjonane som dei metonymiske uttrykka i (17). Dei blir brukt for å vise at styresmaktene i dei ulike landa er ansvarlege og handlar på vegner av heile landet, men òg for å vise at alle innbyggjarane i landet er ansvarlege for å hjelpe menneske på flukt, ikkje berre myndigheitene.

### **5.5.3 RELIGION FOR RELIGIØSE MENNESKE**

I denne omgrepssmetonymien blir kjeldeomgrepet ISLAM brukt for å vise til medlemar av religionen, muslimar. Eg vil hevde at dette kan bidra til ei uheldig tolking av dei metaforiske uttrykka – ved å referere til delar av religionen ved religionen som heilskap, er det mogleg at alle muslimar blir oppfatta som ei homogen gruppe. Ein viskar ut skiljet mellom moderate og radikale muslimar, til dømes islamistar. Dette kan bidra til eit negativt, og ikkje minst feilaktig, bilet av muslimar, sidan mange av muslimane som flykta til Europa i 2015, faktisk forsøkte å kome seg vekk frå område som var dominert av islamistar (sjå kapittel 1.2.1).

Dei metonymiske uttrykka innanfor denne omgrepsmetonymien kan ein sjå i (19):<sup>50</sup>

(19)

- a. "Vil *islam* bli verdsliggjort, eller vil islam holde fast ved tradisjoner og kanskje utvikle seg i mer konservativ retning [...]." (HS)
- b. "*Islam* vil sannsynligvis kreve respekt for sin religion, tradisjoner og skikker dess flere tilhengere religionen får." (HS)

I (19a) blir det stilt eit spørsmål som handlar om korleis islam vil sjå ut i framtida. Vil religionen bli *verdsliggjort*, eller vil han *utvikle seg i mer konservativ retning*. I (20b) skriv forfattaren vidare om korleis islam sannsynlegvis vil sjå ut i framtida. Koplinga mellom islam og innvandring til Noreg og Europa kan ein sjå i (19b) ved at det står *dess flere tilhengere religionen får*. Det er mogleg å tolke ytringa som at jo fleire muslimar det kjem til Noreg og Europa, desto større sjanse er det for at dette framtidsscenarioet blir fullbyrda.

Ein religion har ikkje høve til å *utvikle seg* eller *kreve respekt* uavhengig av menneska som ser seg sjølv som medlemar av religionen. Derfor meiner eg det er tydeleg at *islam* i (19a) og (19b) er døme på metonymiske uttrykk. Dette gjer at den moglege utviklinga som religionen kan ha gjeld *alle* muslimar. Det er mogleg å tolke det som at ingen av muslimane som kjem til Noreg og Europa vil tilpasse seg samfunnet dei kjem til, men heller halde fast på alle tradisjonar og skikkar som finst i islam. Det treng ikkje nødvendigvis å vere noko negativt, men på grunn av dei negative assosiasjonane mange har til enkelte delar av islam, til dømes sharia-lovgiving, kan dei metonymiske uttrykka bidra til å forme eit skremmande bilet av kva konsekvensar det kan få om mange muslimar kjem til Noreg og Europa.

## 5.6 Oppsummering av analysen

I dette kapittelet har eg presentert og analysert dei viktigaste og mest dominante omgrepsmetaforane og -metonymiane og metaforiske/metonymiske uttrykka i materialet. Dei metaforiske og metonymiske uttrykka i (1)–(19) er ikkje ei uttømmande liste av alle uttrykka i materialet, men eit utval gjort i dei to føregåande delane av analysen (sjå kapittel 4). Eg har forsøkt å forklare kva diskursiv funksjon dei ulike metaforane og metonymiane kan seiast å ha, og korleis dei bidrar til anten å skape eller skade legitimitet til ein restriktiv eller ein liberal innvandringspolitikk. I neste kapittel kjem eg til å diskutere metaforbruken meir overordna, og gi svar på dei to siste forskingsspørsmåla og problemstillinga i oppgåva.

<sup>50</sup> Dei to setningane i (20) er henta frå teksten til Hege Storhaug, men i dei viser ho til noko Poul Chr. Matthiessen har skrive. Eg vel likevel å bruke dei, fordi eg ikkje er opptatt av å få fram kva Storhaug meiner og ikkje meiner i dei to metonymiske uttrykka, men heller kva forståing av muslimar som kjem til syne.

## **6 Diskusjon og avslutning**

I dette kapittelet vil eg diskutere resultata frå den kritiske metaforanalysen i dei to føregåande kapitla, kapittel 4 og 5, i tillegg til å svare på forskingsspørsmåla og problemstillinga eg presenterte i kapittel 1.5. Først kjem ei drøfting av viktige trekk ved metaforbruken i dei ulike tekstane i analysematerialet og samanlikning med tidlegare studiar om metaforbruk i diskurs. I tillegg diskuterer eg om metaforbruken er eit medvitent val eller ikkje.

I siste del av kapittelet (frå kapittel 6.4) diskuterer eg kva rolle metaforane speler, og kva forståing av innvandring, innvandrarar, (restriktiv og liberal) innvandringspolitikk, Noreg og Europa dei bidrar til å forme. I tillegg skriv eg litt om korleis metaforane blir brukt til å kommunisere vanlege argument for og imot innvandring. Til sist gir eg eit avsluttande svar på problemstillinga og rundar av kapittelet med ein kort konklusjon.

### **6.1 Viktige trekk ved metaforbruken**

Det finst mange interessante trekk ved dei forskjellige omgrepssmetaforane og dei metaforiske uttrykka som blei presentert og analysert i kapittel 4 og 5. For det første kan ein finne mange døme på samspel mellom ulike omgrepssmetaforar i fleire setningar i materialet. Eg kommenterte eit slikt samspel mellom INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR og INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE i kapittel 5.1.1.1 og 5.1.1.2, og eit samspel mellom metaforiske og metonymiske uttrykk i kapittel 5.3.2. I tillegg til desse døma kan ein sjå døme på samspel mellom INNVANDRING SOM TRUSSEL og SAMFUNNSFUNKSJONAR SOM BYGNINGAR (kapittel 5.1.1.4 og 5.1.3.1). Generelt var det fleire gongar eg brukte same setning for å vise språklege døme på fleire omgrepssmetaforar. Slike metaforiske klynger kan brukast til å tene fleire funksjonar. Dei kan til dømes bli brukt til å få tydeleg fram det forfattaren oppfattar som særleg viktige poeng i ein tekst, eller til å vende lesaren si merksemd mot bestemte delar av ein tekst (Semino, 2008, s. 25).

Eit anna interessant fellestrekk ved fleire av omgrepssmetaforane i førre kapittel er at relativt ”nøytrale” omgrepssmetaforar, eller i alle fall ”nøytrale” kjeldedomene, blir brukt til å tene ulike diskursive funksjonar. Både her og i førre kapittel valde eg å sette ”nøytral” i hermeteikn, fordi det er vanskeleg å betrakte metaforisk språk generelt som nøytralt. Valet av kjeldedomene har mykje å seie for korleis vi oppfattar måldomenet, og forståinga kan dermed ikkje sjåast som nøytral, sidan det berre er ei mogleg forståing av mange. Sagt med Semino sine ord: ”[...] metaphors are seldom neutral: constructing something in terms [of] something

else results in a particular view of the 'something' in question, often including specific attitudes and evaluations." (2008, s. 33).

Uansett om kjeldedomena er nøytrale eller ikkje, treng dei i alle fall ikkje å bli brukt til å forme eit negativt bilet av måldomenet, slik dei gjer i materialet mitt. Eg har allereie diskutert korleis NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR, PERSON og MASKIN har fleire diskursive funksjonar enn berre å gi oss ei betre forståing av måldomena (kapittel 5.3). Det finst òg fleire liknande tilfelle i materialet, til dømes i delen om innvandringspolitikk (kapittel 5.2). Både KREFTER og RØRSLE blir brukt i andre diskursar enn politiske, og dei treng ikkje å tene diskursive funksjonar, slik som i materialet mitt. Hovudfunksjonen til desse kjeldedomena er ofte først og fremst å skape ei betre forståing av måldomena.

Eit tredje viktig trekk ved metaforane er at dei aller fleste av omgrepssmetaforane eg fann i materialet mitt, anten er relativt konvensjonelle i språket, eller er dei same som andre forskrar har funne når dei har analysert metaforbruk i politiske diskursar generelt og politiske diskursar om innvandring. Eg fann til dømes at dei politiske aktørane i mitt materiale tok i bruk fire av dei kjeldedomena som Semino handsamar som vanlege kjeldedomene i ein politisk diskurs (sjå kapittel 2.5.1) – BEHALDAR, KRIG, SPORT og PERSON.<sup>51</sup> I tillegg har både INNVANDRING SOM PRESS PÅ EIN BEHALDAR, INNVANDRARAR SOM OBJEKT, NASJON SOM BEHALDAR og ulike variantar av INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE blitt dokumentert i tidlegare forsking (sjå kapittel 2.6). Konvensjonelle omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk kan kanskje verke mindre "spennande" enn innovative omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk, men dei er likevel svært viktige i ein kritisk metaforanalyse. Til forskjell frå innovative metaforar kan dei konvensjonelle bli så vanlege i språk og tanke at vi ikkje aktivt registrerer dei som metaforar når vi les eller hører dei. På denne måten kan dei vidareføre ei bestemt forståing av eit fenomen i verda utan at vi er klare over det. Flatseth forklarer dei konvensjonelle metaforane si rolle slik:<sup>52</sup>

Jeg vil hevde at den etablerte eller "døde" metaforen [...] kan uttrykke grunnleggende forestillinger i et samfunn eller et miljø. Slike virkelighetsforståelser kan fungere styrende eller begrensende både på offentlige og private områder. Den etablerte metaforen kan peke i retning av en maktstruktur som ikke er så lett å få øye på fordi den tas for gitt. (Flatseth, 2003, s. 86)

<sup>51</sup> Sjølv om det siste kjeldedomenet som Semino handsamar som eit vanleg kjeldedomene i politisk diskursar, REISE, ikkje blir brukt i mitt materiale, kan ein argumentere for at FORANDRING SOM RØRSLE (kapittel 5.2.5) kan relaterast til REISE.

<sup>52</sup> Flatseth bruker termen *etablerte metaforer* i staden for konvensjonelle metaforar.

Ein ser altså at konvensjonelle omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk er viktige fordi dei er med på å forme våre forståingar av ”røynda”. Desse forståingane kan vidare vere med på å påverke korleis vi handlar i denne ”røynda”, ifølgje Goatly (2007, s. 28). Kva forståing av innvandring, innvandralar, innvandringspolitikk, Noreg og Europa som kjem til syne i mitt materiale, og som dermed kan verke styrande på handlingane våre, vil eg skrive meir om i kapittel 6.4.

## **6.2 Forskjellar frå tidlegare forsking**

På fleire område er resultata frå oppgåva mi samanlikningsbare med resultat frå tidlegare forsking om metaforbruk i diskursar om innvandring. Eg fann mange av dei same omgrepssmetaforane i materialet mitt som andre forskrar har funne, og i tillegg har dei aller fleste omgrepssmetaforane i materialet mitt til felles at dei er med på å forme eit negativt bilet av innvandring og innvandralar. Likevel fann eg nokon omgrepssmetaforar som kan tolkast som innovative. Den første er INNVANDRING SOM SJANSESPEL (kapittel 5.1.1.3), der innvandring til Noreg og Europa blir forstått som eit sjansespel med stor risiko for tap.

Tre andre døme kan ein lese om i kapittel 5.4 – KJENSLER SOM RUSMIDDEL, OFFENTLEGE OPPGÅVER SOM DUGNAD og INNVANDRARAR SOM NABOAR. I det metaforiske uttrykket innanfor KJENSLER SOM RUSMIDDEL blir kjensla godheit forstått som rusmiddel som politikarar har høve til å bli rusa på. Omgrepssmetaforen blir brukt til å kritisere liberale politikarar i Noreg, og kan sånn sett passe inn i ei nokså vanleg forståing av liberale politikarar frå meir restriktive politikarar – dei tenker for mye på kjensler og for lite på fornuft i innvandringssaka.

Det er kanskje ikkje så rart at OFFENTLEGE OPPGÅVER SOM DUGNAD skil seg ut frå internasjonal forsking på området, sidan mange nordmenn set høg verdi på dugnaden. I dei metaforiske uttrykka innanfor omgrepssmetaforen blir det å ta hand om menneske som kjem til Noreg forstått som ein dugnad som alle nordmenn bør ta del i, og den kan sjåast som eit stikk til restriktive politikarar, om dei ikkje blir med på dugnaden.

Det siste dømet frå kapittel 5.4 er INNVANDRARAR SOM NABOAR. Omgrepssmetaforen blir òg trekt fram i kapittel 6.4.1, fordi han står i kontrast til mange av dei andre omgrepssmetaforane med INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene. Her blir innvandralar forstått som menneske i staden for ”ting” og som noko som kan oppfattast som ”kjent”, sidan folk ofte har eit nærrare forhold til naboane sine enn til menneske ein ikkje kjenner i det heile.

Ein kan likevel sjå i kapittel 5 at omfanget av dei meir konvensjonelle omgrepssmetaforane er større enn dei som eg har skrive om ovanfor, noko som kan sjåast som relativt naturleg sidan dei konvensjonelle omgrepssmetaforane er meir innprenta i språk og tanke enn dei innovative. Trass i dette meiner eg det er viktig å legge vekt på både dei konvensjonelle og dei innovative omgrepssmetaforane, og det ville vore interessant å analysere eit større materiale for å finne ut om nokon av desse omgrepssmetaforane har klart å bli meir etablert sidan tekstane i mitt analysemateriale blei skrivne.

### 6.3 I kva grad er metaforbruken medviten?

I KMT-tradisjonen opererer ein med at metaforbruken til språkbrukarar i stor grad er umedviten (Kövecses, 2010, s. xi). Dei fleste omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk er så konvensjonelle i språk og tanke at vi ikkje tenker over at vi snakkar og tenker i metaforar. På den andre sida argumenterer enkelte kritiske metafforskantar for at metafor bruk òg kan vere eit medvitent val. Blant anna skriv Charteris-Black:

The identification of conceptual metaphors [...] interprets metaphor by showing that individual metaphors are not random but have an underlying pattern that can offer evidence of the speaker's purpose. In this chapter I suggest the term 'purposeful metaphor' to explain how and why such metaphors provide coherent representations of a story that a speaker is actively telling. It is the purposeful use of metaphor that turns a speech into a narrative, rather than a list of conceptual metaphors or other cognitive representations. (Charteris-Black, 2014, s. 196)

Han hevder altså at bruk av metaforar ofte kan vere medvitne val som forfattarar kan ta i bruk. Eg kan vere einig i at bruken og vala av metaforar i nokon tilfelle *kan* vere medvitent, men eg vil samstundes vere forsiktig med å seie for mykje om intensjonane til forfattarane som har skrive tekstane i analysematerialet i oppgåva mi.

Både i dette og i førre kapittel har eg skrive kritisk om metaforane i dei ulike tekstane, men eg har forsøkt å kritisere metaforane, og ikkje forfattarane som har skrive dei. Å snakke og skrive om innvandring som ein *straum* er til dømes blitt veldig konvensjonelt, og kanskje òg legitimt, i det norske språket, trass i dei negative følgjeslutningane INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE har knytt til seg. På grunn av dette er det absolutt ikkje sikkert at forfattarane tenker over dei negative følgjeslutningane når dei skriv om *flyktningbølgen* eller *strømmen av asylanter* (kapittel 5.1.1.2). Derfor blir det vanskeleg for meg å eksplisitt kritisere forfattarane for dei ulike metaforiske uttrykkene som finst i tekstane deira.

Det kan likevel vere viktig å påpeike at det finst nokon metaforiske uttrykk i materialet som kan vere medvitne val, og det er i dei tilfella der det metaforiske uttrykket blir

signalisert, til dømes når Hege Storhaug skriv: ”Men migrasjons- og flyktningbølgen vi ser innover Europa nå, er bare et ”*skvulp*” opp mot antallet som antagelig kommer de neste årene” (2015, s. 14).<sup>53</sup> Metaforsignalisering kan blant anna bli brukt til å rettleie lesaren i tolkinga av uttrykket (Semino, 2008, s. 27). Om ein signaliserer eit metaforisk uttrykk, kan dermed forfattaren vere klar over at ho/han bruker eit metaforisk uttrykk som kan vere utfordrande å tolke, og forsøker å rettleie lesaren slik at ho/han skal tolke det som eit metaforisk uttrykk, og ikkje i bokstaveleg forstand.

## 6.4 Kva rolle speler metaforane?

### 6.4.1 Kva forståing av innvandring og innvandrarar kjem til syne?

I hovudsak vil eg hevde at dei ulike omgrepmetaforane/-metonymiane og dei metaforiske/metonymiske uttrykka i materialet er med på å forme eit negativt bilet av innvandring og innvandrarar. Innvandring er noko ein bør unngå, eller i alle fall minske, for å unngå (framtidsscenario med øydeleggingar, særleg av abstrakte storleikar som til dømes helsetenestar, asylsystem og den norske velferdsstaten. I tillegg blir det framheva at innvandring kan vere både skremmande og truande for dei landa og områda som tar imot innvandrarar. Innvandring blir blant anna forstått som eit sjansespel som kan føre til tap, og innvandrarar blir oppfatta som vatn som strøymer inn i Noreg og Europa. I nokon tilfelle blir innvandrarar oppfatta som ”ting”, til dømes ulike typar gods, og i dei tilfella der dei blir framstilt som menneske, blir dei ofte oppfatta som ei homogen gruppe i staden for unike individ. I tillegg kan ein hevde at innvandrarane i nokon av dei metaforiske uttrykka, kanskje særleg innanfor INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE, ikkje lenger har vilje til å handle – dei er berre del av ein straum som beveger seg utan at dei sjølv legg noko særleg innsats i reisa. Dette kjem til dømes til syne når Per Sandberg skriv at innvandrarane ”kaster seg på strømmen av asylanter” (2015, s. 38).

Når desse ulike aspekta blir framheva, er det samstundes andre aspekt ved måldomene INNVANDRING og INNVANDRARAR som blir skjult. Det kjem til dømes ikkje tydeleg fram at menneska som kom til Noreg og Europa hausten 2015 var ulike, med omsyn til blant anna alder, nasjonalitet, kjønn og religion. Tal frå UNHCR (FNs høgkommissær for flyktningar) viser at menneska som kom frå land utanfor Europa til Europa mellom januar 2015 og desember 2015, kom både frå Syria, Afghanistan, Irak og Eritrea (UNHCR, 2016a, s. 2), og at

---

<sup>53</sup> Sjå kapittel 5.1.1.2 for analyse av dette metaforiske uttrykket.

blant dei menneska som kom frå Syria til ulike greske øyer i januar 2016, fanst det både kvinner, menn og born, muslimar og kristne, gifte og single (UNHCR, 2016b, s. 2). Dette mangfaldet kjem ikkje fram når innvandrarane blir framstilt som ei homogen gruppe.

I tillegg blir årsakene til at desse menneska kjem til Noreg og Europa skjult. Eg vil ikkje hevde at *alle* dei som kom til Noreg og Europa hausten 2015 kunne definerast som flyktningar på bakgrunn av definisjonen som blei presentert i kapittel 1.2.2, men igjen kan vi sjå på tal frå UNHCR som viser at 94 % av dei som kom til Hellas i januar 2016, sa at konflikt og vald var årsakene til at dei forlét heimlandet (UNHCR, 2016b, s. 3). Dette kjem ikkje fram i dei metaforiske og metonymiske uttrykka som eg presenterte i førre kapittel, og i tillegg kjem det ikkje fram at reisa til Europa kosta mykje for mange av desse menneska, særleg ikkje når innvandrarane blir oppfatta som menneske utan eigen vilje.

Det finst likevel unntak frå denne forståinga av innvandring og innvandrarar. I kapittel 5.4 presenterte eg omgrepssmetaforen INNVANDRARAR SOM NABOAR, som ein kan finne metaforiske uttrykk av i teksten til Cecilie Myrseth (sjå vedlegg). Her blir innvandrarane som kjem til Noreg og Europa framstilt som menneske som kan bu i huset ved sida av vårt, og som innbyggjarane i Noreg kanskje bør strekke ut ei hand til, om innvandrarane treng det. I tillegg kan det nemnast at teksten til Jan Egeland (sjå vedlegg) ikkje inneheld nokon av dei omgrepssmetaforane med INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene som blei presentert i førre kapittel.

Generelt sett fanst det færre metaforiske uttrykk med INNVANDRING eller INNVANDRAR som måldomene i tekstane som er skrivne av forfattarar som argumenterer for ein liberal innvandringspolitikk. Det kan sjåast som relativt naturleg at dei som er tilhengarar av ein liberal innvandringspolitikk i mindre grad bruker omgrepssmetaforane i materialet for å forstå og snakke om innvandring, sidan dei fleste av metaforane presenterer ei negativ forståing av desse storleikane. Når dei likevel tok metaforane i bruk, var det ofte for å kritisere ein restriktiv innvandringspolitikk, eller for å kritisere måten restriktive politiske aktørar snakkar og skriv om innvandring på. I nokon av tilfella der dei liberale forfattarane brukte omgrepssmetaforar som er med på å forme eit negativt bilet, valde eg å problematisere bruken, sidan den negative forståinga av innvandring og innvandrarar kan bidra til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk.

Det faktum at ein kan finne metaforiske uttrykk frå omgrepssmetaforar med INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene i nesten alle tekstane, kan òg tyde på at desse metaforane er blitt så innprenta i språk og tanke at ein ikkje lenger tenker over at ein

faktisk bruker metaforiske uttrykk, og at ein heller ikkje tenker over dei negative metaforiske følgjeslutningane som følgjer med desse metaforiske uttrykka.

#### **6.4.2 Kva forståing av innvandringspolitikk kjem til syne?**

Både restriktiv og liberal innvandringspolitikk blir kritisert i analysematerialet. Det finst òg døme på metaforiske uttrykk som blir brukt for å setje den politikken ein sjølv er tilhengar av i eit godt lys. Eit døme kan vere når Audun Lysbakken skriv at SV har valt å ”stå fast ved en solidarisk flyktningpolitikk” (sjå kapittel 5.2.5). Likevel er det flest døme på at metaforiske uttrykk blir brukt for å kritisere politikk ein ikkje er einig i. Ein kan dermed seie at forfattarane legg meir vekt på å skade legitimitet til politikk dei ikkje er einige i, enn å skape legitimitet for politikk dei *er* einige i.

Ein av måtane dei ulike forfattarane gjer dette på, kan ein sjå i POLITIKK SOM KONKURRANSE (kapittel 5.2.1). Her blir ulike politikarar, både dei som er tilhengarar av ein restriktiv og ein liberal innvandringspolitikk, oppfatta som deltagarar i ulike konkurransar, heller enn seriøse politikarar. Dei liberale politikarane kappast om å vere gode, medan dei restriktive kappast om å vere strengast. Når arbeidet ulike politikarar gjer blir oppfatta på denne måten, blir politiske vedtak dei gjer, og viktige saker dei står for, skjult, medan meir ”irrasjonell” åtferd blir framheva.

Ein annan måte delegitimering kan manifestere seg språkleg på, ifølgje Chilton (2004, s. 47), er når ein angrip den moralske karakteren til ein person eller ei gruppe, og eg vil hevde at nokon av dei metaforiske uttrykka som handlar om restriktiv innvandringspolitikk, kan tene som døme på denne strategien. Restriktiv innvandringspolitikk blir skiven om og forstått ved hjelp av kjeldeomene som KONKURRANSE og KRIG/KONFLIKT. KRIG/KONFLIKT har mange negative følgjeslutningar knytt til seg. Krigar og konfliktar kan blant anna føre til mange menneskelege og materielle tap, og mange av erfaringane ein kan ha om ulike krigar og konfliktar kan karakteriserast som vonde og triste.

Dei politiske aktørane som er tilhengarar av ein liberal innvandringspolitikk blir utsett for ein annan type kritikk som ifølgje Chilton (2004, s. 47) kan bidra til delegitimering. I staden for at deira moralske karakter blir angripen, er det først og fremst deira rasjonelle karakter som blir kritisert ved hjelp av ulike metaforiske uttrykk. Ein kan sjølvsagt hevde at deira moralske karakter òg blir angripen ved hjelp av metaforiske uttrykk som ”godhetsregimet” og omgrepssmetaforen KJENSLER SOM RUSMIDDEL (kapittel 5.2.3 og 5.4) – det blir så mykje moral, godheit og kjensler at det blir oppfatta som noko negativt. Men når

desse karakteristikkane ved dei liberale politikarane blir framheva, blir evna deira til å tenke rasjonelt skjult. Dei tenker så mykje på å vere gode at dei ikkje klarer å tenke fornuftig. Dette kjem tydeleg fram i blant anna POLITIKK SOM KONKURRANSE og KJENSLER SOM KREFTER.

Ein kan altså sjå at både dei restriktive og dei liberale forfattarane forsøker å skade legitimitet til innvandringspolitikk dei sjølv ikkje er tilhengrar av, og mange av dei metaforiske uttrykkja dei bruker i tekstane sine bidrar til denne delegitimeringa.

#### **6.4.3 Kva forståing av Noreg og Europa kjem til syne?**

I førre kapittel viste eg at dei tre omgrepsmetaforane med NOREG og EUROPA som måldomene har fleire funksjonar i dei ulike tekstane. Dei bidrar både til å forme eit negativt bilet av innvandring til Noreg og Europa, dei blir brukt til å kritisere både restriktiv og liberal innvandringspolitikk, og dei blir brukt til å skape legitimitet for den innvandringspolitikken den aktuelle forfattaren sjølv argumenterer for. Kva forståing av Noreg og Europa får vi gjennom desse omgrepsmetaforane og dei metaforiske uttrykkja?

Eg vil hevde at det er hovudsakeleg to ulike forståingar av Noreg og Europa som kjem til syne i analysen. For det første blir Noreg og Europa oppfatta som til dels skjøre storleikar som må beskyttast. Innvandring til Noreg og Europa blir i fleire tilfelle oppfatta som noko skremmande og truande, og noko som kan få negative konsekvensar for innbyggjarane og forskjellige abstrakte system i nasjonen eller verdsdelen. Dette kjem til dømes til syne i NOREG/EUROPA SOM BEHALDAR (kapittel 5.3.1), der det er naudsynt å gjere opninga på behaldaren mindre for å verne om Noreg og Europa.

I andre tilfelle blir Noreg og Europa oppfatta som meir stabile storleikar som både kan og bør ta imot og hjelpe dei menneska som kjem til nasjonen eller verdsdelen. Dette kan ein til dømes sjå når Audun Lysbakken skriv at "Europa er egentlig fullt *i stand* til å håndtere flyktningkrisen" (Lysbakken, 2015, s. 6, mine kursiveringar).<sup>54</sup> Europa blir ikkje framstilt som ein storleik som må beskyttast, han kan og bør hjelpe dei som treng det.

Desse to ulike forståingane er likevel ikkje jamt distribuert i tekstane eller i analysen, det finst fleire døme på metaforiske uttrykk der det blir ytra ei bekymring for Noreg og Europa si notid og framtid som følgje av innvandring.

---

<sup>54</sup> Sjå kapittel 5.3.3 for analyse av dette metaforiske uttrykket i sitatet.

#### **6.4.4 Korleis blir metaforane brukt til å kommunisere vanlege argument?**

I kapittel 1.3 presenterte eg vanlege argument for og imot opne grenser i eit land, og no vil eg gå litt nærare inn på i kva grad dei metaforiske uttrykka i materialet bidrar til å kommunisere desse argumenta. Det finst få døme i materialet på at forfattarane som tar til orde for ein liberal innvandringspolitikk bruker metaforar for å kommunisere argument for opne grenser, men i fleire av tekstane kan ein hevde at ein kan finne argumentet om kosmopolitisk egalitarisme (sjå kapittel 1.3) når dei argumenterer for at Noreg skal ta imot menneske på flukt fordi vi har høve til å ta vare på dei, i motsetnad til landet dei kom frå. Da kan menneska på flukt få ein sjanse til å få eit godt liv i Noreg. I nokon tilfelle bruker dei metaforar for å kommunisere dette argumentet, i andre tilfelle ikkje. Eit døme kan vere når Jan Egeland argumenterer for at ”vi skal trappe opp både hjelp og mottak av mennesker i ytterste nød når behovene vokser” (2015, s. 48). Menneske frå andre delar av verda er i nød, og da bør vi *trappe opp hjelpa*.<sup>55</sup>

Eit anna argument som ein kan hevde blir kommunisert gjennom metaforiske uttrykk, er retten til fri ferdsel (sjå kapittel 1.3). Eit døme kan vere når Rune Berglund Steen skriv: ”Regjeringen etterlater et inntrykk av at det å kaste folk ut er deres prioriterte oppgave [...]” (2015, s. 41).<sup>56</sup> Når regjeringa *kaster folk ut* av Noreg, får ikkje desse menneska sjølv bestemme kor dei skal ferdast, dei blir fråtatt ein av rettane sine.

Ei mogleg årsak til at det ikkje finst mange døme på at metaforane blir brukt til å kommunisere argument for opne grenser, kan vere at tekstane til dei liberale forfattarane generelt vier meir plass til å kritisere restriktiv innvandringspolitikk enn å argumentere for ein liberal innvandringspolitikk. Eit døme på dette kan vere når Rune Berglund Steen skriv: ”Selvsagt har staten enhver anledning til å skaffe husly selv – men da blir det mindre penger å bruke på retur” (Steen, 2015, s. 41).<sup>57</sup> Her kan ein hevde at omgrepssmetaforen INNVANDRARAR SOM GODS bidrar til å skade legitimeten til ein restriktiv innvandringspolitikk, fordi *staten* (som i dette tilfellet kan referere til restriktive politiske parti) tenker meir på å *returnere* menneske til heimlanda, enn å finne bustad til dei i Noreg.

I motsetnad til tekstane som argumenterer for ein liberal innvandringspolitikk, finst det fleire døme på at dei restriktive forfattarane bruker metaforiske uttrykk for å kommunisere typiske argument for lukka grenser. Dei to mest dominante argumenta er dei som handlar om

---

<sup>55</sup> Det metaforiske uttrykket i setninga til Egeland er ikkje med i analysen, men kan vere døme på omgrepssmetaforen MEIR SOM OPP, der meir hjelp og mottak av fleire menneske, blir forstått som ei auking i høgde.

<sup>56</sup> Sjå kapittel 5.1.2.1 for analyse av det metaforiske uttrykket i sitatet.

<sup>57</sup> Sjå kapittel 5.1.2.2 for analyse av det metaforiske uttrykket i sitatet.

at innvandring kan vere ei stor økonomisk byrde og det som handlar om å verne velferdsstaten. Døme på det første argumentet kan vere når Hege Storhaug skriv: ”Tjener verden på at Europas verdier og økonomi kan gå ned på knærne?” (2015, s. 14).<sup>58</sup> Her blir innvandring til Europa oppfatta som noko som kan få store negative konsekvensar for økonomien i forskjellige europeiske land.

Eit døme på metaforbruk i samband med argumentet om å verne velferdsstaten kan vi sjå i eit utdrag frå teksten til Per-Willy Amundsen: ”Uten en kontrollert innvandring kan selve fundamentet for det norske velferdssamfunnet bli truet” (2015, s. 6).<sup>59</sup> Her kan konsekvensen av ei ukontrollert innvandring til Noreg vere utfordringar for den norske velferdsstaten.

I tillegg kan ein hevde at metaforiske uttrykk fleire stader blir brukt for å argumentere for at ein må sette realisme over moralisme. Fleire av dei restriktive forfattarane kritiserer liberale politikarar si moraliseringe tilnærming til innvandringspolitikken, og argumenterer for at ein må klare å halde hovudet kaldt, og sjå realistisk på kva konsekvensar innvandring til Noreg faktisk kan få. Eit døme på dette kan ein finne hos Carl. I Hagen når han skriv: ”Fortsatt er det dessverre slik at det er bedre å tenke og resonnere med hjernen, enn å la følelsene og hjertet helt overta” (2015, s. 29).<sup>60</sup> Her argumenterer Hagen for å bruke hjernen framfor hjartet i spørsmål om innvandring, altså å tenke realistisk, i staden for å la kjenslene få bestemme kva for ein innvandringspolitikk ein skal føre.

Ein kan altså sjå at dei restriktive forfattarane i større grad enn dei liberale tar i bruk vanlege argument for lukka grenser i dei ulike metaforiske uttrykka i tekstane, og ei mogleg årsak til dette kan vere at dei liberale i større grad argumenterer *mot* ein restriktiv innvandringspolitikk enn *for* ein liberal innvandringspolitikk.

## 6.5 Korleis blir metaforar brukt til å skape eller skade legitimitet?

I denne oppgåva har eg forsøkt å vise korleis omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk om innvandring, innvandrargar, innvandringspolitikk og om Noreg og Europa bidrar til å skape legitimitet for anten ein restriktiv eller ein liberal innvandringspolitikk i Noreg. Analysen har vist at metaforane bidrar både til å skape og til å skade legitimeten til både ein restriktiv og ein liberal innvandringspolitikk. Likevel vil eg hevde at metaforbruken i større grad bidrar til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk enn ein liberal.

<sup>58</sup> Sjå kapittel 5.3.2 for analyse av det metaforiske uttrykket i sitatet.

<sup>59</sup> Sjå kapittel 5.1.1.4 og 5.1.3.1 for analyse av dei metaforiske uttrykka i sitatet.

<sup>60</sup> Sjå kapittel 5.2.4 for analyse av det metaforiske uttrykket i sitatet.

Dei aller fleste omgrepssmetaforane og metaforiske uttrykka med INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene bidrar til å forme eit negativt bilet av desse storleikane. Når menneske som kjem til Europa frå andre verdsdelar blir forstått som ei homogen gruppe i staden for enkeltindivid, og i nokon tilfelle som ulike ”ting” i staden for menneske, kan behovet for å hjelpe dei bli skjult, medan moglegheita for å handsame dei som ting (til dømes som gods ein kan sende og returnere) blir framheva. Når ”tinga” dei blir oppfatta som vidare kan opplevast skremmande og truande, kan det bidra til å skape legitimitet for politikk som kan hindre desse ”tinga” frå å kome til Noreg og Europa. Ei liknande tankerekke kan ein finne hos Charteris-Black, som etter metaforanalysen konkluderer med at: ”What both ‘disaster’ and ‘container’ metaphors have in common is that they discourage empathy with immigrants by treating them as objects, rather than as the subjects of life stories” (2006, s. 569).

I tillegg er det mange av dei metaforiske uttrykka som handlar om Noreg og Europa som presenterer eit bilet av innvandring som noko som kan skade Noreg og andre nasjonar i Europa. Det kjem fram at Noreg og Europa må beskyttast frå innvandring, og det kan ein i større grad gjere med ein restriktiv enn ein liberal innvandringspolitikk.

Det finst òg omgrepssmetaforar og metaforiske uttrykk om innvandring, innvandrargar, Noreg og Europa som bidrar til å skape legitimitet for ein liberal innvandringspolitikk i Noreg, men desse er mindre dominerande i analysematerialet enn dei som bidrar til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk.

## 6.6 Konklusjon

Oppgåva har vist kva metaforar ein kan finne i tekstar skrivne av ulike politiske aktørar. Tekstane er skrivne i ein politisk diskurs om innvandring og dei politiske aktørane kan sjåast som representantar for både ein restriktiv og ein liberal innvandringspolitikk. Ein kan finne metaforiske uttrykk i alle tekstane som har blitt analysert i oppgåva, og det finst både likskapar og forskjellar i kva metaforar ein kan finne og kva rolle dei speler i tekstane.

Både dei politiske aktørane som tar til orde for ein restriktiv innvandringspolitikk, og dei som er tilhengarar av ein meir liberal politikk på området, bruker metaforar for å kritisere innvandringspolitikk dei ikkje er einige i. Ein kan òg finne døme på at Noreg og Europa blir forstått ved hjelp av meir konkrete kjeldedomene i alle tekstane. I tillegg kan ein finne omgrepssmetaforar med INNVANDRING eller INNVANDRARAR som måldomene i ni av ti tekstar, men det finst likevel fleire døme på desse omgrepssmetaforane i tekstane som er skrivne av politiske aktørar som er tilhengarar av ein restriktiv innvandringspolitikk.

I tillegg til å finne ut kva for metaforar ein kan finne, har eg òg vist korleis metaforane blir brukt til å skape legitimitet for anten ein restriktiv eller ein liberal innvandringspolitikk i Noreg. Sidan alle dei politiske aktørane bruker plass på å kritisere politikk dei ikkje er einig i, kan ein seie at dei indirekte skapar legitimitet for den politikken dei er tilhengarar av ved å skade legitimeten til den politikken dei ikkje er tilhengarar av. Likevel vil eg hevde at metaforane ein kan finne i analysematerialet i større grad bidrar til å skape legitimitet for ein restriktiv innvandringspolitikk enn ein liberal innvandringspolitikk, fordi ein stor del av dei metaforiske uttrykk i materialet er med på å forme eit negativt bilet av innvandring til Noreg og Europa. Dei politiske aktørane som tar til orde for ein liberal innvandringspolitikk i tekstane sine er med på å styrke denne forståinga ved at dei ikkje lausriv seg frå desse metaforane.

I oppgåva har eg valt ei kvalitativ tilnærming i analysen. Analysematerialet består av relativt få tekstar som eg har gjort nærlesingar av. Det ville vore interessant å gjere ein meir kvantitativ analyse med eit større korpus og sjå om ein kan finne tilsvarande resultat med andre metodar. Det ville òg vore interessant å ikkje berre analysere tekstar skrivne av politiske aktørar, men òg tatt med tekstar skrivne av journalistar og privatpersonar (til dømes i kommentarfelt eller på sosiale medium). Om ein finn dei same metaforane i tekstar skrivne av andre personar enn politiske aktørar, kan ein kanskje ha høve til å seie noko om retorikken og språkbruken til politikarar er felles for større språkbrukargrupper.

Til sist kunne det òg vore interessant å gjere ein meir komparativ analyse, til dømes ved å samanlikne funna frå denne oppgåva med tekstar som er skrivne tidlegare eller seinare. Innvandring har lenge vore eit viktig politisk tema, og det kunne vore spennande å sjå korleis metaforbruken har utvikla seg over tid. Eg har til dømes hevda nokon stader at enkelte metaforiske uttrykk kan sjåast som relativt konvensjonelle i språk og tanke, til dømes metaforiske uttrykk innanfor INNVANDRING SOM VATN I RØRSLE. Eg meiner det vil vere av verdi å gå tilbake i tid og sjå på utviklinga til omgrepmetaforar som denne, for å sjå på omfanget av dei og utviklinga deira.

## Litteratur

### Primærlitteratur

- Amundsen, P-W. (2015, 11. september). Hodeløs innvandringsnaivitet. *Nordlys*, s. 6, del 2.
- Egeland, J. (2015, 24. desember). Kappløpet mot bunnen. *Bergens Tidende*, s. 48, del 1.
- Hagen, C. I. (2015, 3. september). Flytt asylmottak til Asia og Afrika. *Klassekampen*, s. 29, del 1.
- Listhaug, S. (2016, 10. februar). Asylkrise og realiteter. *Norsk Rikskringkasting*. Henta fra: <https://www.nrk.no/ytring/asylkrise-og-realiteter-1.12795665>
- Lysbakken, A. (2015, 9. desember). Kappløpet mot bunnen. *Dagsavisen*, s. 6, del 1.
- Myrseth, C. (2015, 30. oktober). De nye naboen. *Nordlys*, s. 4-5, del 2.
- Sandberg, P. (2015, 29. Oktober). På tide å tenke konsekvenser. *Bergensavisen*, s. 38, del 1.
- Storhaug, H. (2015, 18. september). Moralisme overstyrer realiteter. *Aftenposten*, s. 14, del 2.
- Steen, R. B. (2015, 16. september). Regjeringens ansvar. *Dagbladet*, s. 41, del 1.
- Valen, S. (2015, 5. september). Hvilken side står du på?. *Klassekampen*, s. 46–47, del 1.

### Sekundærlitteratur

- Antirasistisk senter. (2017, 31. august). Om oss. Henta fra <https://antirasistisk.no/om-oss/>
- Askeland, N. (2010). Metaforar, politisk retorikk og pedagogiske tekstar. I S. V. Knudsen og B. Aamotsbakken (Red.), *Teoretiske tilnærmingar til pedagogiske tekster* (s. 88–106). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Askeland, N. (2015). Metaforer i fagtekster og lærebøker. Retoriske og pedagogiske utfordringer. I E. Maagerø og E. S. Tønnessen (Red.), *å lese i alle fag* (s. 96–118). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergens Tidende. (2017, 30. august). Visjoner, verdier og samfunnsengasjement. Henta fra <https://kundeportal.bt.no/om-bt/visjon-og-verdier/>
- Bergh, J. og Karlsen, R. (2017, 14. november). Drøyt 1 av 4 tenkte på innvandring. *Statistisk sentralbyrå*. Henta fra <https://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/droyt-1-av-4-tenkte-pa-innvandring-da-de-stemte>
- Charteris-Black, J. (2004). *Corpus Approaches to Critical Metaphor Analysis*. New York: Palgrave Macmillan.
- Charteris-Black, J. (2005). *Politicians and Rhetoric. The Persuasive Power of Metaphor*. New York: Palgrave Macmillan.

- Charteris-Black, J. (2006). Britain as a container: immigration metaphors in the 2005 election campaign. *Discourse and Society*, 17(5), 563-581.
- Charteris-Black, J. (2014). *Analysing Political Speeches. Rhetoric, Discourse and Metaphor*. New York: Palgrave Macmillan.
- Chilton, P. (2004). *Analysing Political Discourse. Theory and Practice*. London/New York: Routledge.
- Cienki, A. (2007). Frames, Idealized Cognitive Models, and Domains. I D. Geeraerts og H. Cuyckens (Red.), *The Oxford Handbook of Cognitive Linguistics* (s. 170–187). Oxford: Oxford University Press.
- Cisneros, J. D. (2008). Contaminated Communities: The Metaphor of "Immigrant as Pollutant" in Media Representations of Immigration. *Rhetoric & Public Affairs*, 11(4), 569-601.
- de Caprona, Y. (2013). *Norsk etymologisk ordbok*. Oslo: Kagge Forlag.
- Det Norske Akademi for Språk og Litteratur/Kunnskapsforlaget red. (2018). *Det Norske Akademis Ordbok*. Henta frå <https://www.naob.no>
- El Refaie, E. (2001). Metaphors we discriminate by: Naturalized themes in Austrian newspaper articles about asylum seekers. *Journal of Sociolinguistics*, 5(3), 352-371.
- Evans, V. og Green, M. (2006). *Cognitive Linguistics. An Introduction*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Fairclough, N. (2000). *New Labour, New Language?* London og New York: Routledge.
- Flatseth, M. (2003). Metaforenes makt. I K. L. Berge, S. Meyer og T. A. Trippestad (Red.), *Maktens tekster* (s. 82–106). Oslo: Gyldendal.
- Flyktninghjelpen. (2017, 19. juni). Begreper. Henta frå <https://www.flyktninghjelpen.no/global/statistikk/begreper/>
- FN-sambandet. (2017, 14. november). Flyktninger. Henta frå <https://www.fn.no/Tema/Flyktninger>
- Framstegspartiet. (2017, 21. august). Sylvi Listhaug. Henta frå: [https://www.frp.no/frp-i-regjering/sylvilisthaug?gclid=Cj0KCQjwierMBRCHARIsAHI9i4FWIur0iQ4DZmsxvt1laMJPC3mVXBZys92jEt2YtkEhEFy4kHZ4U0IaAjC8EALw\\_wcB](https://www.frp.no/frp-i-regjering/sylvilisthaug?gclid=Cj0KCQjwierMBRCHARIsAHI9i4FWIur0iQ4DZmsxvt1laMJPC3mVXBZys92jEt2YtkEhEFy4kHZ4U0IaAjC8EALw_wcB)
- Framstegspartiet. (2018, 23. mars). Per-Willy Amundsen. Henta frå <https://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=PTA>

- Furuly, T. og Randen, A. (2017, 9. august). - Hareide sleiker imamer oppetter ryggen. *Norsk rikskringkasting*. Henta frå <https://www.nrk.no/norge/listhaug-i-strupen-pa-hareide-1.13634408>
- Garvik, O. (2017). Asylsituasjonen i Norge 2015 og 2016. I *Store norske leksikon*. Henta frå: [https://snl.no/asylsituasjonen\\_i\\_Norge\\_2015\\_og\\_2016](https://snl.no/asylsituasjonen_i_Norge_2015_og_2016)
- Goatly, A. (2007). *Washing the Brain – Metaphor and Hidden Ideology*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Goatly, A. (2011). *The Language of Metaphors* (2. utg.). New York: Routledge.
- Hagelund, A. (2003). *The Importance of Being Decent. Political Discourse on Immigration 1970-2002*. Oslo: Unipax/Institutt for samfunnsforskning.
- Henriksen, T. H., Berglund, E. L. og Johannessen, I. C. (2015, 6. september). Alans skjebne har skapt giverboom. *Verdens Gang*. Henta frå <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/PMr3z/alans-skjebne-har-skjapt-giverboom>
- Human Rights Service. (2017, 22. august). Islam. Den 11. landeplage. Henta frå: <https://www.rights.no/islam-den-11-landeplage/>
- Human Rights Service. (2017, 22. August). Om HRS. Henta frå: <https://www.rights.no/om-hrs/>
- Kövecses, Z. (2010). *Metaphor. A Practical Introduction*. New York: Oxford University Press.
- Lakoff, G. og Johnson, M. (2003 [1980]). *Metaphors we live by*. 2. Utg. Chicago/London: The University of Chicago Press.
- Li, W. (2016). Rethinking Critical Metaphor Analysis. *International Journal of English Linguistics*, 6(2), 92–98. doi: 10.5539/ijel.v6n2p92
- Mannsåker, H. (2010). "Inn i noko endå djupare". *Metaforbruk om sinnet og stemningslidingar* (Masteroppgåve). Universitetet i Bergen, Bergen.
- Mannsåker, H. (2017). *Schizofrene symptom og splitta sinn. Kritiske metonymi- og metaforanalysar av fagtermar knytte til diagnosen schizofreni i skandinaviske lærebøker i psykiatri* (Doktoravhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.
- Mudde, C. (2007). *Populist Radical Right Parties in Europe*. Cambridge: Cambridge University Press.
